



Konsekvensutgreiing av innspel til endra arealbruk

Kommuneplanen sin arealdel 2025-2036



FOTO: KNUT OLAV FORGARD

Dato: 21.02.2025

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Kva for område skal bli utgreia	3
1.2	Nullalternativet	3
2	Metodikk	4
3	Datagrunnlag	6
4	Overordna føringar	8
4.1	Overordna arealstrategi	8
4.2	Utbygging av fritidsbustadar	8
4.3	LNf spreidd utbygging	8
5	Konsekvensutgreiing	9
5.1	Oppsummering	9
5.2	Bygningar og anlegg	12
5.2.1	Bustader	12
5.2.2	Fritidsbustader	32
5.2.3	Friluftsområde	42
5.2.4	Fritids- og turistformål	46
5.2.5	Råstoffutvinning	58
5.2.6	Næringsverksemd	74
5.2.7	Idrettsanlegg	86
5.3.1	Kombinert bygg- og anleggsformål	96
5.3.2	Andre typar bygningar og anlegg	102
5.4	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	114
5.4.1	Parkering	114
5.5	Landbruks-, natur- og friluftsområde	124
5.5.1	LNf spreidd fritidsbustad	124
5.6	Bruk og vern av sjø og vassdrag	128
5.6.1	Småbåthamn	128

1 Innleiing

Plan og bygningslova § 4-2 stiller krav om konsekvensutgreiing av nye utbyggingsområde i kommuneplanen. Konsekvensutgreiinga skal svare på spørsmål knytt til lokalisering og arealformål.

Utgreiinga skal få fram:

- viktige miljø- og samfunnsverdiar i dei føreslåtte utbyggingsområda
- verknadane utbygginga kan få for desse verdiane
- kva som kan gjerast for å avbøte negative verknadar

Kvart enkelt tema i konsekvensutgreiinga skal bli vurdert for seg sjølv, og kan i utgangspunktet gi ein så negativ påverknad at forslaget ikkje bør bli lagt fram i kommuneplanen. Omfanget av konsekvensutgreiinga i det enkelte området vil mellom anna vere avhengig av konfliktnivå, omfanget av konfliktfulle tema og storleiken på området.

Vurdering av verknadane av endra arealbruk blir gjort av ei tverrfagleg samansett gruppe og baserer seg på kommunen sin fagkompetanse.

Meir detaljerte forhold som for eksempel utforming og detaljtilpassing av utbygginga til omgivnadene, er det naturleg å avklare ved seinare detaljregulering.

1.1 Kva for område skal bli utgreia

Jf. rettleiar «Konsekvensutredninger kommuneplanens arealdel» er det krav om konsekvensutgreiing av arealdelen ved:

- Nye område avsett til utbyggingsformål med arealformål nr. 1, 2, 4, 5 og 6 (jf. plan- og bygningslova § 11-7) der underformål og føresegner opnar for utbygging. Det vil seie at utbygging kan inngå i alle arealformål unnateke grønstruktur (naturområde, turdrag, friområde og parkar).
- Endra utbyggingsformål (for eksempel frå næring til bustad eller fritidsbustader, frå råstoffutvinning til næring).
- Opning for spreidd utbygging i LNF-område.
- Bandlegging etter plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd d) kan vere omfatta av utgreiingsplikt dersom formålet er å sikre areal med tanke på seinare utbygging.
- Endring i utfyllande føresegner kan også medføre utgreiingsplikt. Dette kan for eksempel gjelde der dei utfyllande føresegnene for eit område gir endra ramme (tal på bygg) for spreidd bustad-, nærings- eller fritidsutbygging, andre kriterium for lokalisering av ulik utbygging, rammer for utforming, utnytting, funksjonskrav med meir av bygg, anlegg og arealbruk i gjeldande byggesone, utan at formålet eller avgrensinga for sona blir endra.

1.2 Nullalternativet

Eit presist samanlikningsgrunnlag er nødvendig for å vurdere konsekvensane av ein plan eller eit tiltak. Nullalternativet er forventa situasjon i influensområdet dersom planen eller tiltaket ikkje blir gjennomført. Det tek utgangspunkt i dagens miljøtilstand og skildrar den mest realistiske utviklinga av utgreiingsområdet.

Hensikta med å utarbeide nullalternativet er å:

- tydeleggjere realistisk utvikling i utgreiingsområdet som ikkje blir tillagt den aktuelle planen eller tiltaket.
- etablere eit presist samanlikningsgrunnlag for konsekvensar av planen eller tiltaket.

For å beskrive nullalternativet må det bli fastsett eit samanlikningsår. Samanlikningsåret er her sett til 2036 sidan det er horisonten til kommuneplanen sin samfunnsdel. Det er også forventa horisont på utviklinga av utbyggingsområda.

2 Metodikk

Metodikken for å vurdere konsekvensane av utbyggingsområda følgjer ein generell trinnvis framgangsmåte:

Trinn1:

Avgrønsing av utgreiingsområdet og eventuelt influensområde, avhengig av utbyggingsformål og kva for utgreiingstema som blir studert. Eventuell inndeling av området i formålstenlege delområde, avhengig av tema, kompleksitet og det aktuelle området.

Trinn 2:

Verdien til området blir vurdert på bakgrunn av innsamla data og inndelinga i delområde. Med verdi er det meint ei vurdering av kor verdfullt eit område eller eit miljø er.

Det bør alltid gå tydeleg fram av materialet korleis verdivurderinga er gjort, og kva kriterium som har lege til grunn for vurderinga, slik at verdisettinga blir etterprøvbar. For dei temaa der det finst omforeinte verdikriterium, blir desse nytta.

Trinn 3:

Omfanget (påverknaden) av det som blir planlagt å skje i området, blir vurdert i forhold til nullalternativet, som svarer til sannsynleg utvikling av området utan utbygginga. Med omfang er det meint ei vurdering av kva for endringar tiltaket er venta å medføre for dei ulike miljøa eller områda, og graden av denne endringa.

På overordna plannivå vil omfanget av ei utbygging i hovudsak blir fastsett av verdiane som blir rørt ved den aktuelle lokaliseringa og av arealformålet, eventuelt med tilhøyrande planføresegn som angir mogeleg utnytting. Omfanget av utbygginga kan variere for kvart tema.

Utgreiinga skal skildre både dei verknadene som følgjer av sjølve arealbeslaget og dei verknadene utbygginga har for influensområdet.

Trinn 4:

Konsekvensane av det føreslåtte utbyggingsområdet for eit gitt tema, kjem fram ved å samanstillje vurderingane av verdien til området med utbygginga sin omfang. Det viktige her er i kor stor grad dei definerte verdiane for det aktuelle temaet blir påverka av utbygginga. For å kunne samanlikne konsekvensar av fleire utbyggingsforslag, er konsekvens for dei einskilde temaa gradert etter ein lik skala.

Gradering av konsekvens	Positiv (+/++/+++)
	Liten negativ (-)
	Middels/Stor negativ (--/---)
	Ubetydeleg (0)

Verdivurderinga er delt inn i ein tre-delt skala: liten, middels og stor.

Omfangsvurderinga er basert på ein fire-delt skala: Positiv, Liten negativ, Middels/stor negativ og ubetydeleg.

Konsekvensvurderinga er basert på ein 7-delt skala: stor positiv (+++) konsekvens, middels positiv konsekvens (++) , liten positiv konsekvens (+), ubetydeleg konsekvens (0), liten negativ konsekvens (-), middels negativ konsekvens)-- og stor negativ konsekvens (---).

I tabellane i sjølve konsekvensvurderinga blir konsekvensane vist med fargekode og +, 0 og – som vist i tabellen over. I tillegg blir dette supplert med ein kommentar som forklarar konsekvensvurderinga.

Trinn 5:

Samla vurdering av konsekvens for eit gitt utbyggingsområde blir basert på resultatane av vurdering av konsekvens for dei einiskilde temaa supplert med forhold som fagleg skjøn, lokalkunnskap og eventuelle spesielle forhold ved den aktuelle utbygginga. Det er då viktig at det blir gjort greie for kva vurderingar som ligg til grunn for og er vektlagt i den samla avveginga.

Vektinga bør grunngjevast slik at grunnlaget for vurderingane er etterprøvbare.

Område av nasjonal verdi eller stor regional verdi bør bli vektlagt ved samanstillinga av konsekvensar. Det er også viktig å vurdere forslaga til enkeltområde opp mot måla i kommunen sin strategi for framtidig arealbruk, og synleggjere om forslaga avvik med føringane som gis der.

Trinn 6:

Dei samla verknadane av endring av arealbruk skal bli vurdert jf. KU-forskrifta. Formålet med dette er:

- å gi eit grunnlag for å vurdere utbyggingsforslag og endre planen før offentleg ettersyn, om verknadane av planen samla sett ikkje blir vurdert som akseptable i forhold til miljø og samfunn.
- å gi eit heilskapleg avgjerdsgrunnlag av dei samla verknadane for miljø og samfunn.

Fokus i vurderingane bør av same grunn bli retta mot dei miljø- og samfunnstemaa der utgreiing av enkeltområde har avdekkast største verknadar, eller det er forventast at ei samla vurdering vil avdekke store verknadar.

Dei samla vurderingane bør vere på eit meir overordna og kvalitativt beskrivande nivå enn for enkeltområde. Dvs. at vurderingane blir presentert med ei beskrivande tekst for kvart arealformål eller utgreiingstema.

3 Datagrunnlag

Vurderingane er basert på nasjonale, regionale og lokale faglege databasar. Viktige kjelder med temadata er DOK-data, Vann-nett, miljødirektoratet sine kartløyisingar og Bygland kommune sin kartløyising. I tillegg har administrasjonen i kommunen bidratt med fag- og lokalkunnskap i vurderinga av dei enkelte temaa.

Dei mest sentrale kjeldene er sortert nedanfor i forhold til dei enkelte temaa.

Tema	Datagrunnlag/kjelde
Fysiske forhold	
Landskap og primærnæring Dyrka mark, kulturlandskap, beite, produktiv skog, sand- og grusførekestar, interesser i Otravassdraget.	<ul style="list-style-type: none"> → Lokalkunnskap og fagleg vurdering → Miljødirektoratet – Naturbase → Nibio - AR50, Kilden → AR5 kartdata i kommunen si kartløyising → Grus- og pukkrressurssar
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> → Lokalkunnskap og fagleg vurdering → Miljødirektoratet – Naturbase → Nibio - Kilden → www.artsdatabanken.no → Miljødirektoratet – Sensitive artsdata → Nibio - Miljøregistreringar i skog (MiS)
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> → Riksantikvaren – Askeladden → Riksantikvaren – Kulturminnesøk
Stadkvalitetar Kvalitetar i dei bygde og naturgitte omgjevnadane.	<ul style="list-style-type: none"> → Lokalkunnskap og fagleg vurdering
Blågrøn faktor Vegetasjon og vassareal, forholdet mellom bygde og opne areal	<ul style="list-style-type: none"> → NVE Atlas - Vassdrag → VannNett Portal → Miljødirektoratet – Vassdrag og energi, Skogbruk og fiskeri → Lokalkunnskap og fagleg vurdering
Miljøfaktorar	
Forureining og klimaavtrykk Utslepp til luft, jord og vatn, avfall, lukt	<ul style="list-style-type: none"> → Miljødirektoratet – Forureining og støy, Naturtypar og naturmangfald
Stråling Radon, høgspenning	<ul style="list-style-type: none"> → Miljødirektoratet – Naturfare og aktsemd → NGU – Radon aktsemd → Agder Energi omsynssoner → NVE Atlas - Nettanlegg

Støy og vibrasjonar	<ul style="list-style-type: none"> → Miljødirektoratet – Forureining og støy → Statens vegvesen - Støysonekart → Lokalkunnskap og fagleg vurdering
Luftkvalitet Svevestøv, biltrafikk	→ Luftforureining – lokalkunnskap
Sosiale faktorar	
Området sin attraktivitet Bumiljø generelt, tilgang til tenester, kulturliv, moglegheiter for friluftsliv og idrettsfasilitetar	<ul style="list-style-type: none"> → Lokalkunnskap → Kommunen sine kartløyningar
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel Nettverk, isolasjon og tilhøyrse, nærleik til møteplassar/nærbutikk/ helsestasjon/skule/barnehage	<ul style="list-style-type: none"> → Kommunen sine kartløyningar med avstand til skule/barnehage og sentrumsfunksjonar → Lokalkunnskap
Samfunn og livsstilsfaktorar	
Risiko og sårbarheit Flaum, ras, skred, større ulykker	<ul style="list-style-type: none"> → NVE Atlas – Naturfare → Skredrapport for planområdet → Kommunen si flaumsonekartlegging
Teknisk infrastruktur Vegar, fiber, straumforsyning, vatn og avlaup, branntryggleik	<ul style="list-style-type: none"> → Kommunen sine kart med vatn- og avløpsnett → NVE Atlas - Nettanlegg → Lokalkunnskap og fagleg vurdering
Mobilitet/Kortreist kvardag Gang- eller sykkelforbindingar skule, barnehage og arbeid	<ul style="list-style-type: none"> → Statens vegvesen – Vegkart → Agder kollektivtrafikk – Kollektivruter → Kommunen sine kartløyningar med avstand til skule/barnehage og sentrumsfunksjonar → Lokalkunnskap
Naturområde og friareal Moglegheit for rekreasjon, leikeplass, friluftsliv og fysisk aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> → Kommunen sine arealplanar → Miljødirektoratet – Naturbase, Naturvernområde → Lokalkunnskap
Transportbehov Tilgang og frekvens, auka sykkel/gange?	<ul style="list-style-type: none"> → Statens vegvesen – Vegkart → Agder kollektivtrafikk – Kollektivruter → Kommunen sine kartløyningar med avstand til skule/barnehage og sentrumsfunksjonar → Lokalkunnskap
Konsekvensar for næringsliv Arbeidsplassar og verdiskaping	→ Lokalkunnskap og fagleg vurdering

4 Overordna føringar

4.1 Overordna arealstrategi

Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld ein overordna arealstrategi som er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen. Arealstrategien angir hovudprinsippa for den langsiktige arealbruken og arealforvaltninga. Arealstrategien ligg til grunn for vurdering av om forslag til endra arealbruk er i samsvar med overordna arealprinsipp. Konsekvensutgreiinga vart gjort i 2023 og er basert på kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032. Det er vurdert at endringane i arealstrategiane i ny samfunnsdel ikkje krev ny konsekvensutgreiing. I konsekvensutgreiinga blir det vist til følgjande arealstrategiar:

1. Tilrettelegging for ein aktiv kvardag gjennom å bevare grøntområde, legge til rette for friluftsliv og sikre gode aktivitetsarenaer for menneske i ulike livssituasjonar/-fasar.
2. Spesielt i strandsona er det viktig å vektlegge natur- og kulturmiljø, anledning for friluftsliv, bevaring av landskap og vassdragmiljø, samstundes som bygder og grendelag får utviklingsmoglegheiter.
3. Etablere og utvikle uformelle møteplassar og lågterskel-tilbod som nærmiljøanlegg og leikeplassar, spesielt for born og unge.
4. Setje fokus på å bevare og utvikle Bygland kommune sin historie og kulturarv.
5. Utvikle to sentra, Bygland og Byglandsfjord, og støtte opp om initiativ i bygdelaga.
6. Legge til rette for ein variert landbruksstruktur med små og større bruk. Beite- og utmarksressursane skal kunne utnyttast også i framtida.
7. Skape attraktive sentrumsområde for innbyggjarar, tilreisande og næringsdrivande innanfor handel og service gjennom å legge til rette for aktivitet i eksisterande bygningsmasse, attraktivitet, trivsel og miljøomsyn.
8. Sikre tilgang til attraktive næringsareal og kontorlokale for leige og sal. Nye utbyggingsareal skal i størst mogleg grad lokaliserast til eksisterande tettstadar og bygder, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.
9. Ved planlegging av nye bustadområde eller anna utbyggingsareal, skal det leggest til rette for miljøvennleg transport, og tilgang på gang-, sykkelveg og trygg skuleveg.
10. Framtidig arealplanlegging må ha fokus på samfunnstryggleik og ta høgde for faktorar som auka flaum og skredfare, hyppigare ekstremvær, samt auka klimapåverknad på bygg og infrastruktur.
11. Arealplanlegginga skal legge til rette for eit minimum av dispensasjonssaker og følgje ønska samfunnsutvikling og vere tilpassa denne.

4.2 Utbygging av fritidsbustadar

I gjeldande kommuneplan 2011-2022 er det avsett ca. 21 000 mål til framtidig fritidsbustadområde i følgje den digitale løysinga Arealregnskap Agder 2022. Ein stor del av areala ligg i heieområda i urørt natur og med avstand til infrastruktur. Ei utbygging i desse områda vil generere auka motorferdsel i utmark. I gjeldande reguleringsplanar er det ein reserve på ca. 550 hyttetomter. Denne tomtereserven dekkjer kommunen sitt behov i stor grad.

Bygland kommune ønskjer å satse på utvikling rundt Byglandsfjorden og bygge på kvalitetane som ligg i bygdene og grendelaga. I tillegg blir det opna opp for enkelthytter i inngrepsnær natur på heia.

Med dette som grunnlag vel vi å ta ut av planen dei områda som er avsett til fritidsbustad og ikkje er påbegynt eller ferdig regulert i heieområda. Gjeldande område avsett til fritidsbustad langs Byglandsfjorden/Otravassdraget blir tatt med i planen.

4.3 LNF spreidd utbygging

Det er mange hytter som ligg spreidd i kommunen, og å gjennomføre ein heilskapleg gjennomgang av desse vil krevje mykje ressursar. Det er ikkje rom for å gjere det i dette planarbeidet.

LNF spreidd bustad var tenkt tatt med i planarbeidet, men det er valt å spele inn dette arbeidet til vurderinga av revidering av kommuneplanen sin arealdel i neste valperiode. Grunngevinga er også her at det er eit prosjekt i seg sjølv og krev mykje ressursar ved ein heilskapleg gjennomgang.

5 Konsekvensutgreiing

5.1 Oppsummering

Det vart gjennomført konsekvensutgreiing av ny eller endra arealbruk (private og kommunale) i 2023. Det er konkludert med at kunnskapen som vart lagt til grunn da, framleis er gjeldande. Det er etter fagleg vurdering endra konklusjon på innspel 81/37 Storestraumen til 2. gongs høyring.

I tabellen under er alle eksterne arealinnspel som vart vedteke skal bli konsekvensutgreia i silingssaka styringsgruppa behandla i møte 29.03.2022 (sak 6/22) . I tillegg er dei kommunale arealinnspela som er konsekvensutgreia, med.

Politisk behandling og mekling etter 1. gongs høyring har resultert i endringar i planforslaget. Det gjer til at innspel med positiv innstilling frå konsekvensutgreiinga ikkje nødvendigvis er med i planforslaget og omvendt.

Tabellen syner anbefalinga frå konsekvensutgreiinga:

Grøn – innspelet er anbefalt teke inn i arealdelen

Raud – innspelet er IKKJE anbefalt teke inn i arealdelen



Område	Formål	KU-nr og namn	Kommentar	Anbefaling
B01	Bustad	49 – Grendi	Auka busetting blir vurdert som viktigare enn eventuell dyrkings- og beitemark.	Grøn
B02 SH01	Bustad/Småbåthamn	91-Lauvdal	Vidareføring av arealformål bustad i strandsoneplanen. Nytt formål for båthamn.	Grøn
-	Bustad	98 - Sandnes	Auka busetting blir vurdert som viktigare enn dyrka mark. Omsyn til nærleik til eksisterande infrastruktur.	Grøn
B04	Bustad	101 - Vassend	Utfordrande med tanke på VA-infrastruktur.	Grøn
-	Bustad	102 – Frøysnes	Naturfare.	Grøn
B06	Bustad	108 – Bygland sør	Utviding av tidlegare regulert bustadfelt.	Grøn
-	Bustad	140 – Byglandsfjord sør	Ingen teknisk infrastruktur. Krav om g/s-veg.	Grøn
-	Bustad	107 – Lauvdalsodden	Grunneigar ønskjer ikkje endra arealbruk.	Raud
-	Bustad	130 – Nese	Kulturminne. Utfordrar dyrka mark.	Raud
B08	Bustad	168 – Jordalsbø	Ingen teknisk infrastruktur.	Grøn
FB01	Fritidsbustad	22 - Likferdsodden	Sikker avkøyrsløse frå rv. 9 og parkeringsplass.	Grøn
-	Fritidsbustad	51 – Langeid	Konflikt med nasjonalt villreinområde. Utnytte reservane som ligg i gjeldande reguleringsplanar	Raud
FB02 SH02	Fritidsbustad/ Småbåthamn	65 - Søjordet	Naturfare.	Grøn
-	Fritidsbustad	89 – Hovatn	Utnytte reservane som ligg i gjeldande reguleringsplanar.	Raud
FB03 SH03 SH04	Fritidsbustad/ Småbåthamn	91 – Lauvdal	Mogleg interessekonflikt grunna nærleik til område avsett til bustad.	Grøn
LNF	Friluftsområde	86.1 – Storestraumen	Ta omsyn til eksisterande leirduebane. Friluftsmål som er ein del av LNF.	Grøn
LNF	Friluftsområde	86.2 – Ellingstjønn	Friluftsmål som er ein del av LNF.	Grøn

FTU01	Fritids- og turistformål	66 – Mele	Naturfare.	
FTU02	Fritids- og turistformål	64 – Nånes		
FTU03	Fritids- og turistformål	84 - Lundestøylen	Sjåast i samanheng med FTU01 og FTU02.	
FTU04	Fritids- og turistformål	85 – Gasnes		
FTU05	Fritids- og turistformål	103 – Storestraumen	Tap av produktiv skog. Naturfare.	
FTU06	Fritids- og turistformål	11 - Longeraksstrondi	Ingen teknisk VA-infrastruktur.	
RU01	Råstoffutvinning	44 – Hækni	Fare for forurensing av grunnvatnet. Avgrense – omfatte område mellom rv. 9 og fjellsida.	
RU02	Råstoffutvinning	63.1 – Eislandsmoen	Utfordrar jordvernet.	
RU nåverande	Råstoffutvinning	63.2 - Hæknineset	Utfordrar jordvernet. Ta omsyn til grunnvasstanden. Avgrense – ikkje utviding mot Otra.	
RU03	Råstoffutvinning	78 – Budalen	Vidareføring av eksisterande masseuttak. Ikkje i gjeldande plan.	
RU04	Råstoffutvinning	88 – Hovatn	Utviding av eksisterande masseuttak. Kommunal veg er beresvak.	
RU05	Råstoffutvinning	90.1 – Urdviki	Utviding av eksisterande masseuttak. Fare for forureining av grunnvatnet.	
RU06	Råstoffutvinning	90.2 - Bjånes	Utviding av eksisterande masseuttak. Fare for forureining av grunnvatnet.	
RU07	Råstoffutvinning	129 - Skomemonen	Utnytte resterande råstoff i tilknytting til eksisterande masseuttak.	
NÆ01	Næringsverksemd	26 - Stamsnes	Utvide formålsområdet. Risiko og sårbarheit (brann).	
NÆ02	Næringsverksemd	68 – Bø	Tap av beiteareal.	
NÆ03	Næringsverksemd	127 – Kroknes	Nærleik til friluftsområde.	
NÆ04	Næringsverksemd	40 – Nesmoen sør		
NÆ05	Næringsverksemd	141 – Jørundli	Ingen kommunal infrastruktur.	
NÆ06	Næringsverksemd	128 – Nesmoen aust	Naturfare.	
LNF	Idrettsanlegg	100 - Bygland	Avgrensar skogsdrifta noko. Foreslått formål blir LNF.	
-	Idrettsanlegg	118 - Heistad	Utfordrande snøforhold	
-	Idrettsanlegg	119/149 – Bygland	Utfordrande plassering og snøforhold	
IDR02	Idrettsanlegg	122 – Nesmoen	Utfordrande med nærleik til eksisterande verksemd og fleire registreringar i naturbasa.	
IDR01	Idrettsanlegg	139 - Ellingstjønn	Tap av produktiv skog. Ingen teknisk VA-infrastruktur. Nærleik til hytteområde (støy).	
KBA01 B12	Kombinert bygge- og anleggsformål (bustad/fritidsbustad)	93 - Austadneset	Større utviklingsområde. Rører ved dyrka mark og kulturminne.	
KBA02	Kombinert bygge- og anleggsformål (bustad/næring/ grøstruktur/idrett)	113 – Byglandsfjord	Eit tydeleg skilje mellom bustad og industri er viktig for å unngå konflikt.	
KBA03	Kombinert bygge- og anleggsformål (næring/idrettsanlegg/ friområde)	29 – Kvålsmoen	Ligg nærme idrettsanlegg. Utvide – inkludere 36/29 og heile området mellom vegane. Kombinert formål.	
-	Andre typar bygg og anlegg (tilsigsmagasin for vasskraft)	71 – Gytjønn	Legg beslag på stort areal. INON-område.	



ABA01	Andre typar bygg og anlegg (solkraftverk)	80 – Skjevraak	Konsesjonsbehandling	
-	Andre typar bygg og anlegg (flaumkanal/ vasskraftverk)	81/37 - Storestraumen	Nærleik til kommunalt vassinntak.	
ABA03	Andre typar bygg og anlegg (solkraftverk)	82 – Lyngnes	Beslaglegg produktivt skogsareal.	
ABA04	Andre typar bygg og anlegg (vasskraftverk)	57 - Kvålsåna		
ABA05	Andre typar bygg og anlegg (vasskraftverk)	67 – Sandvatn		
-	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	28 – Haugetveit	Statleg sikra friluftsområde som skal vere off. tilgjengeleg.	
P01	Parkering	105 – Tangen	Sjå storleiken på arealet med omsyn på talet på hytter (dagens og framtidige).	
P02	Parkering	132 – Rakkenes	Utviding av eksisterande område.	
P03	Parkering	135 - Åraksbø	Nøyaktig avgrensing av nærliggande infiltrasjonsanlegg.	
-	Parkering	138 – Åraksbø	Grunneigar ønskjer ikkje endra arealbruk.	
-	LNF spreidd fritidsbustad	31 – Hovatn	Overordna føring om at LNF spreidd ikkje er tatt med i planarbeidet.	
-	LNF spreidd fritidsbustad	93 – Hovatn	Overordna føring om at LNF spreidd ikkje er tatt med i planarbeidet.	
SH05	Småbåthamn	15 – Bø	Gjeld justering av plassering. Ligg i strandsoneplanen.	
SH06 SH07	Småbåthamn	47 – Grendi	Utvide – gjeldande odde og odden på nordsida med formål friområde og båthamn.	
SH08	Småbåthamn	93 - Austadneset		
SH09 SH10	Småbåthamn	135 – Åraksbø		

5.2 Bygningar og anlegg

5.2.1 Bustader

49 – Grendi (B01)		
Gnr/bnr: 58/5 og 58/1	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Grendi		
Dagens formål: LNF		
Foreslått formål: Bustad		
Arealstorleik: 104 300 m ²		
Forslagsstillar: Siri Lande (58/5) og Jørund Greibrøkk (58/1)		
Beskriving av innspelet: Etablering av nytt bustadområde. Talet på einingar er avhengig av godkjent areal og bustadtype.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området er skogsmark med noko innmarksbeite. Det ligg i eit kulturlandskap med gardstun og einebustadar i nærleiken.		
0-alternativ: Området består som det er i dag med moglegheit for nydyrking eller innmarksbeite.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av høg- og middels produktiv skogsmark og litt innmarksbeite. Området kan vere aktuelt som innmarksbeite eller dyrkingsareal.
Naturmangfald	-	Tap av skogareal og reduserte kantsoner mot innmark. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Flott natur, fredeleg område, flott utsikt. Grei pendleavstand både nordover og sørover.
Blågrøn faktor	-	Kantsoner mot bekk og innmark bør oppretthaldast/etablerast. Søråni (021-911-R) er registrert i vann-nett som under påverknad av næringsforureining i middels grad. Ytterlegare påverknad bør unngåast. Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending og tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Området ligg i noko avstand frå sentrumsnære føremål som butikk, skule m.v. Transportavstand blir noko utfordra. Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.
Stråling	-	Ikkje i konflikt med høgspent. Moderat til låg førekomst av radon innanfor ca. halve området.
Støy og vibrasjonar	-	Det vil bli noko støy i samband med etablering av området.

Luftkvalitet	-	Fleire bustadar vil generere noko meir biltrafikk i området. Påverknaden vil vere avhengig av talet på nye bustadar.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+	Noko lang avstand til tenester for dei som ikkje har bil. Gode moglegheiter for friluftsliv i nærmiljøet. Lite idrettsfasilitetar i nærområdet, med bilavstand til idrettsanlegg.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Det er grendelagshus og bedehus i nærleiken som blir nytta som møteplassar. Der er det også ein leikeplass. Køyreavstand til daglegvarebutikk, skule/barnehage og andre sentrumsfunksjonar. Det går skulebuss frå området i dag. Det er tett på bygdemiljø som ein kan ta del i. Det er tilgang på skogsområde og heieområde. Byglandsfjorden ligg i gangavstand.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Ikkje naturfare, men flaum langs bekk/vassdrag må avklarast i plan.
Teknisk infrastruktur	+	Det må stillast vilkår om tilkopling kommunalt VA-anlegg. Utbygginga er stor og her er relativt korte avstandar til kommunal VA-infrastruktur. Utbyggingsavtale om VA-infrastruktur bør diskuterast. Det eksisterer ein landbruksveg i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	--	Det er ikkje g/s-veg til skule og barnehage. Det er ca. 1,3 km til busshaldplass. Det er ca. 5 km til nærbutikk og ca. 18 km til sentrumsfunksjonar.
Naturområde og friareal	-	Naturområde i nærleiken til eksisterande busetnad blir redusert. Det går ein traktorveg gjennom området. Området er ikkje spesielt viktig som friareal og det er fortsatt god tilgang på friareal i nærområdet.
Transportbehov	-	Det vil bli auka transportbehov. Det er gangavstand til rv. 9 og kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	++	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det vil vere positivt for utviklinga i kommunen å få etablert område for bustadbygging for å imøtekomme ønskje om auka tilflytting. På dette området bør omsynet til eventuelle dyrkings- og beitemark vere underordna. Det er noko avstand til sentrumsfunksjonar, men det vil vere eit positivt bidrag til utviklinga av Grendi bygdelag.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Vurdere områdeavgrensinga og storleik på bustadtomtene Flaum langs bekk/vassdrag, Vassforskrifta §12, tilstrekkelege kantsoner. Teknisk infrastruktur		

91 – Lauvdal (B02)		
Gnr/bnr: 52/3	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Lauvdal/Odden		
Dagens formål: Bustad (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Bustad/fritidsbustad og småbåthamn		
Arealstorleik: 7 600 m ²		
Forslagsstillar: Annlaug L. og Steinar Jacobsen		
Beskriving av innspelet: Sør for Lauvdal ligg Odden og der er det spela inn 1-2 bustadar alt. fritidsbustadar og båtbyggje.		
Beskriving av området: Det er hytter og ein bustad innafør området. Elles er det skogsmark. Den gamle Setesdalsvegen går gjennom området. Området ligg mellom Byglandsfjorden og rv. 9. Området ligg sør for Lauvdal med fleire landbrukseigedomar.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktiv skogsmark av låg til middels bonitet som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	--	Automatisk freda kulturminne ligg innafør området. Avklare med kulturminneavdelinga i fylkeskommunen. Ev. avbøtande tiltak gjennom bruk av føresegner og omsynssoner.
Stadkvalitetar	++	Det er hytter og ein bustad i området frå før. Etablert veg inn i området. Området ligg sørvendt og er lett tilgjengeleg.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Byglandsfjorden bør ivaretaast. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Ved fritidsbustader er det positivt at det ligg inntil vinterbrøyta veg. Ved bustad er det 6 km til kommunale primærtjenester, og det ikkje tilrettelagt for grøn mobilitet. Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.
Stråling	--	Høgspenning går like ved. Denne kan leggast i bakken som avbøtande tiltak Det er ikkje radon innafør området.
Støy og vibrasjonar	--	Delar av området ligg innafør gul støysone (55-65 dB) som krev avbøtande tiltak som støyskjerming.



Luftkvalitet	-	Området ligg nærme rv. 9, men noko høgare enn veglina. Eventuell støyskjerming kan avgrense svevestøv. ÅDT=1900.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+	Naturskjønt bumiljø. Køyreavstand til tenester, kulturliv og idrettsfasilitetar. Lett tilgang på friluftsliv med fjorden og tilgrensande nærmiljø.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	-	Området ligg relativt nærme eksisterande bustadområde. Det er køyreavstand til skule, barnehage og idrettsanlegg. Området ligg nærme fjorden med moglegheiter for bading og båtliv. Det er gode moglegheiter for friluftsliv i nærområdet.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje fare for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred innfor området. Det er liten flaumfare.
Teknisk infrastruktur	--	Området ligg nærme offentleg veg. Det er ingen kommunal VA-infrastruktur i området. Detaljplan må sikre forsvarleg forsyning av drikkevatt og avløpstilhøve. Ei blanding av fast busetnad og fritidsbygningar kan utfordre drift av felles VA-anlegg grunna varierende forbruk av vatn og påslepp avløp.
Mobilitet/kortreist kvardag	--	Det er ikkje g/s-veg til sentrumsfunksjonar og skule/barnehage. Området ligg nærme kollektivtilbod.
Naturområde og friareal	-	Området er allereie prega av fritidsbusetnad/busetnad. Området blir moglegvis i nokon grad nytta av dei har tilhald der. Ei samanblanding av fast busetnad og fritidsbustadar kan gi interessekonfliktar i høve bruk av landbruksareal og ulike behov i kvardagen.
Transportbehov	-	Det blir auka transportbehov. Det er gangavstand til rv. 9 og kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	++	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Alternativt nye bustadområde vil også kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye hytter eller bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 2, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Flere har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i samfunnsdelen sine målsetjingar om auka tilflytting. Området ligg nærme eksisterande grendelag og attraktivt til nærme fjorden. anbefalt at eigedomane på odden går saman om felles VA-løysingar. Det er kulturminne innanfor området i tillegg til høgspenit. Området har difor ein del avgrensingar og omsyn som må tas. Området bør sjåast på i heilskap gjennom ei detaljregulering. Området ligg nærme område med landbruksdrift, men likevel med såpass avstand at ein kan unngå konflikt.		
Konklusjon		
Området inngår i formål bustadområde i strandsoneplanen. Strandsoneplanen sitt formål blir vidareført. Formål for båthamn blir lagt inn i samsvar med innspelet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Kulturminne Høgspenit Støyskjerming Teknisk infrastruktur		

98 – Sandnes (-)		
Gnr/bnr: 32/4	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Sandnes		
Dagens formål: LNF (strandsonenplanen)		
Foreslått formål: Bustad		
Arealstorleik: 10 200 ms		
Forslagsstillar: Olav K. Sandnes og Gro Tove Sandnes		
Beskriving av innspelet: Innspelet om at 2 stk bustadtomter blir vidareført frå strandsonenplanen til kommuneplanen. Innspelet vart også vurdert i arbeidet med strandsonenplanen (vedteke 2016), men innspelet vart ikkje imøtekome.		
Beskriving av området: Området ligg mellom fv 3804 og Åraksfjorden rett nord for Sandnes grendelag. Området består delvis av dyrka mark (ca 3,5 daa).	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag som landbruksareal.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktiv skogsmark høg bonitet og jordbruksareal som er lett tilgjengeleg. Tap av 3 500 m2 dyrka mark.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Bygd areal både nord og sør for området. Området ligg langs Åraksfjorden på vestsida med gode soltilhøve. Området vil inngå som ein naturleg del av Sandnes grendelag. Det er køyreavstand til sentrumsfunksjonar.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Byglandsfjorden bør ivaretaast. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Åraksfjorden.
Miljøfaktorar		



Forureining og klimaavtrykk	-	Det er 10 km til kommunale primærtenester, og det ikkje tilrettelagt for grøn mobilitet. Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.
Stråling	--	Høgspenledning kryssar området. Denne kan leggast i bakken som avbøtande tiltak. Moderat fare for radon.
Støy og vibrasjonar	-	Noko støy og vibrasjonar frå fylkesvegen.
Luftkvalitet	0	Området ligg nærme fv 3804 med ÅDT=100. Det gjev liten påverknad på luftkvaliteten.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	10 km til nærmaste tettstad, og det er køyreavstand til tenester og idrettsfasilitetar. Gode moglegheiter for friluftsliv både på fjorden og på heia.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	-	10 km til nærmaste tettstad, og det er køyreavstand til møteplassar og sentrumsfunksjonar. Området ligg nærme Sandnes grendelag med gode moglegheiter for å delta i det sosiale livet der. Området ligg nærme fjorden med moglegheiter for bading og båtliv. Det er ikkje leikeplass i nærleiken.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Det er snøskredfare, og jord- og flaumskredfare heilt i nord og heilt i sør. Det er ikkje registrert steinsprangfare i området. Naturfare må bli avklart i samband med detaljplanlegging av området. Det er flaumfare i området.
Teknisk infrastruktur	-	Området ligg nært til fylkesveg og straumnett, men høgspennten kryssar arealet ca midt på. Denne må ev. flyttast. Ingen kommunal VVA-anlegg i området. Detaljplan må avklare forsvarlege VVA-løysingar. Avkøyringsløyve til fylkesveg vil vere utfordrande med omsyn til trafikkfare. Eit alternativ kan vere å setje av areal for tilkopling til kommunal veg lengre syd.
Mobilitet/kortreist kvardag	--	Det er ikkje tilrettelagt for grøn mobilitet.
Naturområde og friareal	-	Området fungerer som tilleggsareal til gardsdrift, og er ikkje spesielt nytta til friareal. Busetnaden på Sandnes har gode friareal nærmare bygdelaget og det er enkelt å nytte heia og fjorden.
Transportbehov	--	Spreidd busetnad gir auka transportbehov. Det er ikkje g/s-veg eller kollektivtilbod i området.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 2, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i samfunnsdelen sine målsetjingar om auka tilflytting. Området ligg nærme eksisterande grendelag og attraktivt til nærme fjorden. Det er ein del omsyn som må tas grunna nærleik til eksisterande infrastruktur som fylkesveg og høgspenline, samt flaumfare i Åraksfjorden. Gjennom ei detaljregulering så kan desse omsyna bli teke i vare på ein god måte. Verdien av auka busetting blir sett som viktigare enn tap av dyrka mark. Området ligg nærme område med landbrukseigedomar, men det er ingen av dei som driv aktivt pr i dag.		
Konklusjon		
Planen blir teke med vidare i planarbeidet. Det er krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Naturfare Teknisk infrastruktur Dyrka mark		

101 – Vassend (B04)		
Gnr/bnr: 69/344 og 69/345	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Byglandsfjord, Vassend		
Dagens formål: LNF (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Bustad		
Arealstorleik: 3 400m ²		
Forslagsstillar: Rodrigo Hills (69/344) og Tommy Greibesland (69/345)		
Beskriving av innspelet: Bustadområde etter innspel frå grunneigarane. 2 einingar.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området ligg i tilknytning til eksisterande spreidd busetnad på vestsida av Vassendkilen. Det er fulldyrka.		
0-alternativ: Området består som fulldyrka jordbruksareal.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av fulldyrka jordbruksareal som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Nærområdet består av spreidd busetnad i eit kulturmiljø prega av landbrukseigedomar. Det er kort avstand til sentrumsfunksjonar og kvalitetar som fjord og heieliv. Området ligg på vestsida med gode soltilhøve.
Blågrøn faktor	-	Ingen spesielle omsyn å ta. Kantsone mot jordbruksareal i sør bør oppretthaldast.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Det er gangavstand til kommunale primærtenester langs turveg, g/s-veg og fortau. Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.



Stråling	0	Radon er uavklart og må sikrast i samband med ev. bygging. Ikkje i konflikt med høgspenit.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Kort avstand til tettstad og tenester samt idrettsanlegg. Området ligg nærme Vassendkilen med vassaktivitetar og med enkel tilgang til heia.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Kort avstand til sosiale møteplassar, nærbutikk og oppvekstsenter med sine aktivitetstilbod. Området ligg nærme eksisterande buområde. Det er relativt kort avstand til nærmiljøanlegg på Hampetjønn.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Det er jord- og flaumskredfare. Området er ikkje utsett for flaum frå Otra, Snøskredfare, steinsprangfare må avklarast.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VA-infrastruktur. Har tidlegare fått utsleppstilling, men løyvet er utgått. Vassendkilen er belasta med utslepp frå andre private avløpsanlegg. Toleevna er liten grunna lite utskifting av vassmassar i bassenget. Det bør setjast rekkefølgevilkår om at bygging av bustadar i området ikkje bør skje før det ligg føre tilfredsstillande VA-infrastruktur i området. Vassendkilen er ein viktig badeplass for Byglandsfjord. Vegen inn til området er privat frå rv. 9.
Mobilitet/kortreist kvardag	++	Det er turveg, g/s-veg og fortau til sentrumsfunksjonar. Det er kort veg til kollektivtilbod.
Naturområde og friareal	+	Området blir ikkje nytta som friareal, Den private vegen blir mykje nytta til turgåing, men formålsendinga vil ikkje påverke dette. Badeområdet i Vassend er i nærleiken og det er kort veg til heieområda.
Transportbehov	++	Det er gode moglegheiter for auka sykkel og gange.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Arealplanstrategi, kulepkt 9. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bygging av bustadar i området kan vere utfordrande i høve avløpsforhold, uavklara rastilhøve og jordvern. Desse tilhøva må det finnast tilfredsstillande løysingar før realisering kan skje. Området bør bli sett i samanheng med tilgrensande bustadområde i Strandsoneplanen.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering med rekkefølgevilkår om at bygging av bustadar i området ikkje kan skje før det ligg føre tilfredsstillande VA-infrastruktur i Vassendområdet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Naturfare Teknisk infrastruktur Jordvern		

102 – Frøysnes (-)		
Gnr/bnr: 18/7 og 18/10	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Frøysnes		
Dagens formål: LNF (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Bustad		
Arealstorleik: 3 600 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: Rv. 9 er i prosess med å bli lagt om i området. Det inneber mogleg riving av nåverande bygningar på oversida av vegen. Tilrettelegging for busetnad. 2 einingar.		
Beskriving av området: Området ligg mellom rv. 9 og Åraksfjorden i område med fast busetnad. Det består av dyrka mark.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av fulldyrka jordbruksareal. Tiltaket vil føre til ei fragmentering av kulturlandskapet.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen kulturminne innafor området.
Stadkvalitetar	++	Bygd areal både nord og sør for området. Området ligg langs Åraksfjorden på austersida med noko avgrensa soltilhøve. Området vil inngå som ein naturleg del av Frøysnes grendelag. Det er køyreavstand til sentrumsfunksjonar.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Byglandsfjorden bør ivaretaast. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Åraksfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Det vil vere utslepp i samband med utbygging.
Stråling	0	Det er ikkje høgspenteledning i området. Det er ingen fare for radon.
Støy og vibrasjonar	-	Noko støy frå rv. 9.



Luftkvalitet	--	Området ligg nærme rv. 9 med svevestøv frå biltrafikk.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Området ligg i etablert bygdela og fint til langs fjorden. Det er 13 km til nærmaste tettstad, og det er køyreavstand til tenester og idrettsfasilitetar. Gode moglegheiter for friluftsliv både på fjorden og på heia.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	-	Det er 13 km til nærmaste tettstad, og det er køyreavstand til møteplassar og sentrumsfunksjonar. Området ligg nærme Frøysnes grendela med gode moglegheiter for å delta i det sosiale livet der. Området ligg nærme fjorden med moglegheiter for bading og båtliv. Det er gode moglegheiter for friluftsliv i nærområdet. Det er ikkje leikeplass i nærleiken..
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Det er fare for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Det er flaumfare i området. Naturfare må bli avklart i samband med detaljplanlegging av området.
Teknisk infrastruktur	--	Området ligg nært til riksveg og straumnett. Det er ikkje kommunalt VA-anlegg i området. Detaljplan må avklare forsvarlege VVA-løysingar.
Mobilitet/kortreist kvardag	--	Det er køyreavstand til sentrumsfunksjonar. Det er ikkje tilrettelagt for grøn mobilitet.
Naturområde og friareal	-	Området blir ikkje nytta som friareal. Det er viktig at strandsona blir tatt vare på og at ho framstår tilgjengeleg.
Transportbehov	-	Spreidd busetnad gir auka transportbehov. Det er kollektivtilbod i området.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 2, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdela. Flere har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området er relativt lite og ligg mellom rv. 9 og fjorden med sine byggegrenser og flaumgrense. Dette avgrensar talet på bygningar innanfor området. Bygging i flaumsona krev flaumsikkert bygg. Det er naturfare i området som må bli avklart, og det må eventuelt bli gjort avbøtande tiltak.		
Konklusjon		
Området blir teke med vidare i planarbeidet. Det er krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Naturfare Teknisk infrastruktur		

108 – Bygland sør (B06)		
Gnr/bnr: 47/95, 47/38, 47/55, 47/31, 45/17		<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering: Bygland sør		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen/strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Bustad		
Arealstorleik: 14 900 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
<p>Beskriving av innspelet: Utviding av tidlegare regulert bustadfelt. Fjordnære bustadtomter.</p>		<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
<p>Beskriving av området: Området består av spreidd busetting med landbruksareal og skogareal mellom bustadane. Området ligg på vestsida av Byglandsfjorden med kort avstand til sentrumsfunksjonar.</p>		
<p>O-alternativ: Området består som i dag.</p>		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	---	Tap av jordbruksareal, dyrkbart areal og produktiv skogsmark av høg bonitet som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Området ligg nærme Byglandsfjorden og har gode soltilhøve. Ei fortetting vil medføre ei fragmentering av kulturlandskapet som i dag ber preg av mindre landbrukseigedomar. Det er kort avstand til anna busetnad og sentrumsfunksjonar. Det er lett tilgang på friområde.
Blågrøn faktor	-	Kantsone ned mot rv. 9 bør vurderast. Jordbruksareal bør bli teke vare på. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		

Forureining og klimaavtrykk	-	Utbygging vil medføre delvis nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Det vil vere mogleg å sykle eller gå til barnehage/skule og andre primærtenester.
Stråling	-	Høgspent går gjennom området i aust. Moderat til låg fare for radon.
Støy og vibrasjonar	--	Delar av området ligg innafor gul støysone (55-65 dB) som krev avbøtande tiltak som støyskjerming.
Luftkvalitet	-	Biltrafikk langs rv. 9 vil medføre noko luftforureining. ÅDT=1870.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Gangavstand til alle tenester, idrettsfasilitetar og kulturanlegg. Positivt for helse. Attraktive tomter som ligg nærme eksisterande byggefelt. Nær friluftsområde som Presteneset og kort veg til heia.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Gangavstand til møteplassar, nærbutikk og oppvekstsenter. Positivt for helse og miljø. Området ligg nærme Presteneset med badeområde, tuffepark og volleyballbane. Det er kort veg til heieområda. Det er også relativt kort veg til områdeleikeplass i Prestlidi.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Snøskredfare, jord- og flaumskred fare i delar av området, ikkje steinsprangfare. Avgrensa flaumfare i nordre del av området.
Teknisk infrastruktur	+++	Her er etablert kommunal vassforsyning. Avløpstilrettelegging er under prosjektering. Grunnlagsinvesteringane innan VA vil vere relativt låg, og vurderast som ei naturleg utviding av eksisterande bustadfelt. Det ligg også godt tilrettelagt for tilgang til etablert g/s - veg i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	+++	G/s-veg til skule og barnehage og sentrumsfunksjonar..
Naturområde og friareal	-	Områda bli i liten grad nytta som friområde. Det går ein skogsbilveg på austsida som bli nytta som turveg. Denne vil ikkje bli rørt av tiltaket.
Transportbehov	+++	Det ligg godt til rette for grøn mobilitet. Det er tilgang på kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Arealplanstrategi, kulepkt 9. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Flere har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området er ei utviding av tidlegare regulerte bustadfelt. VA-infrastruktur er like i nærleiken. Gang og sykkelsti er det i umiddelbar nærleik. Gang og sykkelstien manglar gateljos. Etablering av bustadområde i nærleiken av sentrumsfunksjonar er i tråd med målsettingar om ein kortreist kvardag. Endring av formål utfordrar dyrka mark som blir halde i drift.		
Konklusjon		
Forslaget blir teke med vidare i planarbeidet. Formålsavgrensinga blir justert til å ikkje inkludere dyrka mark. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Naturfare Jordvern		

140 – Byglandsfjord sør (-)		
Gnr/bnr: 69/3		<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering: Byglandsfjord sør, Gomoen		
Dagens formål: LNF (kommuneplan)		
Foreslått formål: Bustad		
Arealstorleik: 36 000 m ²		
Forslagsstillar: Gunnar Gakkestad og Hege Kristine Jore Gakkestad		
Beskriving av innspelet: Utvikling av framtidig bustadområde. Innspel frå grunneigar.		
Beskriving av området: Skogsområde på vestsida av rv. 9.		<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktiv skogbruksareal av låg bonitet som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området
Kulturminne og kulturmiljø	-	Futevegen ligg registrert i området, men den har ikkje vernestatus. Det er mogleg å ta omsyn til denne i detaljreguleringsarbeidet. Avklarast med Agder fylkeskommune.
Stadkvalitetar	+	Området ligg noko høgare enn rv. 9 på vestsida av Otra, og har gode soltilhøve og utsikt mot Otra. Nærleiken til veg og tilhøyrande støy frå den kan verke negativt inn på området sin attraktivitet for bustadar.
Blågrøn faktor	-	Økt avrenning kan førekome. Kan avbøtast ved kantsone mot vegen. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		



Forureining og klimaavtrykk	--	Det er 2 km til oppvekstsenter og nærbutikk, og det ikkje tilrettelagt for grøn mobilitet. Utbygging vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.
Stråling	-	Høgspent kryssar delar av området i aust. Positivt med tanke på tilkopling til straumnett. Radonfare er uavklart i delar av området og moderat til låg fare i resten av området.
Støy og vibrasjonar	--	Ein mindre del av området ligg i raud støysone (65-90 dB) og er difor ikkje eigna til etablering av busetnad. Delar av området ligg innafor gul støysone (55-65 dB) som krev avbøtande tiltak som støyskjerming.
Luftkvalitet	-	Området ligg nærme rv. 9. Eventuell støyskjerming kan avgrense svevestøv. ÅDT=3200.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Kort avstand (sykkelavstand) til tettstad/idrettsanlegg, men delvis langs rv. 9. Det går ein tursti frå området til Byglandsfjord. Det er gode moglegheiter for friluftsliv. Positivt for miljø og helse. Området ligg nærme friområde med god moglegheit for friluftsliv. Det er 2 km til leikeplass og nærmiljøanlegg.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Kort avstand (sykkelavstand) til sosiale møteplassar, kulturaktivitetar, nærbutikk og til oppvekstsenteret.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Fare for snøskred i delar av området, ikkje steinsprangfare eller jord- og flaumskredfare i området.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VA-infrastruktur i området. Delar av veg i sør er kommunal. Avkøyrslø føreligg. Dette tiltaket fordrar ei heilskapleg planlegging/prosjektering med omsyn til VVA for Byglandsfjord sør, inkl. Vassendkilen mot kommunegrense. Rekkefølgekrav om VA og g/s-veg før utbygging bør vere vilkår for igangsetting. Utbyggingsavtalar bør vurderast. G/S-veg bør bli etablert.
Mobilitet/kortreist kvardag	-	Det er g/s-veg langs ein del av strekninga til oppvekstsenteret og tettstaden. Det er relativt kort avstand til arbeidsmarkanden på Evje.
Naturområde og friareal	-	Det går ein tursti i ytterkanten av området som det er viktig å ta i vare. Området elles er lite nytta som friområde.
Transportbehov	-	Området manglar g/s-veg til primærtjenester. Det er tilgang på kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Arealplanstrategi, kulepkt 9. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området ligg fint til med god solgang. Det er kort veg til sentrumsfunksjonar på Byglandsfjord og arbeidsmarkanden på Evje. Det er positivt med tilgang på nye bustadområde sør i kommunen med tanke på å auke folketalet. Teknisk infrastruktur manglar i stor grad. Rekkefølgekrav om VA og g/s-veg før utbygging bør vere vilkår for igangsetting.		
Konklusjon		
Området blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering. Rekkefølgekrav om VA og g/s-veg.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Kulturminne og kulturmiljø Støy Naturfare Grøn mobilitet Teknisk infrastruktur		

107 – Lauvdalsodden (-)		
Gnr/bnr: 51/17, 51/14 og 51/12	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Lauvdalsodden		
Dagens formål: LFN (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Bustad		
Arealstorleik: 115 000 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: Utvikling av område med fjordnære bustadtomter.		
Beskriving av området: Odde på sørsida av rv. 9 med stor grad av skogsmark. Området blir nytta til friluftsliv i mindre grad. Det er to hytter innafor området.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktiv skogsmark av middels bonitet som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	--	Det er kulturminne innafor området. Avklare med Agder fylkeskommune si kulturminneavdeling. Avbøtande tiltak gjennom bruk av omsynssone og føresegner.
Stadkvalitetar	++	Odden ligg sørvendt med fin solgang og nærleik til rv. 9. Det er fine strender i området og eit relativt flatt terreng. Det er fin utsikt utover Byglandsfjorden.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Byglandsfjorden bør ivaretakast. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Utbygging vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Det er ikkje lagt til rette for å kunne gå eller sykle til skule/barnehage. Utbygging vil difor generere auka forureining frå biltrafikk.
Stråling	-	Ikkje i konflikt med høgspenline. Radonfare er ikkje avklart. Det må bli ivareteke i planarbeidet og ved bygging.
Støy og vibrasjonar	-	Mindre del av området ligg innafor gul støysone (55-65 dB) som krev avbøtande tiltak som støyskjerming. Alternativt kan arealet bli avgrensa for å unngå støysona.
Luftkvalitet	+	Området ligg i god avstand frå rv. 9, så luftkvaliteten vil ikkje bli påverka.
Sosiale faktorar		

Området sin attraktivitet	++	Naturskjønt område med sykkelavstand til tenester, kulturliv og idrettsfasilitetar. Noko avstand til eksisterande busetnad.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Sykkelavstand til møteplassar, nærbutikk, oppvekstsenter og sentrumsfunksjonar. Positivt for miljø og helse. For dei mindre borna vil det vere behov for biltransport. Det er ikkje leikeplass i området. Etablering av leikeplass vil inngå i detaljregulering. Det er gode moglegheiter for friluftsliv med nærleik til fjorden og til heieområda.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Ikkje naturfare slik som ras, snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. Det er flaumfare i området.
Teknisk infrastruktur	---	Ingen kommunal VVA-struktur i området. Utbygging/tilrettlegging for dette vil krevje store grunnlagsinvesteringar innaføre VA-sektoren. Utbyggingsavtale kan vere eit alternativ.
Mobilitet/kortreist kvardag	--	Ingen g/s-veg.
Naturområde og friareal	--	Området blir noko brukt som friområde både på land og i samband med båtliv. Ei eventuell endring av formål må ta i vare det mest brukte områda.
Transportbehov	--	Utbygging vil generere auka biltransport. Avbøtande tiltak er etablering av g/s-veg. Det er tilgang på kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Arealplanstrategi, kulepkt 2. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Bustadområde bør prioriterast med utgangspunkt i samfunnsdelen sine målsetjingar om auka tilflytting. Området ligg nærme eksisterande grendelag og attraktivt til nærme fjorden. Det er eit kulturminne innanfor området. Ei utbygging vil krevje store investeringar i VA-infrastruktur. Området har difor ein del avgrensingar og omsyn som må tas. Det er noko avstand til sentrumsfunksjonar, så utbygging av g/s-veg ville vere positivt. Området bør sjåast på i heilskap gjennom ei detaljregulering. Grunneigar har fått førespurnad om endra bruk av området. Grunneigar ønskjer ikkje å endre bruken av området.		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje teke med vidare i planarbeidet. Kommunen ønskjer å utvikle område i samarbeid med grunneigarane.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		



130 – Nese (-)		
Gnr/bnr: 35/2	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Bygland, Nese		
Dagens formål: LNF (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Bustad		
Arealstorleik: 8 000 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: Utvikling av område med fjordnære bustadtomter.		
Beskriving av området: Område med dyrkbar jord og ei eldre landbrukssag ligg innanfor området. Området inngår i eit kulturmiljø prega av landbrukseigedomar. Sand- og grusførekomsten Nese utgjer del av området.		
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktiv jord- og skogbruksareal som er lett tilgjengeleg. Sand- og grusførekomsten i området blir utilgjengelege.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	--	Området blir liggjande mellom to automatisk freda kulturminne. Avklare med Agder fylkeskommune si kulturminneavdeling . Avbøtande tiltak gjennom bruk av omsynssone og føresegner.
Stadkvalitetar	++	Attraktivt område for bustadar nærme fjorden. Området ligg sørvendt med god solgang. Det er fine badestrender i nærleiken. Ei utbygging vil føre til ei fragmentering av kulturlandskapet.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Byglandsfjorden bør ivaretaast. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Nedbygging og reetablering av jordbruksareal vil medføre utslepp av klimagassar. Området har kort veg til primærtenerer.
Stråling	-	Ikkje i konflikt med høgspenning, moderat til låg fare for radon.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.

Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Kort avstand til tenester, kulturliv og idrettsfasilitetar. Det er relativt kort avstand til friområdet på Presteneset og til idrettsbanen.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Kort avstand til møteplassar, nærbutikk, oppvekstsenter og sentrumsfunksjonar. Det er god tilgang til friluftsliv med nærleik til Byglandsfjorden og heieområda.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Ikkje fare for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. Det er flaumfare i delar av området. Avbøtande tiltak er flaumsikring av bygningar eller å unngå busetnad i flaumsona.
Teknisk infrastruktur	--	Tiltaket vil krevje VVA-investeringar. Framføring av VA-infrastruktur kan kome i konflikt med kulturminne. Tiltaket vil kunne bidra til å løyse avløpssituasjonen for eksisterande bygningar nord for Kvålsåni.
Mobilitet/kortreist kvardag	++	Det er g/s-veg til oppvekstsenteret og Bygland sentrum.
Naturområde og friareal	-	Strandsona er til dels brukt som friareal. Ei eventuell endring i bruken må ta i vare allmenn tilgang til strandsona.
Transportbehov	++	Det ligg godt til rette for å gå og sykle i kvardagen. Det er tilgang på kollektivtilbod i nærleiken.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Arealplanstrategi, kulepkt 9. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Flere har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området ligg tett på viktige kulturminne og det vil krevje grundig undersøking. Området ligg nærme sentrumsfunksjonar med g/s-veg-forbinding. Kulturlandskapet i området er prega av dyrka areal. Nærleik til landbrukseigedomar kan skape konflikt med omsyn til støy og lukt. Sand- og grusforekost Nese ligg innanfor området. Det er både fordelar og ulemper med dette innspelet, men det blir i sum vurdert som utfordrande å få realisert. Grunneigar ønskjer ikkje å endre bruken av området.		
Konklusjon		
Området blir ikkje teke med vidare i planarbeidet med grunngeving at det utfordrar dyrka mark og kulturminne. Kommunen ønskjer dessutan å utvikle område i samarbeid med grunneigarane.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		



168 – Jordalsbø (B08)		
Gnr/bnr: 43/13	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Jordalsbø		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Bustad		
Arealstorleik: 8 600 m ²		
Forslagsstillar: Harald Moe		
Beskriving av innspelet: Etablering av 2-3 bustader.		
Beskriving av området: Område består av skogsmark. Det er ein garasje/uthus i området. Opprinneleg ein gamal husmannsplass.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
		
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktivt skogsbruksareal av høg bonitet som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Nærleik til skogsområde og fin utsikt. Spreidd busetnad med lite utbygde fellesområde.
Blågrøn faktor	0	Ingen konsekvens.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Utbygging vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. 4 km til primærtenester som skule og barnehage. Ikkje gang og sykkelveg til desse, så det vil gje auka biltrafikk.
Stråling	-	Ikkje i konflikt med høgspenteledning. Moderat til låg fare for radon, viser til TEK 17 § 13-5. OBS på radonnivå på evt. tilkørte massar.
Støy og vibrasjonar	++	Området ligg inntil privat veg til hytteområde som er lite belasta med støy og vibrasjonar. Krav til lydforhold i byggverk som personar skal opphalde seg i går

		fram av TEK 17 § 13-6 jfr. NS 8175:2012.
Luftkvalitet	+++	God luftkvalitet.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Noko avstand til tenester, kulturtilbod, idrettsanlegg og andre idrettsfasilitetar. For mindre born vil det krevje biltransport. Området ligg nærme Tangen med turområde og skiløyper.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	-	Noko avstand til møteplassar, oppvekstsenter, nærbutikk og andre sentrumsfunksjonar. For mindre born vil det krevje biltransport. Området ligg i nærleiken av eksisterande busetnad. Fint område med lett tilgang til heieområda og gode moglegheiter for fysisk aktivitet og rekreasjon.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	++	Det er ikkje naturfare slik som steinsprang, snøskredfare, jord- og flaumskredfare eller flaumfare.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VVA-infrastruktur i området. Det må vere eit krav at 2-3 bustader etablerer fellesanlegg for vatn og avlaup med eksisterande bygg i området. Tilkomsveg mm må bli dimensjonert for framkomst for både ev. slamtømmebil, utrykkingskøyretøy mm. Straumkapasiteten i eksisterande nett er for svak pr i dag for fleire bustadar. Vegrett til nye hus må sikrast på privat veg.
Mobilitet/kortreist kvardag	-	Det er ikkje g/s-veg til oppvekstsenter og Bygland sentrum. Det er tilgang på skuleskiss.
Naturområde og friareal	0	Området er delvis bygd og blir ikkje nytta som friområde. Det er store friområde i områda rundt arealet.
Transportbehov	--	Det er 4 km til sentrumsfunksjonar som vil generere noko meir biltrafikk. Det er ikkje tilgang på kollektivtrafikk i nærleiken utover skuleskiss.
Konsekvensar for næringslivet	+	Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Arealplanstrategi, kulepkt 9. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Tilrettelegging for nye bustadar er positivt med tanke på auke i folketalet og heva standard på bustadar. Området krev tilrettelegging for ny teknisk infrastruktur. Området kan vere attraktivt dersom ein ynskjer å bu litt "landleg", men likevel ikkje for langt i frå Bygland sentrum. Det må bli avklart vegrett og VA-infrastruktur.		
Konklusjon		
Området blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Teknisk infrastruktur		



5.2.2 Fritidsbustader

22 – Likferdsodden (FBO1)		
Gnr/bnr: 54/1	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Likferdsodden		
Dagens formål: LNF (strandsonenplanen)		
Foreslått formål: Fritidsbustad		
Arealstorleik: 2 600 m ²		
Forslagsstillar: Mari Rygg m.fl.		
Beskriving av innspelet: Etablering av fritidsbustadområde (5 stk. hytter). Det ligg ei hytte i området i dag. Eigaren av hytta er kjent med innspelet. Det blir skildra at avkøyring er noko uoversiktleg i dag, og at ein ser for seg at det vil vere behov for detaljregulering.		
Beskriving av området: Området ligg mellom Byglandsfjorden og rv. 9 og består av skogsmark. Det ligg ei hytte i området i dag. Området ligg inntil eksisterande hytteområde både på sørsida og søraustsida.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktivt skogareal. Middels bonitet i området. Tettare bygging vil påverke landskapsbiletet, spesielt frå fjord-sida.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	--	Eit freda gravminne heilt sør i området. Avklaring med Agder fylkeskommune si kulturminneavdeling.
Stadkvalitetar	++	Vakker natur og nærleik til fjorden kan virke positivt for turistnæringa. Området ligg nærme rv. 9 med noko støy frå trafikken. Området har fin solgang og det er kort veg til heia.
Blågrøn faktor	-	Viktig å ta vare på kantsone mot fjorden. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		



Forureining og klimaavtrykk	--	Utbygging vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.
Stråling	-	Ikkje i konflikt med høgspenning. Radonfaren er moderat til lav, nye hytter i området må bli bygd i samsvar med TEK 17 § 13-5.
Støy og vibrasjonar	-	Kan vere aktuelt med støytiltak mot rv. 9, men det kjem an på kor nært det er aktuelt å bygge og kor mykje vegetasjon som blir ståande att som buffer mellom rv. 9 og nye hytter.
Luftkvalitet	-	Fleire hytter i området vil medføre noko meir biltrafikk. Det er likevel i så liten grad at luftkvaliteten vil bli lite påverka. Det vil vere noko svevestøv frå rv. 9. ÅDT=1870.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Området ligg ca 8 km frå sentrumsfunksjonar. Det er gode moglegheiter for friluftsliv i området.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Området ligg nærme eksisterande hytteområde og ca 8 km frå sentrumsfunksjonar. Fint område med lett tilgang til heieområda og gode moglegheiter for fysisk aktivitet og rekreasjon.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Området i aust kan vere utsett for snøskredfare. Elles ikkje steinsprangfare eller jord- og flaumskredfare. Det er noko flaumfare.
Teknisk infrastruktur	--	Med omsyn til trafikk er dette eit uoversiktleg område. Trafikkale tiltak for køyrande og gåande må bli etablert. Det er ikkje kommunalt VA-anlegg i området i dag. Utvikling av området vil krevje ein VA-plan saman med reguleringsplan.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje aktuelt.
Naturområde og friareal	-	Tettare utbygging og privatisering av eit fint område, reduserer ålmenta sin moglegheit for tilgang til strandsona. Det er mogleg hyttene på oppsida av rv. 9 nyttar seg av området når dei skal ned til fjorden. Avbøtande tiltak vil vere å legg til rette for allmenn tilgang til strandsona i detaljreguleringa.
Transportbehov	--	Det er ikkje g/s-veg til sentrumsfunksjonar. Det vil bli auka transportbehov.
Konsekvensar for næringslivet	+	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området ligg inntil eksisterande hytteområde på Rakkenes. Tiltaket kan dekkje eit behov for fortetting og tilrettelegging ved å utnytte fjorden betre i reiselivssamanheng. Dette gjeld 4 nye hyttetomter for sal og medfører difor ytterlegare privatisering av området for ålmenta. Men samstundes er det ei naturleg forlenging av det eksisterande hyttefeltet som ligg like sør. Det er viktig å avklare moglegheit for sikker avkøyrsl frå rv. 9 og parkeringsplass, ev. plassering av veg fram til dei nye tomtene.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Kulturminne og kulturmiljø Teknisk infrastruktur Støy		

51 – Langeid (-)		
Gnr/bnr: 3/4		
Stad/plassering: Kattetjønn, Langeid		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Fritidsbustad		
Arealstorleik: 83 000 m ²		
Forslagsstillar: Sigurd Langeid		
Beskriving av innspelet: Innspelet område til fritidsbustader (83 daa). Det er i dag 2 hytter i området, med ønske om eit tillegg på 5 hytter.		
Beskriving av området: Området består delvis av skog og myr. Det er to hytter innfor området.		
O-alternativ: Området består som i dag.		
Kart med innspelet		
		
Flyfoto med kommuneplanen, heiplanen og innspelet		
		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Detaljreguleringa må avklare nærare dei beste konsekvensane, og den del av feltet som ligg i villreinsona må takast bort. Vil bli meir trafikk av menneske i beiteområdet for sau og storfe.
Naturmangfald	--	Redusert skogareal, men marginale skogressursar som vert rørt. Arealet ligg over verneskoggrensa. Arealet i vest ligg innanfor nasjonalt villreinområde jf. Heiplanen.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Fint område med gode moglegheiter for rekreasjon og friluftsliv.
Blågrøn faktor	-	Kantsoner mot myr og Kattetjønn bør sparast. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvedning da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i nærliggande vassførekomstar.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Utbygging vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Auka transportbehov i utmark for oppsetting av hytte og framtidig tilsyn og bruk av fritidsbustad.
Stråling	0	Ikkje i konflikt med høgspenteleine.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		

Området sin attraktivitet	+++	Gode moglegheiter for friluftsliv.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	-	Liten konsekvens, men ligg ikkje i nærleiken til ekisterande hytteområde eller møteplassar. Gode moglegheiter for rekreasjon og friluftsliv.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Ikkje naturfare slik som snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred eller flaumfare. Vegen inn, vinterstid – har ikkje sjekka om det er rasfare her. Tilkomst for naudetatane vil vere ei utfordring.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VA-infrastruktur i området. Der er nokre hytter i området frå før av. Ev. utviding kan fremje tilrettelegging for hytterenovasjonsbod på parkeringsplass nede i bygda.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er avgrensa og ligg i eit stort naturområde. Tiltaket vil ha liten påverknad på tilgang til friareal.
Transportbehov	--	Det vil bli auka transportbehov. Negativt visst veggen ikkje blir brøyta, og det må nyttast snøskuter eller liknande.
Konsekvensar for næringslivet	+	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Med fokus på arealrekneskap så er det ei målsetting å ta ut formålsområde for fritidsbustad som ikkje er regulert eller påbegynt regulert.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Framstilte areal dekkjer eit relativt lite område som ikkje gir rom for mange hytter. Området ligg ikkje langs vinterbrøyta veg og vil generere auka motorferdsel i utmark. Nye hytter i dette området er i sterk konflikt med nasjonalt villreinområde. Langeidsheiane lengre inne har sterke føringar for bruk av areala, og det vil vere ein føremon å leggje framtidige hyttefelt i bygdeutviklingssona.		
Konklusjon		
Området blir ikkje teke med i det vidare planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

65 – Søjordet (FBO2)		
Gnr/bnr: 48/2	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Søjordet, Vestsida		
Dagens formål: Tenesteyting og bryggje/båthus		
Foreslått formål: Fritidsbustad og småbåthamn		
Arealstorleik: 18 000 m ²		
Forslagsstillar: Vidar Frøysnes		
Beskriving av innspelet: Innspelet om fritidsbustader og bryggje/båthus. Innspelet om at BK bør gjennomføre utgreiing av skredfare nedanfor alle off. vegar.		
Beskriving av området: Området ligg mellom fv 3778 og Byglandsfjorden og består av skogsmark.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
		
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av større skogareal av høg bonitet som er lett tilgjengeleg. Delar av området er tidlegare busetting og dyrka areal.
Naturmangfald	-	Ingen særskilte negative konsekvensar ut over redusert skogareal. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Området ligg fint til ned mot fjorden. Det er austvendt og har difor morgonsol og mindre kveldssol. Området er lett tilgjengeleg frå fylkesvegen.
Blågrøn faktor	-	Bevare kantsoner mot fjord og bekker. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Utbygging vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.

Stråling	-	Radonfare er usikker, og difor ikkje avklart. Ikkje høgspenline i området.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Gode moglegheiter for friluftsliv både på fjorden og i heia.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	-	Lite relevant, men ikkje i nærleiken til ekisterande hytteområde eller møteplassar. Fint område med lett tilgang til heieområda og gode moglegheiter for fysisk aktivitet og rekreasjon.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Området er utsett for snøskredfare, steinsprangfare og jord- og flaumskredfare. Dette må bli avklart i samband med detaljregulering. Det er noko flaumfare i området. Avbøtande tiltak vil vere å bygge flaumsikkert eller å unngå å bygge innafør flaumsona. Nærleiken til fylkesvegen gjev god tilgang for naudetatane ved ei eventuell ulykke.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VA-infrastruktur i området. VVA må inngå i reguleringsplanarbeidet. Nærme offentleg veg.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Det er lite ferdsel i området. Det er helst passering frå fjordsida som vil bli påverka ved utbygging og avgrensa tilgang til strandsona.
Transportbehov	-	Området ligg nærme offentleg veg. Utbygging vil medføre auka transportbehov.
Konsekvensar for næringslivet	+	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
I dag er området avsett som næringsområde med moglegheit for etablering av verksemd og arbeidsplassar. Ei endring av formål til fritidsbustadområde gjev mindre ringverknadar for næringsutvikling. Auka bruk av fjordnære område er i tråd med ønska mål om å ta fjorden i bruk. Det er positivt at området ligg nærme offentleg veg. Innspelet om kommunalt engasjement med omsyn på naturfarekartlegging må bli tatt opp i eiga prioriteringssak på kva område som bør prioriterast.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Naturfare Teknisk infrastruktur		



89 – Hovatn (-)		
Gnr/bnr: 33/3	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Hovatn sør		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Fritidsbustad og skitekk		
Arealstorleik: 1 290 000 m ²		
Forslagsstillar: Knut P. Sandnes og Tor-Inge Sandnes		
Beskriving av innspelet: Innspelet gjeld utviding av hytteområde som ligg i gjeldande kommuneplan (1292 daa). Heile området vart spela inn til gjeldande kommuneplan, men området vart avgrensa til arealet som ligg i planen. Det er også spela inn mogleg etablering av eit mindre skitrekk i området		
Beskriving av området: Området består av fastmark, skogmark og noko myr. Det ligg ved Hovassdammen og det er nokre eksisterande hytter i nærleiken. Ei av dei er innafør området.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	-	Uproduktive skogareal med nokre spreidde furu og bjørketre i nedre del. Det er myr i austre del av området.
Naturmangfald	---	Området ligg innanfor villreinområde i MD sin naturbase, og øvre del av foreslått regulert område ligg innafør nasjonalt villreinområde jf. Heiplanen.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	+++	Området ligg vendt mot vest og har truleg god solgang. Det ligg relativt høgt med utsikt utover Hovatn. Det er fleire hytter i området og området blir mykje brukt både sommar og vinter.
Blågrøn faktor	-	Ivareta kantsoner mot småtjønner, bekkar og myrareal. Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending og tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegnene.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	---	Området er stort og vil medføre nedbygging av natur. Området har ikkje vinterbrøyta veg i dag.
Stråling	---	Høg aktsemdsgrad for radon. Dette må bli ivareteke i reguleringsplanarbeidet. Høgspenlinje 420 kW er lett synleg frå område, men rører ikkje ved det.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens
Sosiale faktorar		

Området sin attraktivitet	+++	Det er gode moglegheiter for friluftsliv. Eit skitrekk vil føre til auka aktivitet og betre folkehelse.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Lite relevant, men det er eksisterande hytter i nærleiken, men det er ca. 5 km til Åraksbø grendelag. Det er gode moglegheiter for friluftsliv og fysisk aktivitet.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Ikkje snøskredfare, steinsprangfare, jord- og flaumskredfare eller flaumfare.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VA-infrastruktur i området. VVA må avklarast i detaljreguleringsplan. Ei større utvikling med hytter og alpinbakke vil krevje vinterbrøyta private vegar. Store trafikkmengder vil også krevje oppgradering av kommunal veg frå Åraksbø til Haugetveit. Utbyggingsavtale kan vere eit alternativ ved ev. realisering i framtida.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	--	Området er relativt stort og det er i nærmiljøet til fritidsbustadar som ligg spreidd. Ei utbygging vil vere godt synleg og avgrense tilgangen til området. Etablering av skitrekk kan skape auka aktivitet og trivsel. Avbøtande tiltak vil vere å plassere fritidsbustadane slik at det er mogleg å nytte areala mellom dei. Det er store friareal i nærleiken av området slik at tilgangen på naturområde fortsatt vil vere god.
Transportbehov	--	Noko auka biltrafikk.
Konsekvensar for næringslivet	++	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Med fokus på arealrekneskap så er det ei målsetting å ta ut formålsområde for fritidsbustad som ikkje er regulert eller påbegynt regulert.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Auka tal på fritidsbeuarar er positivt for lokalt næringsliv. Nordre del av området ligg innanfor leveområdet til villreinen jf. Heiplanen. Formålsområdet bør bli avgrensa til å ligge i bygdeutviklingssona. Det er ei naturleg avgrensing i Jømedalen. Eit skitrekk vil vere ei barriere for dyr og fuglar. Ei fortetting vil leggje til rette for auka motorferdsel i utmark vinterstid dersom vegen ikkje blir vinterbrøyta. Innspelet har ikkje løysing i høve vinterparkering. Området er frå før noko utbygd og eksisterande plangrunnlag er forelda. Det hadde vore ein fordel at ny detaljregulering hadde blitt utarbeidd også utifrå dagens situasjon. Det er ei målsetting i planarbeidet å fjerne fritidsbustadområde på heia som ikkje er regulert eller påbegynt regulert.		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje teke med vidare i planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

91 – Øynesodden (FB03)		
Gnr/bnr: 52/3	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Øynesodden, Lauvdal		
Dagens formål: LNF (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Fritidsbustad og småbåthamn		
Arealstorleik: 37 000 m ²		
Forslagnsstillar: Annlaug L. og Steinar Jacobsen		
Beskriving av innspelet: Innspelet om detaljregulering av 8-10 nye fritidsbustadar og etablering av brygghanlegg og badestrand. Sand- og grusforekomsten Steinmoen utgjer del av området.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området ligg mellom Byglandsfjorden og rv. 9 og består av skogsmark. Området utgjer del av sand- og grusforekomst Steinmoen. Det er ei eksisterande hytte innafor området.		
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktiv skogsmark av middels bonitet som er lett tilgjengeleg. Sand- og grusforekomst i området blir utilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljökvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	--	Eit freda kulturminne ligg innanføre planområde. Avklare med Agder fylkeskommune si kulturminneavdeling. Avbøtande tiltak vil vere gjennom bruk av omsynssone og føresegner.
Stadkvalitetar	+++	Området ligg fint til ved fjorden og det er lett tilgang frå rv. 9. Det er ei hytte i området i dag. Området ligg vendt mot vest med god solgang. Det er enkel tilkomst til heieområda.
Blågrøn faktor	-	Ivareta kantsone mot Byglandsfjorden. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Utbygging vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.
Stråling	--	Høgspenning kryssar delar av området. Avbøtande tiltak vil vere å legge høgspenning i bakken. Radonnivå i grunn er ikkje kartlagt.

Støy og vibrasjonar	--	Delar av området ligg innafør gul støysone. Det kan vere aktuelt med støytiltak mot rv. 9, men det kjem an på kor nært det er aktuelt å bygge og kor mykje vegetasjon som blir ståande att som buffer mellom rv. 9 og nye hytter.
Luftkvalitet	-	Fleire hytter i området vil medføre noko meir biltrafikk. Det er likevel i så liten grad at luftkvaliteten vil bli lite påverka. Det vil vere noko svevestøv frå rv. 9. ÅDT=1870.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Gode moglegheiter for friluftsliv både på fjorden og heia.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Lite relevant, men det er eksisterande busetnad i nærleiken. Det er gode moglegheiter for friluftsliv og fysisk aktivitet.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Ikkje snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskredfare. Det er noko flaumfare. Avbøtande tiltak vil vere å bygge flaumsikkert eller å unngå å bygge i flaunsona.
Teknisk infrastruktur	--	Nært til straumnett og veg. Ingen kommunal VVA-infrastruktur. Detaljplan må sikre forsvarlege VA-løysingar.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området blir i liten grad brukt som friareal. Det er viktig å ta i vare allmenn tilgang til strandsona.
Transportbehov	-	Noko auka biltrafikk. Det er tilgang på kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	+	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Moglegheit for uttak av sand- og grusførekomstar er redusert pga. arrondering mot rv. 9, 22 kV linje, eksisterande hytte og nærleik til Byglandsfjorden. Området ligg nærme eksisterande bygdelag og attraktivt til ved fjorden. Med utgangspunkt i målsettinga om å styrke bygdelaga, så kan området eigne seg til bustad. Avstanden til sentrum er ca. 6 km. Det vil generere biltrafikk. Området ligg nærme område avsett til bustad. Noko som kan generere interessekonfliktar. Det er allereie ei hytte i området og det er ein fordel å ikkje blande bruken dersom det ligg til rette for det.		
Konklusjon		
Området blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Kulturminne Stråling Flaumfare Teknisk infrastruktur		

5.2.3 Friluftsområde

86.1 – Storestraumen (LNF)		
Gnr/bnr: 36/1		
Stad/plassering: Storestraumen		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Friområde og turveg		
Arealstorleik: 87 000 m ²		
Forslagsstilar: Knut William Bygland		
<p>Beskriving av innspelet:</p> <p>Innspelet om klatreområde m. sti og parkering. Det er søkt om vern av skog i det same området, og grunneigar ønskjer ikkje at klatreområdet skal kome i konflikt med eventuelt vern.</p>		
<p>Beskriving av området:</p> <p>Området består av fjell, steinur og skogsmark. Det ligg nærme rv. 9 og fv 3804 med kort avstand til Byglandsfjorden.</p> <p>Området blir nytta til klatring i dag og det er gjort noko merking av sti og klatreområde på privat initiativ. Området ligg nærme dagens leirduebane og det eksisterande massetaket.. Sand- og grusførekomsten Storestraumen utgjer del av området som kan vere aktuelt til parkering.</p>		
<p>0-alternativ:</p> <p>Området blir nytta klatreområde som i dag. Det er moglegvis betre tilrettelagt for parkering slik at ein unngår parkering langs fylkesvegen.</p>		
Kart med innspelet		
Flyfoto med kommuneplanen og innspelet		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Skogarealet er lite tilgjengeleg og små areal vil bli rørt av tiltaket.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar er registrert. Grenser mot miljøfigur i aust.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Området er godt kjent i klatremiljøet som eit attraktivt klatreområde. Området har mindre verdi som rekreasjonsområde sidan det er bratt og vanskeleg tilgjengeleg med mykje steinur. Området ligg i nærleiken til Storestraumen med si samferdselshistorie.
Blågrøn faktor	0	Ingen særskilte omsyn å ta.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tiltaket kan generere noko meir biltrafikk.
Stråling	0	Passerer høgspenning på veg inn i området. Radon er ikkje relevant.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.

Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Området ligg solvendt og det ligg godt til rette for klatring. Det er enkel tilkomst med fylkesvegen like ved.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Tiltaket ligg nærme etablert leirdueskytebane. Tilrettelegging må take omsyn til dette. Det er snøskredfare og steinsprangfare i området.
Teknisk infrastruktur	-	Tiltaket må skissere avsett areal for parkering og trafikktryggleik. Dersom her blir etablert ein større attraktivitet med mykje folk, så bør infrastruktur planleggjast gjennom detaljregulering.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	+++	Tiltaket vil legge til rette for auka fysisk aktivitet og bidra til betre folkehelse. Kan også bidra til å setje Bygland på kartet som klatredestinasjon.
Transportbehov	-	Kan gje auka biltrafikk. Det er tilgang på kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	+	Moglege positive ringverknadar for reiselivsbransjen, for eksempel ved at klatrarar kjem langvegsfrå og nyttar reiselivsaktørar i kommunen for overnatting, men antakeleg ikkje den store verdiskapinga sett i den store samanhengen.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Innspelet er positivt med omsyn til utvikling av Storestraumen som turistområde. Klatreområda bør sjåast i samanheng med andre aktivitetar i området som overnattingstilbod og rasteplass med tilhøyrande fasilitetar. Parkering, tilkomst og avkøyring må inngå i formålsområdet. Dagens bruk av området krev ikkje plan ut i frå fri ferdsel i utmark, men ei auka tilrettelegging med tanke på for eksempel næringsverksemd, parkering, tilkomst og beredskap krev detaljplanlegging. Området ligg tett opp til leirduebanen.		
Konklusjon		
Innspelet går innunder LNF-formålet.. Bruk av området må ta omsyn til eksisterande leirduebane.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Tilkomst, avkøyring og parkering Justering av formålsområdet		

86.2 – Ellingstjønn (LNF)		
Gnr/bnr: 36/2	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Ellingstjønn		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Friområde og turveg		
Arealstorleik: 100 000 m ²		
Forslagsstillar: Knut William Bygland		
Beskriving av innspelet: Innspelet om klatreområde m. sti og parkering. Det er søkt om vern av skog i det same området, og grunneigar ønskjer ikkje at klatreområdet skal kome i konflikt med eventuelt vern.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området består av fjell og skogsmark. Det ligg nærme fv 3804 med kort avstand til Byglandsfjorden. Sand- og grusførekomsten Storstraumen utgjer del av området som kan vere aktuelt til parkering.		
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Skogarealet er lite tilgjengeleg og små areal vil bli rørt av tiltaket.
Naturmangfald	---	Registrerte diverse raudlista planter og miljøfigur i skogbruket i området. Eventuelle stiar må leggast utanom desse områda.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området.
Stadkvalitetar	++	Området har mindre verdi som rekreasjonsområde sidan det er bratt og vanskeleg tilgjengeleg med mykje skog. Det har potensiale som klatreområde og vil bidra til å forsterke tilbodet i kommunen.
Blågrøn faktor	0	Ingen særskilte omsyn å ta.
Miljøfaktorar		

Forureining og klimaavtrykk	-	Tiltaket kan generere noko meir biltrafikk.
Stråling	0	Passerer høgspenline på veg inn i området. Radon er ikkje relevant.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Området ligg solvendt og det ligg godt til rette for klatring. Det er enkel tilkomst med fylkesvegen like ved.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Det er snøskredfare og steinsprangfare i området.
Teknisk infrastruktur	-	Tiltaket må skissere avsett areal for parkering og trafikktryggleik. Dersom her blir etablert ein større attraktivitet med mykje folk, så bør infrastruktur planleggjast gjennom detaljregulering.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	+++	Tiltaket vil legge til rette for auka fysisk aktivitet og bidra til betre folkehelse. Kan også bidra til å setje Bygland på kartet som klatredestinasjon.
Transportbehov	--	Kan gje auka biltrafikk. Det er noko avstand til kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	+	Moglege positive ringverknadar for reiselivsbransjen, for eksempel ved at klatrarar kjem langvegsfrå og nyttar reiselivsaktørar i kommunen for overnatting, men antakeleg ikkje den store verdiskapinga sett i den store samanhengen.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Innspelet er positivt med omsyn til utvikling av Storestraumen som turistområde. Klatreområda bør sjåast i samanheng med andre aktivitetar i området som overnattingstilbod og rasteplass med tilhøyrande fasilitetar. Parkering, tilkomst og avkøyring må inngå i formålsområdet. Dagens bruk av området krev ikkje plan ut i frå fri ferdsel i utmark, men ei auka tilrettelegging med tanke på for eksempel næringsverksemd, parkering, tilkomst og beredskap krev detaljplanlegging. Området ligg tett opp til framtidig område for skytebane.		
Konklusjon		
Innspelet går innunder LNF-formålet. Bruk av området må ta omsyn til eventuell ny skytebane.		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Tilkomst, avkøyring og parkering Justering av formålsområdet Støy frå mogleg framtidig skytebane.		



5.2.4 Fritids- og turistformål

66 – Mele (FTU01)		
Gnr/bnr: 50/1	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Mele, Vestsida		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Fritids- og turistformål og tilkomstveg		
Arealstorleik: 9 900 m ²		
Forslagsstillar: Olav Skeie		
Beskriving av innspelet: Innspelet om etablering av to zipliner, ei for born (40m) og ei for vaksne (200m). Riggplass (200m ²) på startpunktet ved eksisterande rundkøyring og endepunkt (50m ²) for kvar av linene. 1100m trase for ATV (tilkomst born, returrute vaksne og naudsituasjonar).		
Beskriving av området: Området består av skogsmark i bratt terreng ned mot Melejuvet. Det ligg inntil eksisterande skogsbilveg.		
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Kan vere behov for fjerning av nokre tre, men marginale konsekvensar for skogbruket.
Naturmangfald	--	Registrert naturtypen bekkeløft og bergvegg i området. Ligg og inne miljøfigur i skogbruksplanen.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området.
Stadkvalitetar	++	Startområdet ligg relativt høgt og vil gje fin utsikt. Området er relativt urørt utover skogsbilvegen og kraftverket litt lengre nede i Meleåni.
Blågrøn faktor	-	Melåni (21-1523-R Meleåni oppstrøms inntak Nânes og Mele kraftverk) har jf. vann-nett 'Svært dårleg' økologisk tilstand og mål om god tilstand. Tiltak kan i utgangspunktet ikkje medføre at det blir vanskelegare å oppnå god tilstand. Kantsoner må så vidt mogleg bevarast og evt. ATV trase bør bli anlagt slik at transport ikkje påverkar vassdraget nemneverdig. Innan realisering av tiltaket må det konkret vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending, Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegnene. Vurderinga kan resultere i at tiltaket ikkje tillatast.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Må inn tiltak som avfall og toalett. Bevisstgjerjing omkring ATV køyring og traseval.
Stråling	0	Ikkje relevant.
Støy og vibrasjonar	0	Lite relevant, litt støy frå trafikk i samband med attraksjonen.
Luftkvalitet	0	Ikkje relevant.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.

Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Fare for steinsprang, snøskred, jord og flaumskred og flaumfare.
Teknisk infrastruktur	--	Det er ingen EL- eller VA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	+++	Området ligg i nærleiken av ei nasjonal sykkelrute 3. Tiltaket legg til rette for friluftsopplevingar og auka fysisk aktivitet.
Transportbehov	--	Tiltaket vil fremje eit transportbehov. Det er ikkje tilgang på kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	+	Vil kunne ha positive ringverknadar for reiselivs- og opplevingsbasert næring.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Tiltaket er i utgangspunktet positivt. Det er heilt naudsynt å utarbeide reguleringsplan for eit større område, slik at ein i tillegg til sjølve ziplinen, får tilrettelagt for parkering og service/toalett forhold. Detaljreguleringa må også omfatte tiltak i samband med tilkomstveg på begge sider av Meleåni.		
Konklusjon		
Innspelet blir med vidare i planarbeidet. Det er krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Naturmangfald Blågrøn faktor / vassforskrifta §12 Naturfare		

64 – Nânes (FTU02)		
Gnr/bnr: 50/1	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Nânes		
Dagens formål: LNF-område i sjø og vassdrag (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Næringsverksemd		
Arealstorleik: 5 000 m2		
Forslagsstillar: Olav Skeie		
Beskriving av innspelet: Innspelet om plassering av flytande hytter for utleige (10x500 m2). 10 stk flytande hytter, som har terrasse, stupetårn og 2 båt plassar. Tiltaket er "flytande", slik at ev. flaumstigning i Byglandsfjorden er handterbar. Forslagsstillar ser ein marknad for nye og innovative kategoriar av overnatting og fritidsbustadar.		
Beskriving av området: Området ligg i nærleiken av fv3778 på vestsida av Byglandsfjorden. Nærleggande område er i stor grad skogsmark.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p>	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Noko redusert område for fritidsfiske (stong- og oterfiske). Hyttene vil vere lett synlege då dei står heilt opent.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Gode moglegheiter for friluftsliv og turisme og naturskjønt område.
Blågrøn faktor	-	Vil ha liten påverknad på kantsoner. Hyttene vil vere godt synlege i frå fjorden og område rundt fjorden. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Lang avstand til tettstad som gir auka køyring. Bygging og drift vil sleppe ut klimagassar.
Stråling	0	Ikkje relevant.
Støy og vibrasjonar	-	Tiltaket kan generere noko støy i samband med båttrafikk.



Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Snøskredfare, jord- og flaumskredfare på land. Usikker på flaum med omsyn til om dette skal ligge ute heile året ?
Teknisk infrastruktur	-	Naudsynt areal til VVA, parkering, tilkomst, bryggjer, avfallshandtering m.v. må avklarast i detaljplansamanheng. Ingen kommunal VA–infrastruktur i området. Hytter på fjorden gir ei utfordring for naudetatane ved ev. hendingar.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ha liten påverknad på tilgang til naturområde og friareal.
Transportbehov	0	Ingen konsekvens.
Konsekvensar for næringslivet	++	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar. Flytande hytter vil antakeleg også gi merksemd utover kommunen sine grenser, sidan dette vil vere å rekne som ein unik type overnatningsplass.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Positivt tiltak. Tiltaket viser ikkje areal på land, parkering, service osv. Det må fylgje ein plan for dette. Basert på innspelet sitt innhald, så er det naturleg å endre formålet til fritids- og turistformål.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke vidare i planarbeidet. Det er krav om detaljregulering. Endre formålet til fritids- og turistformål.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Teknisk infrastruktur		

84 – Lundestøylen (FTU03)		
Gnr/brnr: 50/1	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Lundestøylen, Vestsida		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Næringsverksemd		
Arealstorleik: 3 900 m ²		
Forslagsstillar: Olav Skeie		
Beskriving av innspelet: Innspelet om å avsette område til tretoppfytter. Tretoppfytter er eit nytt marknadssegment som ikkje er utnytta innanfor "Destinasjon Setesdal".		
Beskriving av området: Området består av skogsmark og ligg i nærleiken av etablert skogsbilveg.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	-	Ligg i område med middels til svak bonitet og bind opp eit relativt lite område. Vil ha marginale følgjer for skogbruket.
Naturmangfald	0	Ingen raudlistearter eller miljøkvalitetar er registrert i området
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ligg tett opp til Lundestøyl som er registrert som eit kulturminne. Avklare med kulturminneavd. I Agder fylkeskommune.
Stadkvalitetar	+++	Hyttene vil normalt gli fint inn i landskapet og vere relativt lite synlege. Det vil vere fin utsikt frå området. Området ligg vendt mot sørøst.
Blågrøn faktor	0	Ingen konsekvens.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	0	Ingen konsekvens.
Stråling	0	Radonfare er ikkje relevant. Ingen høgspenline i området.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Noko snøskredfare på ein liten del av området, men elles ikkje direkte naturfare.



Teknisk infrastruktur		Det er ikkje straum i området, så det må ev bli lagt fram. Ingen kommunal VA-infrastruktur.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ha liten påverknad på naturområdet.
Transportbehov	-	Det er ikkje kollektivtilbod i nærleiken. Tiltaket vil generere noko biltrafikk.
Konsekvensar for næringslivet	++	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar. Tretopphytter med flott natur, utsikt og arkitektur kan potensielt gi merksemd utanfor kommunen sine grenser.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Lite opplysningar om tiltaket, kor mange hytter, kva med tilkomst og fasilitetar slik som dusj, toalett osv. Eit positivt og spennande tiltak som kan skape ny attraktivitet for heile området. Parkering, service og toalett kan sjåast i samanheng med andre aktivitetar i området i ein felles reguleringsplan. Basert på innspelet sitt innhald, så er det naturleg å endre formålet til fritids- og turistformål.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Endre formål til fritids- og turistformål.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Teknisk infrastruktur Sjå innspela i området i ein samanheng.		

85 – Gasnes (FTU04)		
Gnr/bnr: 49/3 og 49/5	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Gasnes, Vestsida		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Næringsverksemd		
Arealstorleik: 1 500 m ²		
Forslagsstillar: Geir Skjevrek		
Beskriving av innspelet: Innspelet om plassering av flytande og flyttbare hytter for utleige (3x500 m ²). 3 stk flytande hytter, som har terrasse, stupetårn og 2 båtplassar. Kvar "tomt" er 500 m ² . Tiltaket er "flytande", slik at ev. flaumstigning i Byglandsfjorden er handterbar. Det er marknad for nye og innovative kategoriar av overnatting og fritidsbustader.		
Beskriving av området: Området ligg i nærleiken av fv3778 på vestsida av Byglandsfjorden. Nærliggande område er i stor grad skogsmark.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Noko redusert område for fritidsfiske (stong- og oterfiske). Hyttene vil vere lett synlege då dei står heilt opent.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte kulturminne i fjorden, men det er eit automatisk freda kulturminne på land ved Gasnes. Avklare med kulturminneavdelinga i Agder fylkeskommune.
Stadkvalitetar	++	Gode moglegheiter for friluftsliv og turisme i naturskjønt område.
Blågrøn faktor	-	Vil ha liten påverknad på kantsoner. Hyttene vil vere godt synlege i frå fjorden og områder rundt fjorden. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Lang avstand til tettstad som gir auka køyring. Bygging og drift vil sleppe ut klimagassar.
Stråling	0	Ikkje relevant.
Støy og vibrasjonar	-	Tiltaket kan generere noko støy i samband med båttrafikk.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		

Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Snøskredfare på land. Usikker på flaum med omsyn til om dette skal ligge ute heile året?
Teknisk infrastruktur	-	Naudsynt areal til VA, parkering, tilkomst, bryggjer m.v. må avklarast i detaljplansamanheng. Ingen kommunal VA–infrastruktur i området. Naudetatane sin tilkomst vil kunne vere utfordrande.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	0	Tiltaket vil ha liten påverknad på området.
Transportbehov	0	Ingen konsekvens.
Konsekvensar for næringslivet	++	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar. Flytande hytter vil antakeleg også gi merksemd utover kommunen sine grenser, sidan dette vil vere å rekne som ein unik type overnattingsplass.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommunepanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Positivt tiltak. Tiltaket viser ikkje areal på land, parkering, service osv. Det må fylgje ein plan for dette. Basert på innspelet sitt innhald, så er det naturleg å endre formålet til fritids- og turistformål.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke vidare i planarbeidet. Det er krav om detaljregulering. Endre formålet til fritids- og turistformål.		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Teknisk infrastruktur		



103 – Storestraumen (FTU05)		
Gnr/bnr: 34/1	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Storestraumen		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Fritids- og turistformål		
Arealstorleik: 3 400 m ²		
Forslagsstillar: Torhild S. Sangesland		
Beskriving av innspelet: Grunneigar ønskjer å utvide næringsformål som ligg i gjeldande kommuneplan som ei framtidig utviding av campingdrifta på eigedomen.		
Beskriving av området: Området består av skogsmark. Det ligg i nærleiken av tidlegare campingplass som nå blir reetablert og utvikla. Sand- og grusførekomsten Stigemo ligg innanfor området.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktiv skogsmark av høg bonitet som er lett tilgjengeleg. Sand- og grusførekomstar i området blir utgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Området ligg austvendt og nærme Byglandsfjorden. Det gjev avgrensa med kveldssol, men godt med morgonsol. Storestraumen med sine kulturminne ligg i nærleiken. Området er lett tilgjengeleg frå fv 3778.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Kvernhusbekken og Byglandsfjorden bør bli ivareteke. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden eller Byglandsfjorden bekkefelt.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.
Stråling	-	Ikkje i konflikt med høgspenningline. Radonnivå er delvis usikkert og delvis moderat til lågt. Dette må bli ivareteke i samband med planarbeid og utbygging.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.

Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Det er gode moglegheiter for friluftsliv med nærleik til fjorden og til heia.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	---	Jord- og flaumskredfare, snøskredfare og delvis steinsprangfare. Flaumfare i delar av området mot fjorden og frå bekk i området.
Teknisk infrastruktur	---	Ingen kommunal VA-infrastruktur i området. Kommunalt vassinntak nedstraums for området krev konsekvensutgreiing med tanke på eventuell utbygging og utslepp. Plasseringa gir moglegheiter for påkopling til kommunale VA-anlegg på Nesmoen gjennom sjøkabel. Dette bør vurderast i samanheng med regulert hyttefelt like sør om forslaget her. Utbyggingsavtalar kan vere alternativ
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er lite brukt. Det vil i hovudsak påverke tilgangen til strandsona frå fjorden.
Transportbehov	-	Noko auka biltrafikk. Det er gangavstand til kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	++	Området vert vurdert som særleg eigna for næringsdrift, då især for campingdrift, som også er det som er føreslege. Det er ein stor marknad for camping, og ei reetablering av campingplassen på Storestraum er noko som både kan føre til verdiskaping og arbeidsplassar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Arealplanstrategi, kulepkt 2 og 8. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det tilgrensande området har tidlegare vore nytta som campingplass. Det vurderast som naturleg at planarealet blir tilpassa eksisterande eigedomsgrenser. Det er ikkje kommunal infrastruktur for VA i området, men det er mogleg å legge til rette for påkopling til VA-anlegg på Nesmoen. Området er i aktsemdssone for naturfare. Moglegheit for uttak av sand- og grusførekomstar er redusert pga. Kort avstand til Byglandsfjorden og fv. 3778.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering for arealet som ligg i gjeldande kommuneplan og det gjeldande området.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Naturfare Teknisk infrastruktur		



11 – Longeraksstrondi (FTU06)		
Gnr/bnr: 54/68	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Longeraksstrondi		
Dagens formål: LNF og fritidsbusetnad		
Foreslått formål: Fritids- og turistformål		
Arealstorleik: 34 300 m ²		
Forslagsstillar: Mikkel Skjevrek		
Beskriving av innspelet Etablering/justering av område for vidareutvikling av utleiehytter til å samsvare med gjeldande arealbruk. Fortetting med fleire hytter og båtnaust.		
Beskriving av området Innafor området er det i alt 8 hytter, der 2 er frådelt som sjølveigartomter, medan resten står på grunneigars grunn. Området har vore nytta til utleiehytter sidan midten av 1960-åra.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ Området blir verande som det er i dag utan fortetting.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Redusert skogareal mellom hyttene. Fleire hytter og bryggjer mm. i området vil endre landskapsverknaden av området, spesielt sett frå fjord-sida.
Naturmangfald	-	Ingen særskilte negative konsekvensar ut over redusert skogareal. Viktig å ta vare på kantsone mot fjord og bekk i nord. Ingen raudlista artar eller miljökvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Kulturminne i fjorden på sørsida av innspelsområdet. Desse kan bli ivarettatt i ei detaljregulering av området.
Stadkvalitetar	+	Området ligg veldig nærme rv. 9 med utfordringar med trafikk, støy og vibrasjonar. Nærleiken til rv. 9 gjer området lett tilgjengeleg og godt synleg. Nærleiken til fjorden med sine kvalitetar er positivt. Utbygging av fleire hytter og bryggjer i området vil medføre meir privatisering av strandsona, og med det vanskelegare for andre enn dei som eig tomtene å få tilgang til fjorden.
Blågrøn faktor	-	Viktig å ta vare på kantsone mot fjord og bekk i nord. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		

Forureining og klimaavtrykk	++	Ligg nærme rv. 9 og etablert infrastruktur. Fortetting av eksisterande hyttefelt er positivt i høve naturutnytting. Ved fortetting bør det bli stilt krav om felles avløpsanlegg for området for å hindre utslepp til Otra.
Stråling	0	Ikkje i konflikt med høgspenline. Ikkje spesielt høg risiko for radonstråling. Nye fritidsbustader/utleigehytter har krav om radonsperre mm. Også viktig å kontrollere ev. tilførte massar med omsyn til radon.
Støy og vibrasjonar	--	Området ligg nærme rv. 9 og delar ligg i gul støysone. Før vidare utbygging kan det bli aktuelt med støyreducerande tiltak, støyvoll eller byggtekniske krav til nye bygg. Uteområde bør også sikrast mot trafikkstøy.
Luftkvalitet	--	Området ligg nærme rv. 9, men om en beheld vegetasjon langs rv. 9 ev. støyvoll vil dette avhjelpe faren for svevestøv.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+	Nærleiken til fjorden er positivt for utøving av aktivitetar og friluftsliv på vatn. Ikkje så relevant når det gjeld næring.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje så relevant når det gjeld næring.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Kan ha negativ konsekvens i og med større aktivitet attmed rv. 9 og auka trafikkomsyn. Tilrettelagt P-område ev. g/s-veg vil kunne avhjelpe dette. Ikkje fare for steinsprang eller snøskred. For ein liten del heilt nord i området kan det vere jord- og flaumskredfare. Det er liten flaumfare i området. I høve til erosjon må ein sikre tiltak i samsvar med TEK 17 § 7-2 nr. 4. Tre mindre område innanfor områdeavgrensinga er allereie erosjonssikra.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VA-infrastruktur på eller i nærleiken av dette området. Detaljregulering må ivareta VA-tilhøva jf. drikkevatt- og forureiningsforskrifta. Samarbeid med eksisterande busetnad vil vere ein fordel. Dersom det blir utbygging av området, bør ein sette fram krav om etablering av felles privat VA-anlegg for området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant for formålet.
Naturområde og friareal	-	Området blir nytta til formålet i dag. Dersom området blir fortetta, vil området verke meir privatisert og med det vanskelegare tilgjengeleg for allmenta.
Transportbehov	-	Nærme bilveg, Ikkje tilgang på gang og sykkelveg.
Konsekvensar for næringslivet	+	Legg til rette for auka overnattingstilbod i kommunen, som er positivt for verdiskapinga i reiselivsbransjen. Eventuell bygging av nye hytter vil vere positivt for entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er eit etablert hytteområde som inngår i avgrensinga. Fortetting og utvikling av området vil virke positivt med omsyn til næringsutvikling og gi fleire overnattingstilbod i kommunen. Det er ikkje teknisk infrastruktur i nærleiken. Med dagens forventingar til standard på utleigehytter, så er det ei forventning.		
Konklusjon		
Innspelet blir innarbeidd i kommuneplanen. Det blir krav om detaljregulering. Dei to eksisterande eigedomane 54/50 og 54/61 blir lagt inn i planen med formål fritidsbusetnad.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Teknisk infrastruktur Landskap		



5.2.5 Råstoffutvinning

44 – Hækni (RU01)		
Gnr/bnr: 2/2		
Stad/plassering: Hækni		
Dagens formål: Råstoffutvinning (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Råstoffutvinning		
Arealstorleik: 509 000 m ²		
Forslagsstillar: Johnny Langeid		
Beskriving av innspelet: Innspelet om masseuttak. Massetaket er ikkje opna.	<p>Kart med innspelet</p> 	
Beskriving av området: Området består av skogsmark. Delar av området er bratt fjellside. Området ligg på vestsida av fv9, og er lett tilgjengeleg. Sand- og grusførekomsten Hækni utgjer del av området.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av middels og høg produktiv skogsmark, men området kan tilbakeførast til skogareal etter avslutta uttak. Delar av massetaket kan brukast til snuplass og leggestad for tømmer.
Naturmangfald	-	Redusert skogareal. Kantsone mot våtområde og rv. 9 må bli etablert. Miljøfigur registrert opp mot fjellet.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Området består av skog. Området er lett tilgjengeleg frå riksvegen. Det er eksisterande masseuttak på andre sida av rv. 9.
Blågrøn faktor	-	Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending og tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna. Vurderinga kan resultere i at tiltaket ikkje tillatast. Moglege avbøtande tiltak kan være buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Behalde kantsone mot rv. 9 for å dempe innsyn. Området ligg delvis innafør registrert Grunnvatnførekomst (021-35-G) med god kvantitativ og kjemisk tilstand. Uttak av masser reduserer mektigheita av umetta sone. Dette aukar generelt sett faren for forureining av grunnvatnet. Dette forhold må også vurderast konkret

		i forhold til vassforskrifta §12.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Utvinning av mineral og råstoff vil i dei aller fleste tilfelle gi auka klimagassutslepp. På den andre sida kan tilgang på massar i nærområdet redusere transportavstanden.
Stråling	-	Radonfare er varierende innanfor området frå høg til usikker. Avbøtande tiltak vil vere å sjekke grenseverdiar for å sikre radontrygge byggeråstoff. Det er høgspenline innafor området.
Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad.
Luftkvalitet	-	Eit massetak vil medføre svevestøv og biltrafikk. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er fare for snøskred, steinsprang jord- og flaumskred. Det er ikkje flaumfare. Med dagens klimaendring med meir vind og styrtregn bør det knytast føresegnar til ein reguleringsplan som sikrar at eit massetak ikkje medfører avrenning frå området.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilgang på direkte utkøyring på offentleg veg. Det er ingen kommunal VA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er lite brukt som friareal.
Transportbehov	-	Auka behov for massetransport.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygland kommune er rik på mineralressursar. Tilgang til masse i nordre del av kommunen.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er ønskjeleg å leggje til rette for langsiktig, forvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Tiltaket kan skape større vedlikehaldstiltak på kommunal veg. Dette vurderast som underordna i høve ev. positiv næringsutvikling tiltaket kan bidra til. Det er positivt med tilgang til masse i nærleiken av offentleg veg. Området ligg sentralt for levering av masser nord i Bygland og sør i Valle kommune. Heile området som er spela inn, er ikkje eigna til masseuttak, så området bør justerast til å omfatte området mellom rv. 9 og fjellsida.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Området blir avgrensa til å omfatte området mellom rv. 9 og fjellsida. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Høgspenline Avrenning Vassforskrifta §12 Teknisk infrastruktur Avgrensing av området.		

63.1 – Eislandsmoen (RU02)		
Gnr/bnr: 2/3	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Langeid, Eislandsmoen		
Dagens formål: Råstoffutvinning (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Råstoffutvinning		
Arealstorleik: 95 000 m2		
Forslagsstilar: Hovden hytterservice AS for Marit Taksdal		
Beskriving av innspelet: Innspelet om vidareføring og utviding av masseuttak.		
Beskriving av området: Store delar av området er nydyrka. Noko skogsareal. Området ligg mellom fv9 og Otra, og er lett tilgjengeleg. Sand- og grusførekomsten Eislandsmoen utgjer del av området. Det er eit eksisterande masseuttak like inntil området på vestsida.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag. Det eksisterande massetaket blir avslutta og tilbakeført.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	---	Tap av dyrka mark.
Naturmangfald	-	Redusert skogareal. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Området er i stor grad dyrka mark. Området er lett tilgjengeleg frå riksvegen.
Blågrøn faktor	---	Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending og tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna. Vurderinga kan resultere i at tiltaket ikkje tillatast. Avbøtande tiltak kan være buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Behalde kantsone mot rv. 9 for å dempe innsyn. Området ligg delvis innafor registrert Grunnvatnførekomst (021-35-G) med god kvantitativ og kjemisk tilstand. Uttak av masser reduserer mektigheita av umetta sone. Dette aukar generelt sett faren for forureining av grunnvatnet. Dette forhold må også vurderast konkret i forhold til vassforskrifta §12.
Miljøfaktorar		

Forureining og klimaavtrykk	--	Utvinning av mineral og råstoff vil i dei aller fleste tilfelle gi auka klimagassutslepp. På den andre sida kan tilgang på massar i nærområdet redusere transportavstanden.
Stråling	-	Arealet nærmast rv. 9 har høg aktsemdsgrad for radon, men areal mot Otra har moderat til liten aktsemdsgrad for radon. Avbøtande tiltak vil vere å sjekke grenseverdiar for å sikre radontrygge byggeråstoff. Det er høgspenline i utkanten av området.
Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggjande busetnad.
Luftkvalitet	-	Eit massetak vil medføre svevestøv og biltrafikk. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggjande busetnad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje fare for snøskred, steinsprang jord- og flaumskred. Det er flaumfare. Med dagens klimaendring med meir vind og styrtregn bør det knyttast føresegner til ein reguleringsplan som sikrar at eit massetak ikkje medfører avrenning frå området.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilgang på direkte utkøyning på offentleg veg. Det er ingen kommunal VA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er lite brukt som friareal. Tiltaket kan gje noko avgrensa tilgang til Otra.
Transportbehov	--	Auka behov for massetransport.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygland kommune er rik på mineralressursar. Tilgang til masse i nordre del av kommunen.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er ønskjeleg å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Området er vurdert som dyrkbar og er nydyrka. Området må omdisponerast dersom det skal nyttast til masseuttak. Jordvernet vil bli vurdert i ein søknad om omdisponering. Området ligg delvis innanfor aktsemdssone for flaum. Det er positivt med tilgang til masse i nærleiken av offentleg veg. Området ligg sentralt for levering av masser nord i Bygland og sør i Valle kommune.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering med fokus på å ta vare på jordbruksareal.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Avrenning Vassforskrifta §12 Naturfare Teknisk infrastruktur Jordvern		

63.2 – Hæknineset (RU nåverande)		
Gnr/bnr: 3/2	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Langeid, Hæknineset		
Dagens formål: Råstoffutvinning (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Råstoffutvinning		
Arealstorleik: 100 000 m ²		
Forslagsstillar: Hovden hytterservice AS for Marit Taksdal		
Beskriving av innspelet: Innspelet om vidareføring og utviding av masseuttak.		
Beskriving av området: Masseuttaket er påbegynt og består delvis av dyrka mark som er tenkt bevart. Noko skogsareal. Området ligg mellom fv9 og Otra, og er lett tilgjengeleg.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ: Området består som i dag. Det eksisterande massettaket blir avslutta og tilbakeført.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av dyrka mark. Avbøtande tiltak vil vere å justere områdeavgrensinga slik at dyrka mark ikkje bli berørt. Tap av middels produktiv skogsmark, men området kan tilbakeførast til skogareal etter avslutta uttak. Delar av massettaket kan brukast til snuplass og leggeplass for tømmer.
Naturmangfald	-	Redusert skogareal. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Området er i stor grad eksisterande masseuttak og dyrka mark. Området er lett tilgjengeleg frå riksvegen.



Blågrøn faktor	--	Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending. Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna. Vurderinga kan resultere i at tiltaket ikkje tillatast. Avbøtande tiltak kan være buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Behalde kantsone mot rv. 9 for å dempe innsyn. Området ligg delvis innafør registrert Grunnvatnførekost (021-35-G) med god kvantitativ og kjemisk tilstand. Uttak av masser reduserer mektigheita av umetta sone. Dette aukar generelt sett faren for forureining av grunnvatnet. Dette forhold må også vurderast konkret i forhold til vassforskrifta §12.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Utvinning av mineral og råstoff vil i dei aller fleste tilfelle gi auka klimagassutslepp. På den andre sida kan tilgang på massar i nærområdet redusere transportavstanden.
Stråling	-	Arealet nærmast rv. 9 har høg aktsemdsgrad for radon, men areal mot Otra har moderat til liten aktsemdsgrad for radon. Avbøtande tiltak vil vere å sjekke grenseverdier for å sikre radontrygge byggeråstoff. Det er høgspenline i nærleiken av området.
Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad.
Luftkvalitet	-	Eit massetak vil medføre svevestøv og biltrafikk. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje fare for snøskred, steinsprang jord- og flaumskred. Det er flaumfare. Med dagens klimaending med meir vind og styrtregn bør det knytast føresegner til ein reguleringsplan som sikrar at eit massetak ikkje medfører avrenning frå området.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilgang på direkte utkøyring på offentleg veg. Det er ingen kommunal VA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	0	Området er lite brukt som friareal. Tiltaket kan gje noko avgrensa tilgang til Otra.
Transportbehov	--	Auka behov for massetransport.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygland kommune er rik på mineralressursar. Tilgang til masse i nordre del av kommunen.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er ønskeleg å leggje til rette for langsiktig, forvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Utvidinga av massetaket omfattar nydyrka område som har fått tilskot. Området ligg nærme Otra og det er viktig å ta omsyn til grunnvasstanden. Området ligg delvis innanfor aktsemdssone for flaum. Det er positivt med tilgang til masse i nærleiken av offentleg veg. Området ligg sentralt for levering av masser nord i Bygland og sør i Valle kommune.		
Konklusjon		
Justere avgrensinga av gjeldande formålsområde, utan utviding mot Otra. Det blir krav om detaljregulering med fokus på å ta vare på jordbruksareal.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Avrenning Vassforskrifta §12 Naturfare Teknisk infrastruktur Jordvern Avgrensing av området		

78 – Budalen (RU03)		
Gnr/bnr: 39/3	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Tjørnstøyltjørn, Budalen		
Dagens formål: LNF/fritidsbustad (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Råstoffutvinning		
Arealstorleik: 25 000 m2		
Forslagsstillar: Knut Sigurd Haugå		
Beskriving av innspelet: Innspelet om vidareføring og utviding av masseuttak.		
Beskriving av området: Området består av noko skogsareal og eit eksisterande massetak. Området ligg inntil landbruksveg. Området er nytta som friluftsområde.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag. Det eksisterande massetaket blir avslutta og tilbakeført.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av skogsareal, men skrinn skogsmark. Delar av området kan brukast til snuplass og opplagsplass ved avslutta drift.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Området er i stor grad eksisterande masseuttak i samband med bygging av landbruksveg. Området er lett tilgjengeleg frå landbruksveg.
Blågrøn faktor	-	Buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending. Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Utvinning av mineral og råstoff vil i dei aller fleste tilfelle gi auka klimagassutslepp. På den andre sida kan tilgang på massar i nærområdet redusere transportavstanden.
Stråling	-	Området har moderat til låg aktsemdsgrad for radon. Avbøtande tiltak vil vere å sjekke grenseverdiar for å sikre radontrygge byggeråstoff. Det er høgspenline i nærleiken av området.
Støy og vibrasjonar	--	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Mogleg støy kan virke inn på friluftsliv. Meir tungtransport gjennom Bygland sentrum. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggande fritidsbusetnad.



Luftkvalitet	-	Eit massetak vil medføre svevestøv og biltrafikk. Mogleg svevestøv kan virke inn på friluftsliv. Transport av masser vil gå gjennom Bygland sentrum. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggande fritidsbusetnad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje fare for snøskred, steinsprang jord- og flaumskred eller flaum. Med dagens klimaendring med meir vind og styrtregn bør det knytast føresegnar til ein reguleringsplan som sikrar at eit massetak ikkje medfører avrenning frå området.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilgang på direkte utkøyring på landbruksveg. Det er ingen kommunal VA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er noko avgrensa og allereie etablert som massetak. Skogsbilvegen som går langs området blir mykje nytta som turveg og skiløype, og utviding av massetaket vil vere synleg frå vegen.
Transportbehov	--	Auka behov for massetransport som vil gå gjennom Bygland sentrum.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygland kommune er rik på mineralressursar. Tilgang til masse i nærområdet.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er ønskjeleg å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstillgang av massar i kommunen til ulike formål. Det er avslutta massetak i området så området er allereie berørt. Nærområdet blir mykje nytta til friluftsliv. Området ligg langs veg til mindre hytteområde.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Avrenning Vassforskrifta §12 Teknisk infrastruktur		

88 – Hovatn (RU04)		
Gnr/bnr: 33/3	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Hovatn, Klyvslia		
Dagens formål: Fritidsbustad (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Råstoffutvinning		
Arealstorleik: 10 000 m ²		
Forslagsstillar: Knut P. Sandnes		
Beskriving av innspelet: Området er eksisterande masseuttak. Det er spela inn ei utviding av området.		
Beskriving av området: Området består av skogsareal og eit eksisterande masseuttak. Området ligg inntil landbruksveg. Området er nytta som friluftsområde. Det er fritidsbustadar i nærområdet.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ: Området består som i dag. Det eksisterande massetaket blir avslutta og tilbakeført.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av uproduktiv skogsmark med spredde furutre. Området kan tilbakeførast til skogsareal etter avslutta uttak. Delar av massetaket kan brukast til snuplass og leggeplass for tømmer.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Området ligg i nærleiken av nokre hytter. Det er lite ferdsel i nærleiken av formålsområdet. Området er i stor grad eksisterande masseuttak. Området er lett tilgjengeleg frå landbruksveg.
Blågrøn faktor	-	Buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending. Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Utvinning av mineral og råstoff vil i dei aller fleste tilfelle gi auka klimagassutslepp. På den andre sida kan tilgang på massar i nærområdet redusere transportavstanden.

Stråling	--	Området har høg aktsemdsgrad for radon. Avbøtande tiltak vil vere å sjekke grenseverdiar for å sikre radontrygge byggeråstoff. Det er høgspenline i nærleiken av området.
Støy og vibrasjonar	--	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Mogleg støy kan virke inn på friluftsliv. Meir tungtransport gjennom Åraksbø. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggande fritidsbusetnad.
Luftkvalitet	-	Eit massetak vil medføre svevestøv og biltrafikk. Mogleg svevestøv kan virke inn på friluftsliv. Transport av masser vil gå gjennom Åraksbø. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggande fritidsbusetnad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje fare for snøskred, steinsprang jord- og flaumskred eller flaum. Med dagens klimaendring med meir vind og styrtregn bør det knytast føresegner til ein reguleringsplan som sikrar at eit massetak ikkje medfører avrenning frå området.
Teknisk infrastruktur	--	Kommunal veg opp til Haugetveit er beresvak, særleg i teleløysinga. På den andre sida er tilgang på kortreist masse ein føremøn i eit transportperspektiv. Det er ingen kommunal VA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Tiltaket er avgrensa, men ligg i eit område som er nytta som friluftsområde.
Transportbehov	--	Auka behov for massetransport som vil gå gjennom Åraksbø.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygland kommune er rik på mineralressursar. Tilgang til masse i nærområdet.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er ønskjeleg å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Det er avslutta massetak i området så området er allereie berørt. Nærområdet blir nytta til friluftsliv. Området ligg langs veg til mindre hytteområde.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Avrenning Vassforskrifta §12 Teknisk infrastruktur		

90.1 – Urdviki (RU05)		
Gnr/bnr: 36/1		
Stad/plassering: Urdviki		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Råstoffutvinning		
Arealstorleik: 12 000 m ²		
Forslagsstillar: Grunde Kvåle		
Beskriving av innspelet: Innspelet om vidareføring og utviding av masseuttak. Masseuttaket er også foreslått brukt som massedeponi.		
<p>Kart med innspelet</p> 		
<p>Beskriving av området:</p> <p>Området består av eksisterande masseuttak og delvis av skogsmark. Området ligg mellom fv9 og fv 3804, og er lett tilgjengeleg. Det ligg nærme Byglandsfjorden. Leirduebanen er i nærleiken og sti inn til klatreområde går langs kanten av masseuttaket. Sand- og grusførekomsten Storstraumen utgjør del av området.</p>		
<p>O-alternativ:</p> <p>Det eksisterande massetaket blir avslutta og tilbakeført.</p> <p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktiv skogsmark av høg bonitet. Området kan tilbakeførast til skogareal etter avslutta uttak. Delar av massetaket kan brukast til snuplass og leggestad for tømmer.
Naturmangfald	-	Redusert skogareal. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Området er i stor grad eksisterande masseuttak og skogsmark. Området er lett tilgjengeleg frå riksveg/fylkesveg.
Blågrøn faktor	-	Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending. Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna. Vurderinga kan resultere i at tiltaket ikkje tillatast. Avbøtande tiltak kan være buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Området ligg innafor grunnvatnførekomst (O21-25-G) som jf. Vann-nett, har god kvantitativ og kjemisk tilstand. Uttak av massar reduserer mektigheita av umetta sone. Dette aukar generelt sett faren for forureining av grunnvatnet. Dette forhold må også vurderast konkret i forhold til vassforskrifta §12.
Miljøfaktorar		

Forureining og klimaavtrykk	---	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Utvinning av mineral og råstoff vil i dei aller fleste tilfelle gi auka klimagassutslepp. På den andre sida kan tilgang på massar i nærområdet redusere transportavstanden. Moglege konsekvensar for vassinntaket i Urdeviki for Bygland vassverk må bli vurdert i samband med ei detaljregulering.
Stråling	-	Arealet har moderat til låg aktsemdsgrad for radon. Avbøtande tiltak vil vere å sjekke grenseverdiar for å sikre radontrygge byggeråstoff. Det er høgspenline i nærleiken av området.
Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggande busetnad.
Luftkvalitet	-	Eit massetak vil medføre svevestøv og biltrafikk. Plassering er gunstig med tanke på avstand til omkringliggande busetnad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Noko snøskredfare og jord- og flaumskredfare i nordre del av området. Med dagens klimaendring med meir vind og styrtregn bør det knytast føresegnar til ein reguleringsplan som sikrar at eit massetak ikkje medfører avrenning frå området.
Teknisk infrastruktur	-	Ingen teknisk infrastruktur i området, men vassinntak i Urdeviki. Området er nærme offentleg veg med etablert avkøyrsløse.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området ligg i nærleiken av kjent klatreområde som blir aktivt nytta. Det er helst stien inn til klatreområdet som må tas omsyn til.
Transportbehov	--	Auka behov for massetransport.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygland kommune er rik på mineralressursar. Tilgang til masse i nordre del av kommunen.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er ønskjeleg å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Massetaket er opna, og naturinngrepet vil vere meir skånsamt samanlikna med å opne opp på ein ny plass. Tilgang på masse i relativ nærme avstand til bustad – og næringsområde er positivt. Buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Moglege konsekvensar for vassinntaket i Urdeviki må bli vurdert. Området kan også vere aktuelt som massedeponi.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering som inkluderer vurdering av konsekvens for vassinntaket i Urdeviki.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Avrenning Vassforskrifta §12 Naturfare Teknisk infrastruktur Forureining av vassdrag		



90.2 – Bjånes (RU06)		
Gnr/bnr: 36/1	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Bjånes		
Dagens formål: Råstoffutvinning (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Råstoffutvinning		
Arealstorleik: 10 000 m ²		
Forslagsstillar: Grunde Kvåle		
Beskriving av innspelet: Innspelet om vidareføring og utviding av masseuttak. Forslagsstillar vil utarbeide detaljplan.		
Beskriving av området: Området utgjer del av sand- og grusførekosten Storstraumen. I området har det eksistert uttak av masser. Resterande areal er i dag skogsmark. Området ligg mellom fv 3804 og Byglandsfjorden, og er lett tilgjengeleg. Det ligg ein fritidsbustad i nærleiken.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
O-alternativ: Det eksisterande massetaket blir avslutta og tilbakeført.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktiv skogsmark av høg bonitet. Området kan tilbakeførast til skogareal etter avslutta uttak. Delar av massetaket kan brukast til sнопlass og leggestad for tømmer.
Naturmangfald	-	Redusert skogareal. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Området er i stor grad eksisterande masseuttak og skogsmark. Området er lett tilgjengeleg frå fylkesveg. De ligg ein fritidsbustad i nærleiken og fast busetnad i noko avstand på sørsida.
Blågrøn faktor	--	Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending. Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna. Vurderinga kan resultere i at tiltaket ikkje tillatast. Avbøtande tiltak kan være buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Området ligg innafor grunnvatnførekost (021-25-G) som jf. Vann-nett, har god kvantitativ og kjemisk tilstand. Uttak av massar reduserer mektigheita av umetta sone. Dette aukar generelt sett faren for forureining av grunnvatnet. Dette forhold må også vurderast konkret i forhold til vassforskrifta §12.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Utvinning av mineral og råstoff vil i dei aller fleste tilfelle gi auka klimagassutslepp. På den andre sida kan tilgang på massar i nærområdet redusere transportavstanden.
Stråling	-	Radonfare er usikker, og difor ikkje avklart. Det er ikkje høgspenning i nærleiken av området.
Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er relativt gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad. Fritidsbustaden i nærleiken vil bli påverka av tiltaket. Avbøtande tiltak vil vere å bevare vegetasjon mot desse.
Luftkvalitet	-	Eit massetak vil medføre svevestøv og biltrafikk. Plassering er relativt gunstig med tanke på avstand til omkringliggende busetnad. Fritidsbustaden i nærleiken vil bli påverka av tiltaket. Avbøtande tiltak vil vere å bevare vegetasjon mot desse.
Sosiale faktorar		

Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Ikkje snøskredfare, steinsprangfare, jord- og flaumskredfare eller flaumfare. Med dagens klimaendring med meir vind og styrtregn bør det knytast føresegnar til ein reguleringsplan som sikrar at eit massetak ikkje medfører avrenning frå området.
Teknisk infrastruktur	-	Ingen teknisk infrastruktur i området.. Plassering er nærme offentleg veg med etablert avkøyrsløse.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er lite brukt som friområde, Det er helst tilgangen til strandsona som er viktig å ta i vare.
Transportbehov	--	Auka behov for massetransport.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygland kommune er rik på mineralressursar. Tilgang til masse i nordre del av kommunen.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er ønskeleg å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstillgang av massar i kommunen til ulike formål. Massetaket er opna, og naturinngrepet vil vere meir skånsamt samanlikna med å opne opp på ein ny plass. Tilgang på masse i relativ nærme avstand til bustad – og næringsområde er positivt. Buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Området kan også vere aktuelt som massedeponi.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Avrenning Vassforskrifta §12 Støy Teknisk infrastruktur		



129 – Skomemonen (RU07)		
Gnr/bnr: 34/10	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Skomemonen		
Dagens formål: LNF/råstoffutvinning (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Næringsverksemd		
Arealstorleik: 93 000 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: Innspelet om næringsareal.		
Beskriving av området: Sand- og grusførekomsten Skåmæni utgjer delar området. Området består av eksisterande masseuttak og delvis av skogsmark. Området ligg på vestsida av rv. 9 og er lett tilgjengeleg. Det ligg fritidsbustadar i nærleiken.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Det eksisterande massetaket blir avslutta og tilbakeført.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktiv skogsmark med middels til høg bonitet som er lett tilgjengeleg. Området kan tilbakeførast til skogareal etter avslutta uttak. Delar av massetaket kan brukast til snuplass og leggeplass for tømmer.
Naturmangfald	-	Redusert skogareal. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Området er i stor grad eksisterande masseuttak og skogsmark. Området er lett tilgjengeleg frå riksveg. Det ligg fritidsbustadar i nærleiken.
Blågrøn faktor	--	Buffersone og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Området ligg innafor grunnvatnførekomst (021-25-G) som jf. Vann-nett, har god kvantitativ og kjemisk tilstand. Uttak av massar reduserer mektigheita av umetta sone. Dette aukar generelt sett faren for forureining av grunnvatnet. Dette forhold må vurderast konkret i forhold til om vassforskrifta §12 kjem til anvending.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Utvinning av mineral og råstoff vil i dei aller fleste tilfelle gi auka klimagassutslepp. På den andre sida kan tilgang på massar i nærområdet redusere transportavstanden.
Stråling	-	Radonfare er usikker, og difor ikkje avklart. Det er ikkje høgspenning inn mot området.

Støy og vibrasjonar	-	Eit massetak vil lage støy og vibrasjonar. Plassering er relativt gunstig med tanke på avstand til omkringliggande busetnad. Fritidsbustadane i nærleiken kan bli påverka av tiltaket. Avbøtande tiltak vil vere å bevare vegetasjon mot desse.
Luftkvalitet	-	Eit massetak vil medføre svevestøv og biltrafikk. Plassering er relativt gunstig med tanke på avstand til omkringliggande busetnad. Fritidsbustadane i nærleiken vil bli påverka av tiltaket. Avbøtande tiltak vil vere å bevare vegetasjon mot desse.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Snøskredfare i nesten heile området og noko steinsprangfare mot vest. Ikkje jord- og flaumskredfare eller flaumfare.
Teknisk infrastruktur	-	Ingen teknisk infrastruktur i området. Plassering er nærme offentlig veg med etablert avkjørsle. Byggegrunn vurderast som god. Arealet må eventuelt detaljplanregulerast og innehalde VVA - løysingar. Dette bør kunne sjåast i samanheng med relativt mange fritidsbustadar mot fjorden. Her er berre private avlaupsløysingar. Sjøkabel VA til Nesmoen er heller ikkje umogleg.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er allereie etablert som massetak og er lite brukt som friområde.
Transportbehov	--	Noko auka biltrafikk. Området er nærme rv. 9, men i noko avstand til sentrum.
Konsekvensar for næringslivet	+	Arealet blir vurdert som eigna for næringsverksemd, sidan det er synleg frå vegen og fordi det allereie er eit etablert massetak der.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området ligg i noko avstand til VA-infrastruktur. Ei etablering bør sjåast i samanheng med eksisterande hytteområde i nærleiken. Det er eit eksisterande massetak i området. Det er framleis tilgang på råstoff i tilknytning til dette. Det er ønskeleg å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Massetaket er opna, og naturinngrepet vil vere meir skånsamt samanlikna med å opne opp på ein ny plass. Tilgang på masse i relativt nærme avstand til bustad – og næringsområde er positivt. Buffersoner og oppsamling av avrenningsvatn for å unngå forureina vatn i vassdrag. Området kan også vere aktuelt som massedeponi. Det er ein fordel å få regulert området og gjennom regulering få lagt til rette for avslutting av massetaket. Når ein veg behovet for næringsareal opp mot vidare råstoffutvinning, så blir det sett på som mest formålstenleg med vidare utnytting av råstoffet.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Arealformål blir sett til framtidig råstoffutvinning for eksisterande massetak jf avgrensing i innspelet. Det blir krav om detaljregulering. Dette er i tråd med brev frå DMF den 07.09.2023.		
Oppfølging (avklarings/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Støy Naturfare Avrenning Vassforskrifta §12		

5.2.6 Næringsverksemd

26 – Stamsnes (NÆ01)		
Gnr/bnr: 50/1	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Stamsnes, Vestsida		
Dagens formål: LNF (kommuneplan)		
Foreslått formål: Næringsverksemd		
Arealstorleik: 2 000 m ²		
Forslagsstillar: Olav Skeie		
Beskriving av innspelet: Etablering av næringsareal (båtlager). Båtane skal kunne trekkast opp frå fjorden og direkte inn i båthuset. Opplagsplass på land for vinterlagring under tak er mangelvare i kommunen.		
Beskriving av området: Området består av skogsmark og ligg nærme fv3778. Området er lett tilgjengeleg frå Byglandsfjorden.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktivt skogareal. Middels bonitet i området.
Naturmangfald	-	Ingen særskilte negative konsekvensar ut over redusert skogareal og tap av kantsone ut mot fjorden på eit avgrensa område. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Kulturminne innanfor området. Husmannsplass, ikkje freda.
Stadkvalitetar	-	Området består av skog som grensar ned mot ei sørvendt vik i fjorden.
Blågrøn faktor	-	Tap av kantsone mot fjorden. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		



Forureining og klimaavtrykk	-	Anlegg må sikrast mot avrenning av spylevann og annan mogleg forureining av Byglandsfjorden. Utbygging fører til klimautslepp. Området ligg relativt langt unna busetnad.
Stråling	0	Ikkje i konflikt med høgspenning. Moderat til låg radonfare, men det vil ikkje vere relevant.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er fare for jord- og flaumskred, snøskred og litt steinsprangfare. Det er flaumfare i området. Båtlager har store krav til brannsikkerheit og ein ev. brann i båtlager kan få store konsekvensar. Det er difor positivt at det er langt til næraste fastbuande.
Teknisk infrastruktur	-	Området på kartet bør utvidast slik at ein får med vegløyning inn til området. Ingen kommunal VA-struktur i området. Båtlager har høg brannbelastning. Det må sikrast naudsynt tilgang på sløkkjemiddel. Utforming av ev. anlegg må sikre mot avrenning av forureinande væsker.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området kan vere noko brukt med nærleik til sykkelrute 3 og fjorden. Tiltaket er avgrensa, så det blir i liten grad påverke tilgangen på friareal.
Transportbehov	-	Transportbehovet vil auke.
Konsekvensar for næringslivet	0	Det er vanskeleg å sjå næringspotensialet i utleige av båtlager så langt unna bygdelaga og bygdesentruma i kommunen. Området er antakeleg betre eigna for reiselivsbasert næring.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Utnytte potensialet i Byglandsfjorden gjennom god forvaltning og tilrettelegging for fastbuande og tilreisande. Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Tiltaket er vurdert til å kunne etablere ein teneste som vil vere ny, og som absolutt vil kunne dekkje eit behov som er utvikla i kystnære strøk. Det er få båtlager i kommunen. Formålsområdet blir utvida til å omfatte tilkomst og manøvreringsareal samt areal i fjorden.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med i det vidare planarbeidet. Det er krav om detaljregulering av området. Endre formålsområdet til å omfatte tilkomst, manøvreringsareal og areal i fjorden.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Naturfare Forureining Risiko og sårbarheit (brann)		

68 – Bø (NÆ02)		
Gnr/bnr: 66/2	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Bø		
Dagens formål: LNF (strandsonenplanen)		
Foreslått formål: Næringsverksemd		
Arealstorleik: 6 000 m ²		
Forslagsstillar: Arne Revheim		
Beskriving av innspelet: Etablering av atelier for utleige til kunstnarar og til eige bruk.		
Beskriving av området: Området består av beitemark. Det ligg mellom fv 3778 og Byglandsfjorden.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
O-alternativ: Området består som i dag,		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av 5 000 m ² med beiteareal.
Naturmangfald	-	Registrert 6 hule eiketree (utvalt naturtype) langs fylkesvegen. Minst eit av desse vil liggje innanfor området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Området er prega av spreidd busetnad og mindre teigar med dyrka mark Det er relativt kort avstand til sentrumsfunksjonar.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Byglandsfjorden bør bli ivareteke. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		

Forureining og klimaavtrykk	-	Anleggsperioden vil generere noko utslepp.
Stråling	--	Aktsemdskartet viser høg fare for radon. Det er ikkje høgspentine i området.
Støy og vibrasjonar	-	Det vil vere noko støy i anleggsperioden.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Området ligg austvendt og fint til ned mot Byglandsfjorden. Det er noko avgrensa med kveldssol, men fin morgonsol.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Mindre relevant. Det er fast busetnad i området. Det er ca. 5 km til sentrumsfunksjonar. Det er gode moglegheiter for friluftsliv med nærleik til fjorden og heia.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Ingen naturfare som snøskred, steinsprang eller jord og flaumskred. Det er noko flaumfare. Avbøtande tiltak vil vere å bygge flaumsikkert eller å unngå å bygge i flaumsona.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VVA-infrastruktur i området. Dette må omsynstakast i eigen plan.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er lite brukt som friareal, men det kan i noko grad påverke tilgangen til strandsona frå fjorden.
Transportbehov	--	Det vil gje auka biltrafikk sidan det er ca. 5 km til sentrumsfunksjonar. Det er ikkje tilgang på kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	++	Eit unikt konsept i regionen og ein flott lokasjon for føremålet. Vil gi verdiskaping for entreprenørar i samband med etablering.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er positivt med næringsutvikling og området er eigna til formålet. Detaljplan for VVA, bygg, parkering osv. må bli utarbeidd.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Naturfare Teknisk infrastruktur		

127 – Kroknes (NÆ03)		
Gnr/bnr: 63/10	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Grendi, Kroknes		
Dagens formål: Industri (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Næringsverksemd		
Arealstorleik: 22 400 m ²		
Forslagsstillar: Fyri Ice Fish AS		
Beskriving av innspelet: Området er ønska nytta til landbasert oppdrett av bleke. Det blir planlagt produksjon av matfisk. Anlegget er tenkt tilrettelagt for å kunne ta i mot publikum for visning av produksjon. Utfylling i fjorden er med tanke på å auke arealet og med det produksjonspotensialet. Oppdrettsanlegget er tenkt bygd som eit resirkuleringsanlegg. Før forslagsstillar søkjer om konsesjon på landbasert oppdrett av bleke, er det ønskeleg å avklare arealbruken. Det vil bli søkt om utseppstillating som ein del av konsesjonssøknaden. Det har vore dialog med grunneigar ang. innspelet.		
Beskriving av området: Området består i dag av nedlagt sagbruk og byggevarebutikk. Nordre del av området blir nytta til bading og rekreasjon. Det er kommunalt VA-anlegg i nærleiken. Området ligg nærme rv. 9 og bustadområde i Grendi.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ: Området blir transformert til annan bruk eller sagbruket blir sett i drift att.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Ingen konsekvens.
Naturmangfald	0	Ingen konsekvens.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	+	Eldre industribygningar i området. Badestrand på nordsida. Odden ligg fint til langs fjorden.
Blågrøn faktor	-	Byglandsfjord (021-1063-L) er i Vann-nett registrert med god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand, med mål om god tilstand på begge parametranne. Tiltak kan jf. vassforskrifta som hovudregel ikkje gjere til at tilstanden forverrast eller at det blir vanskelegare å oppnå miljømål. Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending og tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	---	Registreringar i temakart indikerer mogleg forureina grunn. Nye bruksområde må take omsyn til dette. Eigar har eit ansvar for ev. opprydding.



Stråling	-	Ikkje i konflikt med høgspenline. Moderat til låg fare for radon. Avbøtande tiltak vil vere å sjekke grenseverdiar for å sikre radontrygge byggeråstoff.
Støy og vibrasjonar	-	Tiltaket vil ikkje medføre særleg støy. Området ligg nærme rv. 9 med støy frå biltrafikk.
Luftkvalitet	-	Tiltaket vil ikkje påverke luftkvaliteten. Området ligg nærme rv. 9 som genererer noko svevestøv.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Området er vestvendt og solrikt. Det er gode moglegheiter for rekreasjon og fysisk aktivitet med nærleik til fjorden og kort veg til turveggar og heieområde
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Ikkje naturfare slik som snøskredfare, steinsprangfare eller jord- og flaumskredfare. Det er flaumfare innafor delar av området.
Teknisk infrastruktur	++	Det ligg til rette for kommunal VA-infrastruktur. Det ligg ein kloakkpumpestasjon like nord for arealet. Dette må også bli teke omsyn til i detaljplan.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	--	Store delar av området er allereie utbygd. Nordenden av arealet er eit mykje nytta område for bade- og friluftsliv for ålmenta. Dette området bør tas i vare som friareal.
Transportbehov	-	Tiltaket vil generere auka biltrafikk. Det er g/s-veg i Grendi, men ikkje til sentrumsfunksjonar. Det er tilgang til kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	+++	Næringsverksemd på arealet vil kunne gi positive ringverknadar for sysselsetjing.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området er i dag avsett til industri og difor utbygd i stor grad. Sagbruksdrifta er avvikla. Det er positivt å nytte eksisterande utbygd område. Området har god tilgang til VVA-infrastruktur. Næringsverksemd vil generere utslepp i samband med transport.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Forureining Vassforskrifta §12 Radon Naturfare Teknisk infrastruktur Friareal		

40 – Nesmoen sør (NÆ04)		
Gnr/bnr: 35/7	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Nesmoen		
Dagens formål: LNF (Strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Bustad/næring		
Arealstorleik: 4 000 m ²		
Forslagsstillar: Cato Nilsen		
Beskriving av innspelet: Endring av formål til kombinert formål (bustad/næring).		
Beskriving av området: Sand- og grusførekomsten Nese ligg innanfor i området. Området ligg nærme rv. 9, eksisterande massetak og skytebane. Det er ein bygning innfor området som opprinneleg var etablert som vegstasjon. Området på vestsida av rv. 9 er i strandsoneplanen regulert til bustadområde. Det er fritidsbustadar i dette området i dag.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
O-alternativ: Området blir nytta som næringsområde i tråd med slik det framstår i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av sand- og grusførekomst
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	--	Området ligg tett inntil massetak og i nærleiken av skytebane. På andre sida av rv. 9 ligg det tre fritidsbustadar. Det er tilgang til skogsområde og til fjorden. Området ligg nærme rv. 9.
Blågrøn faktor	0	Ingen konsekvens. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Området ligg nærme tidlegare søppelfylling og nær forureina grunn.
Stråling	--	Moderat til låg fare for radon. Tiltak må bli etablert i samsvar med TEK § 13-5. Området ligg innfor område med arbeidsforbod langs høgspenlinje. Nye tiltak og arbeid må bli avklart med netteigar.
Støy og vibrasjonar	--	Området tett inntil massetak i drift og skytebane samt rv. 9. Det vil vere periodevis aktivitet i massetaket og på skytebanen. Dette gjeld spesielt tilhøvet til bustadføreålet.

Luftkvalitet	--	Arealet tett inntil massetak i drift og skytebane samt rv. 9. Det vil vere periodevis aktivitet i massetaket og på skytebanen. Dette gjeld spesielt tilhøvet til bustadføremålet.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Området ligg i relativt kort avstand til sentrumsfunksjonar, kulturtilbod og idrettsfasilitetar. Det er gode moglegheiter for å nytte fjorden og heia.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Området ligg i relativt kort avstand til sentrumsfunksjonar, møteplassar og oppvekstsenter.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Ingen naturfare i området.
Teknisk infrastruktur	-	Privat VA-løysing. Det vil vere mogleg med tilkopling til offentleg VA-nett dersom til dømes offentleg g/s-veg blir etablert mellom Bygland og Nesmoen.
Mobilitet/kortreist kvardag	--	Det er ikkje g/s.-veg til området.
Naturområde og friareal	0	Liten konsekvens.
Transportbehov	-	Området ligg nærme rv. 9 og det er tilgang på kollektivtilbod. Sidan det ikkje er g/s-veg fram til området, vil det utfordre behovet for biltransport.
Konsekvensar for næringslivet	+	Arealet blir vurdert som eigna for næringsverksemd.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i samfunnsdelen: Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert. Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området er tidlegare nytta som søppelfylling og ligg tett inntil eksisterande masseuttak. Området er difor vurdert som lite eigna som bustadområde. Området ligg nærme rv. 9 og er difor attraktivt som næringsareal. Området bør bli sett på i samanheng med foreslått næringsareal lengre nord. Sand- og grusførekostar i området er lite tilgjengeleg pga. eksisterande næringsbygg i området.		
Konklusjon		
Området bli teke med i det vidare planarbeidet, men blir lagt inn med formål næringsverksemd. Det er krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Høgspenning		



141 – Jørundli (NÆ05)		
Gnr/bnr: 69/3	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Jørundli, Byglandsfjord		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Næring/industri alt. fritidsbustad		
Arealstorleik: 86 000 m ²		
Forslagsstillar: Gunnar Gakkestad og Hege Kristine Jore Gakkestad		
Beskriving av innspelet: Forslag om utvikling av enten næring/industri eller fritidsbustadområde.		
Beskriving av området: Området består av skogsmark.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Tap av produktivt skogbruksareal av låg til høg bonitet som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	--	Den gamle køyrevegen er avsett som kulturminne. Avklare med kulturminneavdelinga. Avbøtande tiltak: omsynssone føresegner, bevaring av veganlegg. Vegen vert nytta som privatveg.
Stadkvalitetar	++	Området er godt synleg frå vegen og kan eigne seg for verksemder som er avhengig av å vere synleg og profilert. Området er også ganske stort som gjer at det er plass til fleire verksemder på same plass.
Blågrøn faktor	-	Spare kantsone mot lita tjønn og våtområde i nord, samt mot rv. 9. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i nærliggande vannførekomstar.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Eit industri eller næringsområde vil generere meir biltransport.
Stråling	-	Høgspent går ved området i aust, positivt med tanke på tilkopling til straum. Radonfare er uavklart.

Støy og vibrasjonar	--	Delar av området ligg nærme rv. 9 med tanke på trafikkstøy. Støy frå Rv9 må bli vurdert, og det må ev. bli gjort avbøtande tiltak som støyskjerming eller bevaring av vegetasjon mot rv. 9.
Luftkvalitet	-	Dersom området blir nytta til formål som genererer auka transportbehov, så vil det påverke luftkvaliteten.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Kort avstand til møteplassar og idrettsanlegg.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje fare for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. Det er ikkje flaumfare frå Byglandsfjorden, men det kan vere flaumfare i bekkar i området.
Teknisk infrastruktur	---	Det er ingen kommunal VA-infrastruktur i området. Delar av veg i nord er kommunal. Avkørsle føreligg. Dette tiltaket fordrar ei heilskapleg planlegging/prosjektering med omsyn til VVA for Byglandsfjord Sør, inkl. Vassendkilen mot kommunegrense. Rekkefølgekrav om VA og g/s-veg først bør setjast som vilkår. Utbyggingsavtalar bør vurderast.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er lite nytta som friområde. Rundtur om Dammen er mykje brukt og det gjer at turgåarar går langs rv. 9. Ei utbygging av området bør legg til rette for trygg turveg i retning Byglandsfjord.
Transportbehov	-	Området manglar tilgang til gang og sykkelveg. Vil gi auka biltrafikk viss dette ikkje kjem på plass.
Konsekvensar for næringslivet	++	Arealet blir vurdert som eigna for næringsverksemd.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert. Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området ligg fint til med tanke på næringsverksemd med nærleik til rv. 9 og Byglandsfjord. Kommunen har behov for industriområde sør i kommunen.		
Konklusjon		
Området blir teke med vidare i planarbeidet som næringsområde. Det blir krav om detaljregulering og rekkefølgekrav om nødvendig infrastruktur.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Radon Støy Flaumfare frå bekkar Teknisk infrastruktur		



128 – Nesmoen aust (NÆ06)		
Gnr/bnr: 35/2	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Nesmoen		
Dagens formål: LNF (strandsonenplanen)		
Foreslått formål: Næringsverksemd		
Arealstorleik: 37 000 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: Auka tilgang på næringsareal i nærleiken til Nesmoen næringsområde.		
Beskriving av området: Sand- og grusførekost Nese ligg innanfor området. Området består av skogsmark. Ligg inntil skytebanen og seksjonert hotell. Har vore arbeidd med å etablere endurobane i område. Området er spela inn til framtidig vern av skog, men kvalifiserte ikkje til det.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	--	Tap av produktivt skogareal av høg bonitet som er lett tilgjengeleg. Sand- og grusførekostar i området blir utilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	+	Området består av skogsmark og ligg inntil rv. 9. Skytebana ligg rett på sørsida og Setesdal hotell ligg på andre sida av rv. 9. Næringsområdet på Nesmoen ligg nordvest for området. Det er nokre fritidsbustadar i nærleiken.
Blågrøn faktor	0	Ingen konsekvens.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Etablering av næringsareal vil medføre klimaotslepp i anleggsperioden.
Stråling	-	Høgspenst går like ved området, men slik området er avmerka er det ikkje i konflikt med høgspenst. Moderat til låg fare for radon.

Støy og vibrasjonar	--	Etablering av næringsareal vil naturleg medføre auka støy. Området vil også merke støy frå rv. 9.
Luftkvalitet	--	Etablering av næringsareal vil kunne generere auka biltrafikk og meir svevestøv. Området vil også merke svevestøv frå rv. 9. ÅDT=1870.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+	Mindre relevant. Gode moglegheiter for friluftsliv med tanke på nærleik til fjorden og heia. Kort avstand til skytebane.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Snøskredfare, jf. NVE aktsemdskart er det ikkje anna naturfare i området.
Teknisk infrastruktur	++	God VVA-kapasitet, inkl. oppdatert straumnett med både 220 og 400 Volts transformator. Detaljreguleringsplan må innehalde VVA-plan.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området er lite brukt som friområde.
Transportbehov	++	Området ligg nærme rv. 9 og Bygland sentrum. Det er tilgang på kollektivtilbod.
Konsekvensar for næringslivet	++	Området blir vurdert som godt eigna for næringsverksemd, er godt synleg frå vegen, og det er i nærleiken av andre etablerte område med næring og industri. Omsyn til eksisterande næring når det gjeld for eksempel støy, vert teke omsyn til i ei eventuell detaljregulering.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Uttak av sand- og grusførekomstar er i liten grad aktuelt då massane ligg lågt i forhold til eksisterande terreng. Området framstår som ei naturleg utviding av eksisterande næringsareal på Nesmoen. Bygland IL v. endurobanemiljøet ønskjer å regulere arealet til motorsport. PMR har møte den 15.09-2020 oppmoda Bygland IL til å vurdere å regulere inn det aktuelle området som næring. Forslaget om endre formålet vart innleiingsvis teken ut av vidare KPA – arbeidet. Dette med utgangspunkt i at same arealet var meldt inn som mogleg barskogvern. Det er avklara at det ikkje blir barskogvern. Grunneigar ønskjer ikkje å endre formålet i området til næringsverksemd, men omsynet til behov for næringsareal i nærleiken av sentrum blir vurdert som viktigare.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Naturfare		

5.2.7 Idrettsanlegg

100 – Bygland discgolfbane (LNF)		
Gnr/bnr: 47/26	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Bygland		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Idrettsanlegg		
Arealstorleik: 237 000 m ²		
Forslagsstillar: KVS Bygland og Bygland IL		
Beskriving av innspelet: Innspelet er basert på motteke søknad om spelemidlar til etablering av discgolfbane.		
Beskriving av området: Området består av skogsmark. Det er ein ridehall innafør området og nokre stiar. Området er lite brukt i dag utover ridehallen og noko jakt.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Bandlegging høgproduktivt skogareal.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ved etablering av anlegg må freda gravfelt bli tatt omsyn til. Tilaket er av ein slik art at det let seg gjere ved å plassere utstyr og gjere tiltak utanfor dei freda områda.
Stadkvalitetar	+++	Området består av skogsmark og nokre stiar. Området ligg lett tilgjengeleg for busette i Byglandsbygda. Det vidaregåande skulen KVS Bygland ligg like ved.
Blågrøn faktor	-	Kantsoner langs bekkesig bør bli ivarett.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	0	Ingen konsekvens.
Stråling	0	Høgspenteledning kryssar så vidt området i eine hjørnet mot nord-vest. Radon er ikkje relevant for dette tiltaket.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Fleire moglegheiter for fritidsaktivitetar gjer området meir attraktivt. Tiltaket vil vere eit godt tilskot til uteaktivitet.



Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+++	Tiltaket legg til rette for lågterskel aktivitet tilpassa alle aldrar, som gjev auka folkehelse. Tiltaket vil vere ope for alle og vil kunne fungere som ein sosial møteplass. Området er lett tilgjengeleg.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	++	Ikkje utsett for naturfare. Området ligg nærme fylkesveg og kommunal veg.
Teknisk infrastruktur	+	Parkeringsareal til området må avklart. Dersom det blir aktuelt med ei større satsing, så må tiltaket bli planlagt nærmare gjennom detaljplanlegging.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	+++	Tiltaket legg til rette for friluftsliv og fysisk aktivitet i eit fint naturområde.
Transportbehov	+	Området ligg i gangavstand frå skule og busetnad i Byglandsbygda. Det er kollektivtilbod i området. Det er ikkje g/s-veg til området, og det er heller ikkje lys langs vegen. I Barnetråkk sa barn og unge at vegen var skummel. Eit avbøtande tiltak vil vere å etablere veglys frå sentrum og til området.
Konsekvensar for næringslivet	+	Auka aktivitetstilbod i tilknytning til Bygland KVS vil gjere skulen meir attraktiv for elevar og bidra til å styrke elevgrunnlaget.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ein nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbygarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Auka lågterskel aktivitet er positivt for folkehelsa, og vil gje samfunnsnytte med mogleg redusert bruk av helsetenester. Området ligg nærme sentrumsfunksjonar og skule/barnehage og er lett tilgjengeleg for mange. Tiltaket vil avgrense skogsdrifta noko, men utstyret kan bli flytta på. Det er difor mogleg å drive skogsdrift og hovudformålet vil vere skogbruk. Forholda mellom grunneigar og forslagsstillar må avklarast i eigen avtale mellom partane, som t. d. parkering og ev. andre behov som kan vere aktuelle.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Hovudformålet vil vere skogbruk. Formålet blir difor LNF.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Veglys Parkering		

118 – Heistad ljosløype (-)		
Gnr/bnr: 10/2, 10/29, 10/4, 10/7, 11/3, 11/1, 11/5, 11/4	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Heistad		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Idrettsanlegg		
Arealstorleik: 5 000 m2		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: Betre til rettelegging av eksisterande ljosløype. Lysløypa er eigd av idrettslaget, men kommunen har dekkja kostnadane med drift og forvaltning. Ein organisatorisk gjennomgang har vore ein fordel. Grunneigaravtalar må bli fornya.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området består i hovudsak av dyrka mark.. Sand- og grusførekomsten Heistad ligg innanfor området.		
0-alternativ: Ljosløypa består som i dag. Løypekøyning blir utført av Bygland IL/privatpersonar. Grunneigaravtalar bør bli gjennomgått og eventuelt fornya. Det er behov for å bytte til LED-armatur.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	--	Går over jordbruksareal og produktiv skogsmark. Å definere løypa som idrettsanlegg er negativt med omsyn til utviklingsmoglegheiter for landbruket. LNF føremålet blir sett til side i eit aktivt jordbruksområde ved at det kan bli ekspropriert rett til å køyre skiløype. Anlegget kan vere til hinder for å vidareutvikle jordbruksdrifta med tanke på nydyrking og landbruksbygg. Kan føre til at sand- og grusførekomst blir utilgjengeleg.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	--	Automatisk freda kulturminne ligg innafor området. Avklare med kulturminneavdelinga i fylkeskommunen. Ev. avbøtande tiltak gjennom bruk av føresegner og omsynssoner.
Stadkvalitetar	+	Området er lett tilgjengeleg ved fv 3806 og i nærleiken til busetnad på Heistad. Det er ustabile snøtilhøve i området.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Otrå må bli ivaretatt. Det er grei kantsone i dag.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Transportavstand blir noko utfordra.
Stråling	-	Det er høgspenteledning innafor området. Radon er ikkje relevant i høve ljosløype.
Støy og vibrasjonar	-	Løypekøyning genererer noko støy i sesongen.
Luftkvalitet	0	Ingen påverknad

Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Området ligg inntil bustadområde med hovudvekt på landbruksseigedomar. Oppkøyrd skiløyper er positivt for folkehelsa.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Det er reiseavstand til Ljosløypa for dei fleste innbyggjarane. Anlegget er ope for alle.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Det er snøskredfare innafør området. Det er ikkje fare for flaum, steinsprang eller jord- og flaumskred innafør området.
Teknisk infrastruktur	---	Lysanlegget med stolpar og armatur er svært gammalt og utgått på dato. Det bør fornyast, også av omsyn til driftskostnadar. Det er ikkje grunneigaravtalar når det gjeld parkering i samband med bruk av anlegget. Dagens parkeringstilhøve er heller ikkje tilfredsstillande. Anlegget ligg nærme straumnett.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	+++	Ljosløypa legg til rette for fysisk aktivitet.
Transportbehov	-	Det er ikkje g/s-veg eller kollektivtilbod i området. Dei fleste vil nytte bil som transportmiddel.
Konsekvensar for næringslivet	+	Ingen konsekvensar på lang sikt. Mogleg verdiskaping lokalt på kort sikt ved at entreprenørar får arbeid med å utarbeide skiløypa.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ein nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er usikre snøforhold i dalbotnen. Det er i dag eit uavklart ansvar mellom kommunen og Bygland IL med omsyn til vedlikehald. Kommunen har kostnadane for straum og også teke kostnadar med anna vedlikehald. Skift av pærer, lysarmatur m v. Anlegget treng opprusting ved framleis drift. Det bør bli gjort eit heilskapleg vurdering av kvar ei eventuell lysløype skal ligge i kommunen.		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje teke med vidare i planarbeidet. Løypa blir ein del av sti- og løypeplanen.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

119/148 – Bygland ljosløype (-)		
Gnr/bnr: 47/26, 45/2	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Bygland sentrum		
Dagens formål: LNF, bustad/forretning/kontor, anna byggeområde (reguleringsplanar)		
Foreslått formål: Idrettsanlegg		
Arealstorleik: 5 400 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet:		
Beskriving av området: Betre til rettelegging av eksisterande ljosløype. Mogleg kombinasjon med sykkelløype. Det er usikkert om det er gjeldande grunneigaravtalar. Sand- og grusførekomsten Bygland ligg innanfor området.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ: Grunna ein del nybygg som utfordrar traseen, så er det varierende framkomst. Det er avgrensa dagar med snøtilhøve, så bruken vil vere avgrensa til løypekøyning med sporkall når det ligg til rette for det.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av jordbruksareal og sand- og grusførekomst.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Ljosløype-/sykkeltraseen ligg i sentrum av Bygland med enkel tilgang frå skule og barnhage. Det er eit noko kupert terreng. Nybygg i området gjer til at nåverande trase inneheld kryssing av veg.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Raudbakk bør bli ivaretatt.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	0	Ingen konsekvens.
Stråling	-	Det er høgspenning i området. Radon er ikkje relevant for tiltaket.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Området ligg inntil bustadområde, oppvekstsenter og vidaregåande skule. Det er landbrukseigedomar i området. Oppkøynde skiløyper og eventuell sykkelløype vil vere positivt for folkehelse.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Anlegget vil vere ope for alle og er lett tilgjengeleg.
Samfunn og livsstilsfaktorar		

Risiko og sårbarheit	--	Det er flaumfare frå bekk/elver og jord- og flaumskredfare. Det er ikkje fare for snøskred eller steinsprang.
Teknisk infrastruktur	---	Her er mange armatur og stolpar som bør bli bytta. Løypa sin kvalitet er redusert pga. ulike utbyggingar og vegkryssingar gjennom åra. Med tanke på teknisk veginfrastruktur og framtidige utviklingsmoglegheiter på bygg og anna infrastruktur, så bør ein vurdere å finne ny lokalitet for ei meir attraktiv ljosløype. I meir snøsikre området.
Mobilitet/kortreist kvardag	++	Området ligg nærme busetnad og sentrumsfunksjonar.
Naturområde og friareal	+++	Ljosløypa/sykkelløypa legg til rette for fysisk aktivitet.
Transportbehov	++	Det er tilgang på kollektivtilbod, og nærliggjande busetnad vil kunne gå til området.
Konsekvensar for næringslivet	+	Ingen konsekvensar på lang sikt. Mogleg verdiskaping lokalt på kort sikt ved at entreprenørar får arbeid med å utarbeide skiløypa.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ein nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Den gamle lysløypa har blitt delt opp med infrastruktur og nybygg. Armaturen er forelda og bør fornyast om dei skal bestå. Dette i kombinasjon med dårlege snøtilhøve gjer at ein vurderer området som lite eigna som lysløype. Det er tilgang på jorde i nærleiken av skule og barnehage som eventuelt kan nyttast etter avtale med grunneigar. Ski- og sykkelløype vil kome i konflikt med kryssing av bilveggar og undervisningsområde.		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje teke med vidare i planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		



122 – Nesmoen (IDRO2)		
Gnr/brnr: 35/2		
Stad/plassering: Nesmoen		
Dagens formål: LNF (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Idrettsanlegg		
Arealstorleik: 1191 896 m ²		
Forslagsstilar: Bygland IL/Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: Innspelet om å nytte området til enduro/trial i regi av Bygland IL. Området skal vere tilgjengeleg for å kunne nyttast av allmennheita i tråd med NMF sin reglar og retningsliner. Det er ikkje tenkt større inngrep eller opparbeiding av terreng i området. Lause hinder og rydding av skog er aktuelt. Det er aktuelt med utviding av parkeringsarealet ved dagens skytebane og moglegheit for å sette opp eit mindre lagerbygg i tilknytning til dette. Eksisterande avkøyring til skytebanen vil bli nytta etter avtale med grunneigar.	<p>Kart med innspelet</p> 	
Beskriving av området: Området består av skogsmark og ligg på austsida av Byglandsfjorden. Det er relativt kort avstand til sentrumsfunksjonar og med enkel tilkomst via rv. 9. I nærleiken er det industriområde, hoteldrift, utleiehytter, skytebane og fritidsbustader.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
O-alternativ: Området blir i hovudsak verande som i dag, men det er forslag om å etablere nytt næringsområde i nærleiken av rv. 9.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	---	Tap av produktivt større skogareal av lav til høg bonitet. Vil kunne påverke drift av skog. Interessekonflikt vil kunne oppstå mellom enduroaktivitet og primærnæringsinteresser.
Naturmangfald	---	Registrert leikområde for storfugl inn mot grense i sør. Registrert nært trua artar som gubbeskjegg, svartsonekjuka og lodnevaniljerot. Ligg inne miljøfigurar i skogbruksplanen i Urvika. Vil påverke hjortevilt og fugl. Ev. regplan må krevje KU på naturmangfald.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Der ligg eit kulturminne i austleg del av teigen. Gamal støy.
Stadkvalitetar	--	Ev. køyring vil påføre området sporsetjing og bruk som vil vere mindre attraktivt med tanke på friluftsliv, jakt m v.
Blågrøn faktor	--	Myr og kantsoner i området må taksast vare på.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	---	Vil kunne gjeve støy for omkringliggjande areal med overnattingsverksemdar m v.
Stråling	0	Ikkje relevant
Støy og vibrasjonar	---	Tiltaket vil generere støy og ulempe for omgjevnadane. Må spesielt sjå på støy i kombinasjon med eksisterande turist- og reiselivsanlegg, hotell og utleigehytter.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Relativt sentrumsnært. Kort avstand til hotellovernatting. Eit så stor område kan bli eit fantastisk flott arena for Endurosporten og kan bli ein attraksjon langt utom landets grenser.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	-	Aktiviteten er ein relativ eksklusiv og dyr hobby/aktivitet. Det kan og tenkast at ein gjennom idrettslaget kan skape eit breiare miljø med låne/leigesyklar. Vanlegvis er slike miljø for dei spesielt interesserte og relativt lite.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er naturfare i området- må evt. Avklarast i ein detaljplan for området.
Teknisk infrastruktur	-	Det ligg teknisk VA-infrastruktur nært til området som vil kunne utvidast. Det gir ein kostnad for tiltakshavar eller kommune.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Arealet gir høve for rekreasjon for dei med motorsport som hobby. Enduroverksemd kan redusere andre former for rekreasjon og fysisk aktivitet for andre brukargrupper i område.
Transportbehov	-	Ein må anta at det blir bruka motorisert ferdsel til og frå området. Området ligg nærme Bygland sentrum, men der er pr nå ingen G/S-veg til Nesmoen.
Konsekvensar for næringslivet	-	Det er vanskeleg å sjå korleis dette vil gi verdiskaping for Bygland ut frå dei opplysningar som er komne inn. Ein kan tenke seg at eit så stort område kan gi stor aktivitet, men denne typen aktivitet kan og bli ekskluderande for andre aktivitetar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ein nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er eit stort areal som er spelt inn, det er lite detaljar og opplysningar om kor mykje av arealet som verkeleg vil bli råka. Med omsyn til at arealet ligg nært til eksisterande reiselivs og turist verksemd og utfordringar med støy, samt at det er fleire registreringar i Naturbasen vil ein etter ei totalvurdering tilrå at innspelet slik det ligg føre no ikkje blir teke med vidare inn i kommuneplanen.		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje tatt med vidare i planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		



139 – Ellingstjønn skytebane (IDR01)		
Gnr/bnr: 36/2	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Ellingstjønn, Bjånes		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Idrettsanlegg		
Arealstorleik: 101 000 m ²		
Forslagsstillar: Bygland Jeger og fiskeforeining		
Beskriving av innspelet: Etablering av ny skytebane som skal erstatte dagens skytebane og leirduebane. Sand- og grusførekomsten Storstraumen utgjer delar av området.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området er prega av skogsmark og ligg vestvendt.		
O-alternativ: Området består som det er i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	–	Tap av produktivt skogbruksareal av høg bonitet som er lett tilgjengeleg. Sand- og grusførekomstar i området blir utilgjengeleg.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området.
Stadkvalitetar	+	Området er ikkje bebygd og består av skogsmark. Området ligg nærme fylkesveg med enkel tilkomst, men i noko avstand til busetnad.
Blågrøn faktor	-	Ivareta opne bekkar og oppretthalde kantsone mot bekk. Kan være risiko for avrenning med innhald av bly. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Åraksfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	–	Aktiviteten vil nødvendigvis medføre noko auka transportbehov, men vurderast som underordna. Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.
Stråling	-	Mogleg noko konflikt med høgspenst. Det må bli avklart i samband med detaljplanlegging. Radonfare er delvis uavklart eller moderat liten fare.
Støy og vibrasjonar	–	Tiltaket inneber støyande aktivitet. Det ligg eit etablert fritidsbustadområde på andre sida av fjorden. I tillegg er det ei hytte som ligg like i nærleiken og eit område som blir noko brukt til klatring. Det må gjerast naudsynte og lovpålagte støyutgreingar.

Luftkvalitet	0	Ikkje relevant.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Tiltaket gjev auka kapasitet og standard på skytebaneanlegg.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+++	Tiltaket vil vere eit tilskot til møteplassar i kommunen på tvers av generasjonar.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Delvis fare for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Området er lett tilgjengeleg frå fylkesveg.
Teknisk infrastruktur	---	Det er ingen kommunal VA-infrastruktur i området. Detaljregulering må klargjere forsvarlege løysingar.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant
Naturområde og friareal	-	Området er lite brukt som friområde.
Transportbehov	--	Det vil bli auka transportbehov. Det er ikkje kollektivtilbod i nærleiken.
Konsekvensar for næringslivet	0	Ingen konsekvens.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ein nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Sand- og grusførekomstar i området kan nyttast til å utvikle området. Eventuelle overskotsmasser kan nyttast i nærområdet eller deponerast midlertidig i massetak i nærleiken. Etablering av ny skytebane er positivt med tanke på betre fasilitetar og å få samla aktivitetane. Området ligg tett på eit område som blir noko brukt til klatring, og ca 1 km frå større fritidsbustadområde på andre sida av fjorden. Det vil vere avgjerande å få gjennomført støymåling og eventuelle avbøtande tiltak. Området har god avstand til fast busetnad.		
Konklusjon		
Forslaget blir teken med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Forureining Stråling Støy Naturfare Teknisk infrastruktur		

5.3.1 Kombinert bygg- og anleggsformål

93 – Austadneset (KBA01 og B12)		
Gnr/bnr: 13/5 og 13/15	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Austad/Austadneset		
Dagens formål: LNF(strandsonenplanen)		
Foreslått formål: Kombinert bygg og anlegg (bustad/fritidsbustad/næring)		
Arealstorleik: 173 000 m ²		
Forslagsstillar: Knut Gakkestad og Dagfinn Borgi		
Beskriving av innspelet: Formål om heilskapleg tilrettelegging for anslagsvis 15 fritidsbustadar. Etablering av leikeområde. Positive til å ivareta dyrka mark. Det kan vere aktuelt å nytte ein avgrensa del til anslagsvis 10 bustadtomter i tilknytning til jordbruksarealet. Det er også aktuelt å legge til rette for eit felles kontorlokale til utleige for fastbuande og hyttefolk. Tilrettelegging av turstiar, friluftsområde og parkering.		
Beskriving av området: Området er i stor grad skogsmark. Det er ein mindre del av området som er dyrka. Det ligg to bustadar og fire fritidsbustadar innanfor området. Sand- og grusførekomsten Heistad ligg i området.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
0-alternativ: Området blir i stor grad verande slik det er i dag. Kommunen har vurdert området som godt eigna til framtidig forbedring/utbygging av VA-infratraktur for Ose og omegn. Etablering av VA-anlegg vil bandelegge ei lite område og generere avgrensa trafikk.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktiv skogsmark av middels bonitet som er lett tilgjengeleg. Det er ca 15 daa dyrka mark innafor området. Den dyrka marka vil bli reetablert innanfor området. Delar av området er definert som mogleg nydyrkingsareal. Sand- og grusførekomsten i området blir utilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Det er registrert ein enkelt observasjon av tårnseilar i området, elles er det ikkje registrert andre miljøkvalitetar.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Det er kulturminne innanfor området.
Stadkvalitetar	++	Området ligg nærme Åraksfjorden med sine kvalitetar. Det er skogsområde i nærleiken og kort veg til heieområda. Det er to bustadar og fire fritidsbustadar i ytterkant av området.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot vatn må ivaretaast. Det er ikkje dokumentert viktig gyteområde for bleke i området. Det grønne beltet langs fjorden vil legge til rette for å bevare vegetasjon. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Åraksfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal som lagrar karbon. Avstand til sentrumsfunksjonar som skule/barnehage og liknande vil generere auka biltrafikk. Ei utbygging som legg til rette for gode område med friareal, vil auke kvaliteten på området og ivareta delar av eksisterande skogsareal.
Stråling	--	Delar av området har antatt høg verdi av radon. Dersom det blir regulert bygg innafor desse områda, må desse bli prosjektert med tilstrekkeleg sikkerheit. Det går høgspenline over området. Bygg må bli plassert utanfor minimumsavstand sett av DSB.

Støy og vibrasjonar	-	Det vil bli noko støy i samband med utbygging av området. Rv. 9 ligg på andre sida av Åraksfjorden og vil medføre noko bilstøy. Støysonekartet syner likevel at området ligg utanfor støysonene. Bevaring av vegetasjon vil bidra til skjerming mot støy.
Luftkvalitet	-	Noko auka biltrafikk, men i så lite grad at det ikkje vil påverke luftkvaliteten i særleg grad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Området ligg sørvendt. Det er kort veg til eksisterande bustadområde på Austad og til Ose sentrum. Ose grendehus blir nytta til kulturaktivitetar og litt idrett. Det er kort veg til heieområda. Det er lysløype 4 km nord for området. Det er ikkje opparbeidd leikeplass i nærleiken, men det er ønska opparbeidd innafør området og det er regulert inn i samband med områderegulering.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Det er ca. 1,3 km til lokalbutikk, kafe og forsamlingshus. Det er ca. 20 km til skule/barnehage og andre sentrumsfunksjonar. Båtlivet er ein viktig aktivitet for fastbuande og besøkjande, og området ligg godt til rette for dette. Detaljregulering bør legge til rette for etablering av leikeplass i området.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Ikkje naturfare slik som snøskredfare, steinsprangfare og jord- og flaumskredfare. Det er noko flaumfare langs fjorden. Område innafør flaumsona er i stor grad avsett til grøntareal.
Teknisk infrastruktur	++	Området er vurdert som fornuftig lokasjon med tanke på framtidig VA – infrastruktur for Ose med omheng. Etablering av VA-anlegg vil skje uavhengig av utvikling av området pga. behov i andre område. Det vil også vere eit utgangspunkt for evt. drikkevasskjelde til Åraksbø med sjøkabel. Området ligg nærme fv 3804 og 3806. Rv. 9 ligg også i nærleiken. Det er straumforsyning og fiber i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	-	Det er ca. 20 km til sentrumsfunksjonar som skule og barnehage. Det går skulebuss forbi området. Etablering av g/s-veg til Ose og busshaldeplass inngår i gjeldande områdeplan og vil vere positivt for utvikling av området.
Naturområde og friareal	-	Badestranda i sør blir litt brukt. Området elles blir noko nytta av eigedomane innanfor området. Detaljregulering bør legge til rette for etablering av turstiar og bevare grøntområde innanfor området. Strandsona bør bli tilrettelagt for allmenn ferdsel.
Transportbehov	-	Det vil bli auka transportbehov grunna køyreavstand til sentrumsfunksjonar. Eksisterande skulerute passerer området. Det er gangavstand til busshaldeplass og til nærbutikk. Rutebusstilbodet i dag dekkjer behovet.
Konsekvensar for næringslivet	++	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar. Nye bustadområde vil kunne få positive ringverknadar for det lokale næringslivet. Bygging av nye bustadar kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 2, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. To sentra og levande bygdelag.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Ei blanding av fritidsbustad og bustad kan skape interessekonflikt. Området ligg nærme Ose som har lokalbutikk, forsamlingshus og kafé. Det ligg også nærme eksisterande bustadområde på Austad. Det er ca. 20 km til skule/barnehage og andre sentrumsfunksjonar. Dette vil generere auka biltrafikk. Det er ca. 15 daa dyrka mark og denne bør ivaretas, men kan flyttast innanfor området. Sand- og grusførekomstar i området vil kunne nyttast til utvikling av området. Ein større del av området er registrert med radon i grunnen og det er høgspenst nord i området. Dette må ein ta omsyn til. Det er positivt med tilrettelegging av tursti langs fjorden, men det er viktig å ta vare på kantsona for å unngå erosjon. Tilrettelegging av småbåtanlegg er positivt for utviklinga av området. Ved å legge denne i nærleiken av veg og offentleg VA-anlegg, så kan fleire få tilgang til å nytte anlegget. Det bør også leggjast til rette for båtslepp. Området som er avsett til småbåtanlegg bør bli avgrensa noko. Store delar av området blir lite brukt i dag, men det har eit godt potensiale. Ei heilskapleg utvikling av området vil styrke Ose og Austad som bygdelag.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Dyrka mark Kulturminne Radon Teknisk infrastruktur Det er viktig å tydeleggjere skiljet mellom bustad- og fritidsbustadområde i detaljplanarbeidet.		



113 – Byglandsfjord (KBA02)		
Gnr/bnr: 69/304, 69/355, 69/59, 69/325, 69/337, 69/338, 69/339, 69/340		
Stad/plassering: Byglandsfjord, Strandgata		
Dagens formål: Forretning/industri (reg.plan 199901) Bustad/forretning (reg.plan 200902) Felles leikeareal (reg.plan 200902) Bustad (leilegheiter), forretning og industri (reg.plan 200902)		
Foreslått formål: Bustad/næring/grønstruktur/idrett		
Arealstorleik: 14 000 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: For å ta i vare bukkvalitetane saman med næringsutvikling er det behov for å sjå på framtidig utvikling av området.. Det er behov for ei heilskapleg vurdering av ny eller justert bruk av området og bygningane, der ein tar omsyn til nærleiken til stasjonsområdet, fjorden og dei historiske verdiane. Området ligg innanfor sand- og grusførekomsten Byglandsfjord.		
Beskriving av området: Området ber preg av nåverande og tidlegare industri- og næringsverksemd. Det er etablert bustadar innfor området og noko areal blir nytta som lager/lagringsplass. Området ligg inntil etablerte bustadområde. Historisk har området vore prega av detaljhandel om industriverksemd saman med bustadområde.		
O-alternativ: Dei eksisterande bygningane blir nytta til industri- og næringsverksemd med føresegn for støy og støv.		
Kart med innspelet 		
Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Ingen konsekvens.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen kulturminne innafor området. Stasjonsområdet ligg i nærleiken med sitt verna område inkl. bygningar.
Stadkvalitetar	+++	Området grensar til grøntareal på stasjonsområdet. Det er etablert bustadområde i umiddelbar nærleik. Det er kort avstand til fjorden og til felles båtbyggje.
Blågrøn faktor	0	Ingen konsekvens.
Miljøfaktorar		

Forureining og klimaavtrykk	--	Det er tidlegare vore sagbruk og rutebilgarasje i området. Delar av området er kartlagt med forureina grunn. Ein endra bruk av område vil krevje opprydding.
Stråling	-	Moderat til låg fare for radon. Ikkje i konflikt med høgspenntområde.
Støy og vibrasjonar	++	Ein transformasjon vil minske støy. Det vil bli noko støy i samband med anleggsperioden.
Luftkvalitet	++	Ein transformasjon vil forbetre luftkvaliteten.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Tiltaket vil auke kvaliteten på bumiljøet ved å fjerne industripreget. Tiltaket vil forsterke dei grøne kvalitetane og styrke bumiljøet. Området ligg nærme fjorden og grøntareal ved stasjonsområdet. Det er gode moglegheiter for bade- og båtliv. Det er kort avstand til heieområde.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+++	Området ligg nærme sentrumsfunksjonar og oppvekstsenter. Det er kort veg til møteplassar, idrettsanlegg og Hampetjønn nærmiljøanlegg. Det er etablert busetand i umiddelbar nærleik.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Ikkje naturfare slik som snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred. Det er heller ikkje flaumfare.
Teknisk infrastruktur	+++	Det er kommunal VA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	+++	Det er g/s-veg til skule og barnehage.
Naturområde og friareal	0	Ingen konsekvens.
Transportbehov	+++	Det er kollektivtilbod i nærleiken. Det er gode moglegheiter for å gå og sykle.
Konsekvensar for næringslivet	--	Transformasjon frå industri til bustadområde kan føre til tap av arbeidsplassar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+++	Med bakgrunn i arealplanstrategien sitt kulepunkt 7, ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Ei blanding av industri og bustad er uheldig og har skapt konflikt. Området ligg i nærområdet til eksisterande bustadområde, og ein transformasjon til bustadområde, mindre næringsverksemd og grøntareal vil vere positivt for området. Eit tydeleg skilje mellom bustad og industri er viktig for å unngå konflikt.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Forureining Radon		



29 – Kvålsmoen (KBA03)		
Gnr/bnr: 36/5	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Bygland, Kvålsmoen		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Næringsverksemd		
Arealstorleik: 7 000 m ²		
Forslagsstillar: Bygland Varmesentral AS v. Inge Kvaale		
Beskriving av innspelet: Etablering av næringsareal (lagring av tømmer).		
Beskriving av området: Området består av skogsmark. Det ligg mellom næringsområde og idrettsbane og i nærleiken til landbrukseigedomar. Ein bustad ligg nærme området. Sand- og grusførekomsten Bygland ligg innanfor området.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktivt skogareal og dyrkbar jord. Sand- og grusførekomstar i området blir utilgjengelege.
Naturmangfald	-	Ingen særskilte negative konsekvensar ut over redusert skogareal. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	-	Skogsområde som ligg mellom idrettsplass og næringsområde. Vegane i området blir brukt som turveg. Tidvis støyande verksemd som ligg tett på bustadområde.
Blågrøn faktor	-	Tap av grøntareal i spreidd bustadområde. Avrenning frå tømmevatning vil kunne virke eutrofierande på Kvålsåna, da det kan førekomme utvasking av bl.a. fosfor og nitrogen, og avrenning kan ha låg pH. Kvålsåna (021-1525-R) er i Vann-nett registrert med 'svært god' økologisk tilstand, og i utgangspunktet kan tilstanden ikkje bli forringa. Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending. Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna. Vurderinga kan

		resultere i at tiltaket ikkje tillatast. Avbøtande tiltak kan være kantsoner / hindring av avrenning.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Auka tungtransport gjennom sentrum gir auka klimautslepp.
Stråling	-	Radon fare moderat til låg. Ikkje i konflikt med høgspenteleine.
Støy og vibrasjonar	--	Tungtransport skapar støy. Dei dagane det blir utført flising er det støy - er usikker på kva som var resultatet av støymåling.
Luftkvalitet	--	Auka tungtransport gir negativ luftutslepp lokalt.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	--	Nærområdet blir mykje nytta i skule og barnehage. Auka tungtrafikk vil gjere området farlegare å bruke for myke trafikantar.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Det er ikkje steinsprangfare, fare for snøskred eller jord- og flaumskredfare. Det kan vere ein liten moglegheit for flaumfare. Dette vil vere avhengig av kva nivå ein legg ferdig planert terreng på. For tida er dette langs skuleveg, og området ligg nærme idrettsanlegget. Lagring av tømmer må difor skje forsvarleg og bør moglegvis bli gjerda inne.
Teknisk infrastruktur	-	Kommunal veg inn til området er ikkje dimensjonert for dagens tungtrafikk. All kommunal VA-infrastruktur i området ligg i vegggrunnen. Transporttrykk utfordrar trafikktryggleiken til idrettsbane og oppvekstsenter. Eventuell detaljplan for utvikling av området til næring/industri må famne om rekkefølgekrav i høve istandsetting av tilkomstveg etter Kvålsbrua. Brua over Kvålsåni er ikkje brei nok til at to bilar kan møtast.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	--	Området ligg i eit viktig leike/fritidsområde for barn og unge.
Transportbehov	-	Auka tungtransport gjennom sentrum gir auka støy og auka klimagassutslepp.
Konsekvensar for næringslivet	+	Slik forretningskonseptet framstår no, vil ikkje dette tiltaket gi auke i arbeidsplassar av betydning, men det vil kunne gi auka inntekter for den aktuelle verksemda og mogleg noko auka aktivitet for leverandørane til bedrifta.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i samfunnsdelen: Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert. Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området ligg tett opp til område avsett til idrettsformål. Området bør bli sett på i ein større samanheng der ein tek omsyn til trygg ferdsl for mjuke trafikantar, tilgang på og utvikling av friområde/idrettsanlegg og utvikling av næringsverksemd. Sand- og grusførekomstar i området vurderast som lite aktuelle å ta ut pga. endringane det vil få for landskapet i Byglands bygda.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med i det vidare planarbeidet. Området blir utvida til å inkludere eigedom 36/29 og heile området mellom vegane, og blir lagt inn som kombinert bygg- og anleggsformål for både næring og idrett. Det blir krav om detaljregulering før frådelling og evt. tiltak i området.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Avrenning Vassforskriftas §12 Teknisk infrastruktur Trafikktryggleik Friområde/idrettsanlegg/næring Barn og unge sine interesser		

5.3.2 Andre typar bygningar og anlegg

71- Gytjønn (-)		
Gnr/bnr: 49/4	Kart med anslått magasinstorleik	
Stad/plassering: Gytjønn		
Dagens formål: LNF (kommuneplan)		
Foreslått formål: Andre typar bygningar og anlegg		
Arealstorleik: 150 000 m ²		
Forslagsstilar: Olav Skeie		
Beskriving av innspelet: Innspelet om etablering av tilsigsmagasin for småskala vasskraft. 1 tømmerdam. 6 meter magasinheving mellom kote 563 og 569. Tiltaket må konsesjonssøkjast etter vilkåra i Vassressurslova.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området består av myr og skogsmark rundt Gytjønn.		
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Vil demme opp myrreal og skog rundt Gytjønn. NVE gav avslag på kraftverket Melefallet II i 16.11.2015.
Naturmangfald	---	Raudlista rovfugl er registrert i nærleiken. Ingen andre miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ikkje registrert kulturminne, men ligger tett opp til eit registrert kulturminne, rideveg. Avbøtande tiltak kan vere bruk av omsynssone og føresegner
Stadkvalitetar	+	Området består av urørt heieområde.
Blågrøn faktor	-	Melåni (21-1523-R Meleåni oppstrøms inntak Nānes og Mele kraftverk) har jf. vann-nett 'Svært dårleg' økologisk tilstand og mål om god tilstand. Tiltak kan i utgangspunktet ikkje medføre at det blir vanskelegare å oppnå god tilstand. Dam vil sperre for fiskevandring. Innan realisering av tiltaket må det konkret vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending. Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna. Vurderinga kan resultere i at tiltaket ikkje tillatast.

Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	0	Regulering av Gytjønn vil gi liten produksjon av kraft i eksisterande kraftverk, men ein kan oppnå effektkøyning.
Stråling	0	Ikkje relevant.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er naturfare i området, slik som snøskred, steinsprang og flaum.
Teknisk infrastruktur	0	Ingen aktuell VVA–infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Tiltaket vil demme opp tiliggande naturområde, og kan i nokon grad påverke friluftskvalitetane negativt (jakt, fiske).
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	0	Verdiskaping for grunneigaren sjølv. Antakeleg ikkje ringverknadar for andre næringsaktørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang. Det er viktig å vurdere moglegheiter for alternative energikjelder. NVE gav avslag på kraftverket Melefallet II i 16.11.2015. Produksjonskapasiteten vil vere avgjerande for kva lowerk tiltaket evt. skal handsamast etter. Tiltaket viser ikkje tilkomst for tilsyn eller i anleggsperioden. Tiltaket viser heller ikkje kor stort areal som blir berørt av oppdemming. Området ligg i INON-område. Tiltaket legg beslag på store areal. Basert på dei opplysningane ein har vil ein tilrå at innspelet ikkje blir teke med vidare.</p>		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje teke med i det vidare planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		



80 - Skjevrak (ABA01)	
Gnr/bnr: 49/3	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering: Vestheia ved Skjevraknuten	
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)	
Foreslått formål: Andre typar bygningar og anlegg	
Arealstorleik: 400 000 m ² (8x50 000 m ²)	
Forslagsstilar: Geir Skjevrak	
Beskriving av innspelet:	
<p>Etablering av solkraftanlegg med tilhøyrande kraftkabel i luftline på trestolpar. Solpanel veg 18 kg pr stk. og skal stå på aluminiumsstativ på bakken. Ikkje inngrep i terreng. Stativa blir flydd opp med helikopter. Kabel ned til eksisterande traktorveg som luftline. Deretter grove ned langs traktorveg ned til eksisterande småkraftverk og tilknytning der. Det er ikkje trong for veg opp, vedlikehald og ettersyn blir gjort til fots.</p>	
Beskriving av området:	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 
<p>Området er høghei med fjell i dagen.</p>	
O-alternativ:	
Området består som i dag.	

Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	---	Vil krevje framføring av straumnett i urørt fjellområde. Installasjonane vil vere synleg i landskapet då dei ligg på fjelltoppar. Store kontrastar i landskapet.
Naturmangfald	-	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	---	Urørt fjellområde
Blågrøn faktor	-	Ivareta kantsone mot småtjønner.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Lang avstand til infrastruktur. Veg og straumnett. Grøn energi.
Stråling	0	Ingen konsekvens.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Auka trafikk, men liten konsekvens.



Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Ingen naturfare.
Teknisk infrastruktur	-	Ingen aktuell kommunal VVA–infrastruktur i området. Ev. straukabeltrasear må synleggjerast plan.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	--	Arealbeslag med solcellepanel kan påverke friluftslivskvalitetane negativt (jakt/tur m.m.)
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	+	Bygging av kraftverket vil kunne gi arbeid til lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang. Det er viktig å vurdere moglegheiter for alternative energikjelder. Produksjonsmengda vil krevje handsaming etter energilova framom PBL? Området ligg i INON-område.		
Konklusjon		
Området blir teke med i planarbeidet. Konesjonsbehandling etter energilova ved NVE. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Teknisk infrastruktur		

81/37 - Storestraumen (-)		
Gnr/bnr: 36/2	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Storestraumen, Deknekanalen		
Dagens formål: Grøntområde/friluftsområde (reguleringsplan)		
Foreslått formål: Andre typar bygningar og anlegg		
Arealstorleik: 4 000 m ²		
Forslagsstillar: Jørund Kvaale Hansen/Reiårsfossen velforening v. Knut William Bygland		
Beskriving av innspelet: Innspelet om etablering av eit tredje løp for flaumsikring og vasskraftproduksjon.		
Beskriving av området: Sand- og grusførekomsten Storestraumen ligg innanfor området. Området ligg i nærleiken av eksisterande massetak. Det er i hovudsak skogsmark. Området blir brukt til beite.		
0-alternativ: Området består som i dag.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av noko areal til beite. Lettare tilgang på drikkevatt til beitedyr. Kan føre til at noko av sand- og grusførekomsten i området blir mindre tilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudliste artar eller miljøkvalitetar er registrert i området, med unntak av gaupe som trekker forbi i området.
Kulturminne og kulturmiljø	---	Deknekanalen vart grave ut for hand, men avslutta då dei kom på fjell i nordre del. Ligg tett opp til registrert kulturminne.
Stadkvalitetar	+++	Området ligg nærme Storestraumen med sin samferdselshistorie. Odden ligg fint til og det er ein stiar rundt denne. Kanalen vil vere eit positivt landskapselement i beite område, kulturlandskap.
Blågrøn faktor	-	Kantsone langs kanal må bli etablert. Tiltaket kan få både positive og negative følgjer for fisk og vassmiljø. Dette må utgreiast. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden eller Åraksfjorden.

Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	0	Ingen konsekvens.
Stråling	0	Ikkje i konflikt med høgsentline. Radonfare er ikkje relevant for dette tiltaket.
Støy og vibrasjonar	-	Noko støy i anleggsperioden. Dersom det blir anlagt vasskraftverk, kan det generere noko vedvarande støy. Det er ikkje busetnad i nærleiken.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Ikkje naturfare som snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. Det er flaumfare i området. Tiltaket er flaumsikring.
Teknisk infrastruktur	---	Utløpet av kanalen ligg ovanfor kommunalt vassinntak i Urdeviki. Ev. byggeperiode og framtidige endringar i vassføringar vil kunne påverke vasskvaliteten negativt. Konsekvensen kan bli at vassinntaket bør flyttast. Prosjektet må konsekvensutgreiast nærmare dersom tiltaket skulle bli aktuelt. Alternative vassløysingar må bli kartlagt og etablert før tiltaket ev. blir igangsett.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	+	Området ligg i nærleiken av Storestraumen og det går stiar i området. Tiltaket kan vere med på å auke kvaliteten i området med å fortelje historia om Deknekanalen.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	++	Opparbeiding av kanalen og ev. vasskraftverk vil gi arbeid for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 10, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Eit tredje løp vil verke positivt inn på flaumhøgda i Åraksfjorden. Planlagt utløp i sør endar ca 500 meter frå hovudvassinntaket til Bygland vassverk. Det er allereie utfordringar med vasskvaliteten til anlegget. Deknekanalen vil gi endra strømmingsforhold i Urdeviki, og vil kunne påverke vasskvaliteten negativt med tanke på partikkelinnhald og fargetal. Det må blir prioritert å ta omsyn til drikkevasskjelda for Byglandsbygda. I dette perspektivet er det ikkje ønskeleg å etablere kanalen. Dagens vassinntak til vassverket kan i framtida bli underkjent som barrierekrav jf lovverket. Dette betyr at vi i framtida må ha ein diskusjon om å flytte vassinntaket uavhengig av kanalen eller ikkje. Optimalt for vassverksdrifta burde nedslagsfeltet til inntaksområdet blitt klausulert for terrengtiltak. Potensialet for vasskraft ser vi som mindre grunna lite fallhøgde.		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje teke med i det vidare planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

82 - Lyngnes (ABA03)		
Gnr/bnr: 51/5	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Lyngnes mellom Bygland og Lauvdal		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Andre typar bygningar og anlegg		
Arealstorleik: 120 000 m2		
Forslagsstillar: Roar Støbet Lande		
Beskriving av innspelet: Etablering av solkraftanlegg.		
Beskriving av området: Området ligg langs rv. 9 og består av skogsmark.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	-	Legg beslag på 120 daa med produktiv skogareal av høg bonitet og som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	-	Ingen raudlisteartar eller miljøkvalitetar er registrert i området, med unntak av observert fiskeørn. Registrert miljøfigurur i skogbruksplan på utsida av tiltaksområdet på oppsida av linja i nordre del.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte kulturminne innafør området, men ligg tett opp til eit ikkje freda kulturminne – Setesdalsvegen som køyreveg.
Stadkvalitetar	-	Området består av skogsmark og er lite nytta i dag. Det er godt synleg frå rv. 9 og rasteplassen Lyngnes.
Blågrøn faktor	-	Området er lett synleg frå Byglandsfjorden og rv. 9 som ligg rett nedanfor. Kantsone mot veg bør etablerast for å dempe innsyn. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Tiltaket vil medføre delvis nedbygging av skogsareal som lagrar karbon.
Stråling	0	Ikkje relevant.
Støy og vibrasjonar	-	Noko støy i samband med etablering, men relativt langt i frå busetnad.
Luftkvalitet	-	Vil kunne føre noko ekstra trafikk, men i lite sentrale område med liten busetnad.
Sosiale faktorar		

Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Det er fare for snøskred og jord- og flaumskred i området. Det er ikkje flaumfare.
Teknisk infrastruktur	+	Området ligg nært inn til infrastruktur som veg og straum. Det er ingen kommunal WA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Området blir lite nytta som friområde.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	++	Bygging av anlegget vil kunne gi arbeid til lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp		Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang. Det er viktig å vurdere moglegheiter for alternative energikjelder. Etablering av solenergianlegg i nærleiken av eksisterande infrastruktur er i tråd med vegkart for grønt industriløft. Området er godt synleg frå veg, rasteplass og fjorden. Kantsone mot veg vil avhjelpe dette. Solenergianlegg er gjennomsnittleg klimanøytralt etter 2 år. Tiltaket vil vere konsesjonspliktig jf Energilova.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Naturfare		

57 – Kvålsåna (ABAO4)		
Gnr/bnr: 36/4	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Bygland, Kvålsåna		
Dagens formål: LNF (kommuneplan)		
Foreslått formål: Andre typar bygg og anlegg (vasskraftverk)		
Arealstorleik: 5 700 m ²		
Forslagsstillar: Knut Sigurd Haugå		
Beskriving av innspelet: Etablering av vasskraftverk.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Sand- og grusførekosten Bygland ligg innanfor området. Området består av skogsmark og ligg nærme eksisterande landbruksbygning, skogsbilveg og Kvålsåna. Det er fast busetnad og idrettsanlegg i nærleiken.		
O-alternativ: Området består som i dag,		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Mogleg endra landskap for framføring av rørgate og redusert kantsone langs vassdrag. Redusert vassføring i elva.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	--	Tiltaket vil påverke vasstand, som igjen påverkar naturskjønneheit med tanke på friluftsliv. Tiltaket vil føre til redusert vassføring forbi badeplass i elva og i fossen.
Blågrøn faktor	--	Oppretthalde mest mogleg av kantevegetasjon. Kvålsåna (021-1525-R) er i vann-nett er registrert med svært god tilstand. Mogleg påverknad på vandringsveggar for fisk og eventuelle gyteområde. Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending. Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna. Vurderinga kan resultere i at tiltaket ikkje tillatast. Avbøtande tiltak kan eksempelvis være anlegg for 2-veis fiskevandring mv.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Nedbygging av skog medfører co2-utslepp. Noko utslepp ved bygging, men det blir vegd opp gjennom levetida for kraftverket.
Stråling	-	Området ligg i nærme høgspenline. Radon er ikkje relevant,
Støy og vibrasjonar	--	Det vil vere noko støy i anleggsperioden. Støy frå kraftverk må bli ivaretatt i samband med bygging og drift
Luftkvalitet	-	Kan oppstå noko negativ konsekvens i byggeperioden.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking,	0	Ikkje relevant.



inkludering og trivsel		
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Det er flaum og snøskredfare i området.
Teknisk infrastruktur	-	Tiltaket ligg i ytterkant av kommunal VA-infrastruktur. Ev. behov for kommunal VA vil vere mogleg å knytte til.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Tiltaket vil føre til redusert vassføring forbi badeplass i elva og i fossen.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	++	Bygging av kraftverket vil kunne gi arbeid til lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Kommuneplanen sin samfunnsdel skisserer også behovet for å støtte opp om effektiv energibruk.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er positivt å utnytte naturressursen og støtte opp om effektiv energibruk. Tiltaket kan ha konsekvens for vandringsveggar for fisk og eventuelle gyteområde. Det vil også ha konsekvens for området nedstrøms som blir nytta som badeplass. Tiltaket fordrar samarbeid med eigar på aust-sida av elva. Uttak av sand- og grusførekomstar så nær elva vurderast som lite aktuelt.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering dersom tiltaket ikkje viser seg å vere konsesjonsbelagt.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Støy Naturfare Vassforskriftas §12		

67 – Sandvatn (ABA05)		
Gnr/bnr: 43/1	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Jordalsbø, Sandvatn		
Dagens formål: LNF/fritidsbustad/vasskraftverk (kommuneplan)		
Foreslått formål: Andre typar bygg og anlegg (vasskraftverk)		
Arealstorleik: 16 000 m ²		
Forslagsstillar: Bergtor Haugå		
<p>Beskriving av innspelet: Etablering av vasskraftverk. Området er delvis LNF-område og delvis framtidig fritidsbustadområde i tillegg til at det ligg som framtidig vasskraftverk i gjeldande kommuneplan, men med ein litt annan trase. Altså ei tilnærma vidareføring frå gjeldande plan.</p> <p>NVE har gjort vedtak på at tiltaket er konsesjonspliktig.</p>		
<p>Beskriving av området: Området er skogsmark og heieområde og ligg nærme Sandvatn. Det går skogsbilveg gjennom området.</p>	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p>	
<p>0-alternativ: Området består som i dag.</p>		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Mindre konsekvensar dersom vilkår om skånsamt inngrep, bygging og istandsetting etter bygging.
Naturmangfald	-	Området delvis ligg i område for villrein og gytebekk for fisk m.m. Arealet ligg utanfor omsynszone for villrein i Heiplanen.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte kulturminne, men ligger tett opp til kulturminne som er støylsområde.
Stadkvalitetar	+++	Området blir nytta som friluftsområde og det er etablert spreidd fritidsbusetnad i nærleiken.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Sandvatn bør bli bevart i størst mogleg grad. Røygate blir godt synleg til den gror igjen. Kan moglegvis også påverke Vøylevatnet (021-8214-L), der det i vannnett er registrert med moderat økologisk tilstand og mål om å oppnå god tilstand. Innan realisering av tiltaket må det vurderast om vassforskrifta §12 kjem til anvending. Tiltakshavar kan bli pålagt å oppfylle vilkår jf. andre ledd i føresegna. Vurderinga kan resultere i at tiltaket ikkje tillatast.



Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Auka trafikk i anleggsperioden.
Stråling	--	132kV og 420kV kraftline kryssar området.
Støy og vibrasjonar	--	Det vil vere noko støy i anleggsperioden. Støy frå kraftverk må bli ivarettatt i samband med bygging og drift.
Luftkvalitet	-	Kan oppstå noko negativ konsekvens i byggeperioden.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	-	Røyrgate blir godt synleg til den gror igjen.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Det er ikkje naturfare slik som snøskred, steinsprang, jord- og flaumskredfare eller flaumfare.
Teknisk infrastruktur	0	Ingen kommunal VVA i området. Dette er lite relevant for tiltaket.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Ved store inngrep i naturen vil dette kunne kome i konflikt med friluftsliv, då det ligg skitråse i området. Skitråse ligg langs veg og det vil vere naturleg å ta omsyn til dette.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	++	Bygging av kraftverket vil kunne gi arbeid til lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Kommuneplanen sin samfunnsdel skisserer også behovet for å støtte opp om effektiv energibruk
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er positivt med utbygging av vasskraft ut i frå klima og miljø. NVE har vedteke, i brev datert 21.08.2014, at kraftverk i området må ha konsesjon pga. at område delvis ligg i område for villrein og gytebekk for fisk m.m. Vasskraftverk med planlagt effekt under 1 MW, skal bli behandla etter plan- og bygningslova jf. NVE.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Naturmangfald Vassforskriftas §12		

5.4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur



5.4.1 Parkering

28 – Haugetveit (-)		
Gnr/bnr: 23/2 og 33/13	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Åraksbø, Haugetveit		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: Parkering		
Arealstorleik: 1 500 m ²		
Forslagnsstillar: Olav Haugetveit		
Beskriving av innspelet: Det er skilt i frå to eigedomar, 23/2 og 33/13 som opprinneleg vart bygd for dagsparkering i samband med vinterutfart. Innspel om endring av føresegn for offentleg område for dagsparkering til kombinert dag- og langtidsparkering på bakgrunn av lite bruk i forhold til arealstorleik.		
Beskriving av området: Parkeringa er eigd av kommunen og vart opprinneleg bygd for dagsparkering. Området er eit statleg sikra friluftsområde	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
		
0-alternativ: Området består som dagsparkering.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Endrar ikkje forholda på staden ut over eventuelt fleire bilar som står parkert.
Naturmangfald	0	Endrar ikkje forholda på staden ut over eventuelt fleire bilar som står parkert. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	+++	Området er innfallspott til heieområde med hytter og er avsett til parkeringsområde.
Blågrøn faktor	0	Ikkje relevant.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	I samband med parkering kan det vere ein mindre risiko for lekkasje til grunnen.
Stråling	0	Ikkje i konflikt med høgspenning. Radon moderat til låg, men ikkje relevant for denne type tiltak.
Støy og vibrasjonar	-	Auka bruk av parkeringsplassen vil medføre noko meir støy.
Luftkvalitet	-	Auka bruk av parkeringsplassen vil medføre noko meir svevestøv og biltrafikk.
Sosiale faktorar		



Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	-	Ved å redusere det kommunale parkeringsarealet slik at hyttefolk og grunneigarar får rett til langtidsparkering på kommunal parkeringsplass, vil det gi ålmenta tilgang til færre dagparkeringsplassar som igjen kan redusere moglegheita for å nytte området som rekreasjonsområde, særleg på vinteren.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	+	Det er ikkje fare for skred eller flaum i området. Tiltaket kan gi betre framkomst i t.d. beredskapssituasjonar.
Teknisk infrastruktur	0	Ingen konsekvens.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ingen konsekvens.
Naturområde og friareal	0	Ingen konsekvens.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	-	Arealet er opparbeida med offentlege tilskotsmidlar. Ei tilrettelegging for langtidsparkering i kommunal regi kan undergrave private næringsinitiativ i høve tilbod på hytteparkering og ev. skuterparasjar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området er statleg sikra friluftsområde og skal vere offentleg tilgjengeleg. Ev. tilrettelegging for langtidsparkering i kommunal regi kan undergrave private næringsinitiativ i høve tilbod på hytteparkering og ev. skuterparasjar. Området består som offentleg dagparkering.		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje teke med vidare i planarbeidet. Området blir lagt inn i kommuneplanen som offentleg parkeringsområde for dagparkering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

105 – Tangen (P01)		
Gnr/bnr: 39/3	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Jordalsbø, Tangen		
Dagens formål: LNF (kommuneplan)		
Foreslått formål: Parkering		
Arealstorleik: 1 200 m ²		
Forslagsstillar: Administrasjonen		
Beskriving av innspelet: Området blir nytta til parkering i dag (spesielt vinter). Tilrettelegging for bruk av turområde.		
Beskriving av området: Området er planert og ligg i eit område med fritidsbustadar. Området er utgangspunkt for oppkøyring av skiløyper.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
0-alternativ: Området blir verande som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Ingen konsekvens.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	+++	Området ligg inntil fine turområde som blir nytta av innbyggjarar og tilreisande.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot bekk/bekkesig bør bli ivaretatt. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i nærliggande vannførekomstar.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	I samband med parkering kan det vere ein mindre risiko for lekkasje til grunnen.
Stråling	0	Ikkje i konflikt med høgspenline. Radonnivå ikkje relevant for parkeringsplass.
Støy og vibrasjonar	0	Området blir nytta som parkeringsplass i dag, og det er ikkje forventa auke i biltrafikk langs innfartsvegen.
Luftkvalitet	0	Området blir nytta som parkeringsplass i dag, og det er ikkje forventa auke i biltrafikk langs innfartsvegen.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ingen konsekvens.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ingen konsekvens.
Samfunn og livsstilsfaktorar		



Risiko og sårbarheit	0	Ikkje naturfare slik som snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred eller flaumfare.
Teknisk infrastruktur	0	Ingen kommunal VVA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	++	Betre tilrettelegging for å kunne nytte tilliggjande friluftsområde.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	0	Ingen konsekvens.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området blir nytta som utgangspunkt for friluftsliv. Det blir køyrt skiløyper i området. Desse blir nytta av både innbyggjarar og tilreisande. Det bør blir gjort ei vurdering av storleiken på arealet med omsyn til talet på hyttar (dagens og framtidige) som kan ha nytte av området saman med dagsparkering.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Avgrensing av området.		

132 – Rakkenes (P02)		
Gnr/bnr: 54/1	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Rakkenes		
Dagens formål: LNF/parkering (strandsonenplanen)		
Foreslått formål: Parkering		
Arealstorleik: 1 200 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: Utviding av parkeringsareal som ligg i gjeldande strandsonenplan.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området er eit attraktivt område for bading og strandliv. Det blir parkert på begge sider av rv. 9 i dag.		
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av produktivt skogbruksareal av høg bonitet som er lett tilgjengeleg.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ligger i nærleiken til eit automatisk freda kulturminne. Avklare med kulturminneavdelinga. Avbøtande tiltak vil vere omsynssone og føresegner.
Stadkvalitetar	+++	Det er eit attraktivt område med fin sandstrand og moglegeiter for bading og strandliv. Området er lett tilgjengeleg frå rv. 9.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot Byglandsfjorden bør bli ivaretatt. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	0	Ingen konsekvens.
Stråling	0	Ikkje i konflikt med høgspenteleine. Radonfare er ikkje relevant for tiltaket.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.

Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Snøskredfare, ikkje steinsprangfare eller jord- og flaumskredfare. Det er flaumfare innafor området. Tiltaket vil vere positivt med omsyn til trafikktryggleik.
Teknisk infrastruktur	0	Ingen kommunal VVA-infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	++	Ei betre tilrettelegging for parkering vil gje fleire tilgang til området.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	0	Moglege positive ringverknadar for reiselivsbransjen, men antakeleg ikkje den store verdiskapinga sett i den store samanhengen.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	+	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Tiltaket ligg inne i Strandsonenplanen, og området er i så måte avklart. Området blir mykje brukt som friluftsområde og ligg lett tilgjengeleg frå rv. 9. Flaumfaren som er i området har mindre å seie for dagsparkering.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

135 – Åraksbø (P03)		
Gnr/bnr: 29/1	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Åraksbø		
Dagens formål: LNF (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Parkering		
Arealstorleik: 200 m2		
Forslagsstillar: Bygland kommune/Åraksbø båtforening		
Beskriving av innspelet: Etablere område for parkering i samband med bruk av båtbyggja..		
Beskriving av området: Området ligg mellom fv3804 og dyrka mark i nærleiken av etablert båtbyggje. Det er fast busetnad og fritidsbusetnad i nærleiken. Området er i eit kulturlandskap med fjorden på nedsida.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Ingen konsekvens.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller særskilte miljøkvalitetar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Området ligg innafør definert område for kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Tiltaket er relativt lite og er ikkje i strid med retningslinene i Riksantikvaren sin rapport.
Stadkvalitetar	++	Området ligg i nærleiken av etablert båtbyggje som bli nytta av innbyggjarane i Åraksbø. Området er lett tilgjengeleg frå fv3804.
Blågrøn faktor	0	Ingen konsekvens.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	I liten grad utslepp. Kan vere risiko for forureining frå parkerte bilar.
Stråling	-	Det er høgspenningline innafør området. Radonfare er ikkje relevant for tiltaket.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking,	0	Ikkje relevant.



inkludering og trivsel		
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje snøskredfare, steinsprangfare eller jord- og flaumskredfare. Det er flaumfare innafor området. Tiltaket vil vere positivt med omsyn til trafikktryggleik.
Teknisk infrastruktur	-	Ingen kommunal VVA-infrastruktur i området. Det er eit kommunalt infiltrasjonsanlegg like aust for området. Det er viktig å ta omsyn til dette ved etablering av tiltaket.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	++	Ei betre tilrettelegging for parkering vil gje fleire tilgang til området.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	+	Moglege positive ringverknadar for reiselivsbransjen, men antakeleg ikkje den store verdiskapinga sett i den store samanhengen.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Alle innbygarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området blir mykje brukt som friluftsområde og ligg lett tilgjengeleg frå rv. 9. Flaumfaren som er i området har mindre å seie for dagsparkering.		
Konklusjon		
Tiltaket blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Avklare avkøyrse med vegmynde		

138 – Åraksbø (-)		
Gnr/bnr: 30/15	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Åraksbø		
Dagens formål: LNF (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Parkering		
Arealstorleik: 800 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune		
Beskriving av innspelet: Behov for parkeringsareal for Sandnes kyrkje. Det er etablert bruk som opplagsplass for landbruksutstyr og avkøyring til dyrka mark.		
Beskriving av området: Området ligg mellom fv3804 og dyrka mark. Området ligg nærme kyrkjestaden. Området er i eit kulturlandskap med fjorden på nedsida.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av uproduktiv skogsmark.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området
Kulturminne og kulturmiljø	0	Området ligg innafør definert område for kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Tiltaket er relativt lite og er ikkje i strid med retningslinene i Riksantikvaren sin rapport.
Stadkvalitetar	0	Området ligg nærme fjorden og kulturlandskapet, men det har mindre betydning for ein parkeringsplass. Området blir nytta som opplagsplass og tilkomst for landbruksdrift.
Blågrøn faktor	0	Ingen konsekvens.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	I liten grad utslepp. Kan vere risiko for forureining frå parkerte bilar.
Stråling	-	Høgspenning går tett inntil området. Radonfare er ikkje relevant for tiltaket.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		

Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje snøskredfare, steinsprangfare eller jord- og flaumskredfare. Det er delvis flaumfare innfor området. Tiltaket vil vere positivt med omsyn til trafikktryggleik.
Teknisk infrastruktur	-	Reduserer trafikk inn i bygda Åraksbø. Det er ei relativt bratt stigning frå parkeringsplassen til kyrkja. Dette kan utfordre kravet til universell utforming med omsyn til terreng og kostand.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	0	Ingen konsekvens.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	0	Ingen konsekvens.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbyggarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Det er positivt å fjerne dagens parkering langs bygdevegen og flytte parkeringa til område ved fv3804. Det vil minske trafikken inn i bustadområdet. Det er stigning frå foreslått parkeringsområde til kyrkja, noko som kan utfordre tilgjengelegheit for alle. Dagens moglegheit for å køyre ned til kyrkja frå bygdevegen bør bestå for nødvendig transport gjerne med etablering av hc-parkering på austsida av kyrkjegarden. Det foreslåtte området er allereie teke i bruk, så etablering av parkeringsplass vil i liten grad skape endra bruk. Dagens bruk bør kunne kombinerast med parkering for kyrkja. Grunneigar har fått førespurnad om endra bruk av området. Grunneigar ønskjer ikkje å endre bruken av området.</p>		
Konklusjon		
Området blir ikkje teke med vidare i planarbeidet. Kommunen ønskjer å utvikle område i samarbeid med grunneigarane.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

5.5 Landbruks-, natur- og friluftsområde

5.5.1 LNF spreidd fritidsbustad

31 – Hovatn (-)		
Gnr/bnr: 21/14		
Stad/plassering: Hovatn sør		
Dagens formål: LNF (kommuneplanen)		
Foreslått formål: LNF spreidd fritidsbustad		
Arealstorleik: Ukjent		
Forslagsstillar: Per Vassbotn		
<p>Beskriving av innspelet:</p> <p>Ønsker å endre formål for hyttetomt til LNF spreidd fritidsbustad.</p> <p>Administrasjonen foreslår å vurdere å sette av eit større område som LNF spreidd fritidsbustad.</p>		
<p>Beskriving av området:</p> <p>Det er nokre hytter i området i dag. Området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. Området ligg nærme Hovassvegen og ca 6,5 km frå Åraksbø.</p>		
<p>0-alternativ:</p> <p>Området består som i dag.</p>		
<p>Kart med innspelet</p> 		
<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Tap av uproduktiv skog.
Naturmangfald	0	Området ligg innafor villreinen sitt leveområde jf. naturbasen. Området ligg i omsynssone bygdeutvikling i Heiplanen. Forhold opp mot villreinen vurderast som avklart. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.



Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	+++	Naturskjønt område tett på Hovatn. Det er etablert skogsbilveg inn til området.
Blågrøn faktor	0	Ingen konsekvens.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	0	Ingen konsekvens.
Stråling	---	Høg fare for radon, nye tiltak må etablerast i samsvar med TEK 17 § 13-5. Ikkje i konflikt med høgspenline.
Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	--	Ligg ikkje ved brøyta bilveg. Auka transportbehov i utmark for framtidig tilsyn og bruk av fritidsbustad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Det er ikkje naturfare slik som snøskred, steinsprang, jord og flaumskredfare. Flaumfaren i Hovatn er knytt opp til høgda på Hovassdammen.. Det er opplyst frå Otteraaens brugseierforening at 1000-års flaum er 691,13 moh. Desse verdiane er godkjent av NVE 24.9.2007.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VA-infrastruktur i området. Hyttebygging utan vinterbrøyta veg utfordrar naudetatane sin tilkomst.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	Dersom ein tillet utviding av område heilt ned til vasskanten vil det medføre redusert tilgang for ålmenta langs vatn. Avbøtande tiltak vil vere å behalde eit grønt belte langs vatn.
Transportbehov	0	Ingen konsekvens.
Konsekvensar for næringslivet	+	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	--	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Det er ei overordna føring at nye område for LNF spreidd utbygging ikkje blir innarbeidd i planen.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er fleire eksisterande hyttar i nærleiken. Sjølv om arealet er relativt lite, så har forslaget same utfordringar som større forslag i området. Slik som vinter – og sommarparkering. Det er ønskjeleg at fritidsbustadområde med fleire hytter utarbeider reguleringsplan slik at fleire omsyn kan bli ivareteke. Det er stor grad av hytter som ligg spreidd i kommunen, det er ikkje funne tid til å gjere ei heilskapleg vurdering av dette i planarbeidet.		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje teke med vidare i planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

93 – Hovatn (-)		
Gnr/bnr: 22/27	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Hovatn sør		
Dagens formål: Fritidsbusetnad (kommuneplanen)		
Foreslått formål: LNF spreidd fritidsbusetnad		
Arealstorleik: 7 000 m ²		
Forslagsstillar: Dagfinn Borgi		
Beskriving av innspelet: Innspelet om å legge til rette for 2 hytter ved å avsette området til LNF spreidd fritidsbusetnad. Området er ein del av område for framtidig fritidsbusetnad i gjeldande kommuneplan.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Det er nokre hytter i området i dag. Området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. Området ligg nærme sommarbilveg og ca. 5 km frå Åraksbø.		
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Ingen konsekvens.
Naturmangfald	0	Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar er registrert i området
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	+	Området ligg nærme regional høgspenning og damanlegg. Heieområda er lett tilgjengelege.
Blågrøn faktor	0	Ingen konsekvens.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Ligg ikkje ved brøyta bilveg. Auka transportbehov i utmark for oppsetting av hytte og framtidig tilsyn og bruk av fritidsbustad.
Stråling	---	Ligg i nærleiken av høgspenning og 420 kV line. Høg aktsemd for radonfare. Sikring mot radon må bli ivarettatt i samband med bygging



Støy og vibrasjonar	0	Ingen konsekvens.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ikkje relevant.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	0	Ikkje naturfare slik som jord- og flaumskred, snøskred eller steinsprang.
Teknisk infrastruktur	--	Ingen kommunal VVA- infrastruktur i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	0	Ingen konsekvens.
Transportbehov	-	Det vil bli noko auka transportbehov.
Konsekvensar for næringslivet	+	Auka hytteturisme kan få positive ringverknadar for det lokale næringslivet, då spesielt handels-, opplevings- og reiselivsbransjen. Bygging av nye hytter kan også vere positivt for lokale entreprenørar.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	--	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Det er ei overordna føring at nye område for LNF spreidd utbygging ikkje blir innarbeidd i planen
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Det er fleire eksisterande hyttar i nærleiken. Det er spela inn eit framtidig større fritidsbustadområde på austsida. Utvikling av området bør sjåast i samanheng med både eksisterande hytter og nye utbyggingsområde. Sjølv om arealet er relativt lite, så har forslaget same utfordringar som større forslag i området. Slik som vinter – og sommarparkering. Andre hytter i området har heller ikkje definerte rammor med tanke på ev. utbygging m. v. Desse rammene kan kome på plass i ein felles detaljplan for området. Det er stor grad av hytter som ligg spreidd i kommunen, det er ikkje funne tid til å gjere ei heilskapleg vurdering av dette i planarbeidet.</p>		
Konklusjon		
Området blir ikkje teke med vidare i planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		

5.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag

5.6.1 Småbåthamn

15 – Bø (SH05)		
Gnr/bnr: 66/1	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Bø		
Dagens formål: Småbåthamn/Bruk og vern av sjø og vassdrag (strandsonenplanen)		
Foreslått formål: Småbåthamn		
Arealstorleik: 130 m2		
Forslagsstillar: Kjersti Plathe		
Beskriving av innspelet: Innspelet om å flytte området for båthamn/bryggje mot eigedomsgrense i sør grunna betre le mot vinden.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området ligg vendt mot nordaust og inntil dyrka mark. Området blir nytta til båtbyggje i dag.		
0-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Ingen konsekvensar for landbruket.
Naturmangfald	-	Tiltaket vil medføre redusert kantsone mot Byglandsfjorden. Det er observert 2 stk. tårnseilere i 2011.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	+++	Det ligg fleire bryggjer i nærliggande område i dag, og plasseringa gjev fin tilgang til fjorden. Det er eit vegetasjonsbelte som skjermar mot den dyrka marka.
Blågrøn faktor	-	Bevare mest mogleg vegetasjon mellom båtbyggje og dyrka mark. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	0	Liten konsekvens.



Stråling	0	Ingen konsekvens.
Støy og vibrasjonar	-	Litt støy frå båtar, men området blir allereie brukt til ilandkøyring.
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	0	Ingen konsekvens.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	0	Ikkje relevant.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje naturfare slik som steinsprang og jord og flaumskred. Det kan vere ein minimal fare for snøskred, men tiltaket ligg heilt i utkanten av det avmerka området og ei bryggje vil ikkje vere i bruk om vinteren, slik at fare for menneske og materiell blir vurdert som heilt minimal. Det er flaumfare i området.
Teknisk infrastruktur	0	Ingen konsekvens.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	0	Ingen konsekvens.
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Konsekvensar for næringslivet	0	Ingen konsekvens.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp		
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Alle private bryggjer reduserer ålmenta sin tilgang til strandsona. På den andre sida er dette ein landbrukseigedom som har eigedomsrett med mellom anna fiskerettar i fjorden. For å kunne gjere seg nytte av landbrukseigedomen sine rettar er det naudsynt med ein båt/bryggjeplass. Denne type tiltak er difor langt på veg eit tiltak i samsvar med LNF-området på land og i vatn, og dette gjeld også endra plassering av ei bryggje som allereie er godkjent i Strandsoneplanen. Det bør settast vilkår for kor stor brygga kan vere, krav til materiale mm, dvs. vidareføre krav til bryggjer som går fram av Strandsoneplanen.</p>		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Flaumfare Krav til materialbruk mm.		

47 – Grendi (SH06 og SH07)		
Gnr/bnr: 57/3	<p>Kart med innspelet</p> 	
Stad/plassering: Grendi		
Dagens formål: Småbåthamn/Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Småbåthamn		
Arealstorleik: 400 m2		
Forslagsstillar: Siri Lande		
Beskriving av innspelet: Etablering av offentleg båthamn i Grendi sentrum. Området er offentleg eigd.		
Beskriving av området: Området er lett tilgjengeleg for fastbuande og besøkjande. Det ligg nærme rv. 9 og blir delvis nytta til båtbyggje i dag. Tilgrensande område har formål friområde.	<p>Flyfoto med kommuneplanen og innspelet</p> 	
O-alternativ: Området består som i da, men utan tilgang til båtbyggje.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Ingen konsekvens.
Naturmangfald	0	Tiltaket vil medføre redusert kantsone mot Byglandsfjorden. Ingen raudlista artar eller miljøkvalitetar registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte kulturminne i fjorden, men tilkomsten til området vil truleg røre eit ikkje freda veganlegg. Dette må bli avklart med kulturminneavdelinga.
Stadkvalitetar	+++	Området ligg i nærleiken av den gamle butikken med operative drivstoffpumper i Grendi. Området er lett tilgjengeleg for fastbuande og tilreisande.
Blågrøn faktor	-	Bevare mest mogleg vegetasjon mellom rv. 9 og båtbyggje. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Byglandsfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Noko klimautslepp ved utbygging. Tiltaket vil medføre båttrafikk og risiko for utslepp frå båtane.
Stråling	0	Ikkje relevant.

Støy og vibrasjonar	-	Området kan bli påverka av støy frå rv. 9, bør vurdere buffersone mot rv. 9.
Luftkvalitet	0	Liten konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Tiltaket vil kunne auke attraktiviteten til Grendi som bumiljø, og det vil leggje til rette for auka friluftsliv på fjorden.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Båtlivet er ein viktig aktivitet for fastbuande og besøkjande. Å legge til rette for båt plass gjev moglegheit for deltaking og det gjev fleire tilgang til å ha båt på fjorden.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	--	Det er ikkje naturfare slik som snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. Det er flaumfare i området. Det bør bli vurdert å redusere fartsgrensa på rv. 9 grunna kryssing av veg.
Teknisk infrastruktur	-	Innkøyringa til arealet må skje over kommunal grunn. Der må planleggjast parkeringsplass og eigna avkøyring til rv. 9. Dette bør detaljplanleggjast. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med kommunalteknisk infrastruktur utover dette. Det er positivt dersom ein kan få formalisert bruken av området betre med Bygland kommune som grunneigar.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	+	Tiltaket vil gje fleire tilgang til å nytte fjorden.
Transportbehov	-	Det vil medføre noko meir trafikk. Det ligg til rette for tilkomst kollektivt eller ved sykkel/gange.
Konsekvensar for næringslivet	0	Relativt liten konsekvens, men det er mogleg den lokale bensinstasjonen vil auke omsetninga litt på sal av bensin til båtfolk. Det vil uansett gi ingen sannsynleg auke i arbeidsplassar, og berre ei marginal auke i verdiskaping.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp		Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbygarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Det er positivt for kommunen som grunneigar, å legge til rette eit bryggjeområde for innbygarane i Grendi. Det må bli etablert godkjent avkøyring frå rv. 9 og parkeringsplass. Området bør sjåast i samanheng med odden på nordsida, som eit attraktivt friområde for Grendi. Områda bør bli detaljregulert med formål om utvikling av friområde for innbyggjarar og besøkjande.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. Det blir krav om detaljregulering der både friområdet og bryggjeområda inngår.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Flaumfare Teknisk infrastruktur		

93 – Austadneset (SH08)		
Gnr/bnr: 13/5 og 13/15	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Ose, Austadneset		
Dagens formål: LNF (standsoneplanen)		
Foreslått formål: Småbåtanlegg		
Arealstorleik: 4 500 m ²		
Forslagsstillar: Knut Gakkestad og Dagfinn Borgi		
Beskriving av innspelet: Tilrettelegging for småbåtanlegg for fastbuande og besøkjande. Det er ei form for led rett på utsida av der bryggeområde er tenkt. Her er det båtrafikken går, grunna dei store sandbankane i tilknytning til Osefeti. Av den grunn er det vurdert slik at det er betre med eit bryggeanlegg langs land, men med brygge ut over vatnet, og med tilhørande utliggarar for båtar å ligge langs.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet 	
Beskriving av området: Område er søvndt og består av strandsone med kantvegetasjon. Området er lett synleg frå rv. 9.		
O-alternativ: Kommunen har regulert eit nærliggande område til framtidig forbetring/utbygging av VA-infrastruktur for Ose og omheng. Det kan vere aktuelt og nyttig å etablere utsleppsplass for båt i den samanheng basert på kommunalt behov.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	-	Kulturlandskapet består av strandsone med kantvegetasjon. Området er stort og vil bli godt synleg frå vestsida av fjorden. Ei avgrensing av arealet vil dempe inntrykket av nedbygging.
Naturmangfald	-	Det er registrert fjelljamne (plante) i strandsona, men denne er ikkje ein truga art. Det er registrert bleke i nærleiken av området, som er registrert som nært truga.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne.
Stadkvalitetar	++	Området ligg nærme Åraksfjorden med sine kvalitetar. Det er skogsområde i nærleiken og kort veg til heieområda. Området er lite nytta i dag.
Blågrøn faktor	-	Kantsone mot vatn må bli ivaretatt. Det er ikkje dokumentert viktig gyteområde for bleke i området. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Åraksfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	--	Noko klimautslepp ved utbygging. Tiltaket vil medføre båtrafikk og risiko for utslepp frå båtane.

Stråling	0	Ingen konsekvens.
Støy og vibrasjonar	-	Noko støy i samband med båttrafikk.
Luftkvalitet	-	Noko auka biltrafikk, men i så lite grad at det ikkje vil påverke luftkvaliteten i særleg grad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	++	Området ligg sørvendt. Det er kort veg til eksisterande bustadområde på Austad og til Ose sentrum. Badestranda i sør blir litt brukt. Tilgang på båtplass aukar attraktiviteten for å bu i kommunen. Båtliv aukar moglegheit for friluftsliv. Å nytte grøntarealet langs strandsona til etablering av tursti vil gjere området tilgjengeleg for alle.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	+	Båtlivet er ein viktig aktivitet for fastbuande og besøkjande. Å legge til rette for båtplass gjev moglegheit for deltaking og det gjev fleire tilgang til å ha båt på fjorden.
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Ikkje naturfare slik som snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Det er flaumfare i området.
Teknisk infrastruktur	+	Nærliggande område er vurdert som fornuftig med tanke på framtidig VA – infrastruktur for Ose med omheng. Det vil også vere eit utgangspunkt for evt. drikkevasskjelde til Åraksbø med sjøkabel. Området ligg nærme fv 3804 og 3806. rv. 9 ligg også i nærleiken. Det er straumforsyning og fiber i området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	++	Tilrettelegging av båtbrygge aukar moglegheita for rekreasjon og friluftsliv på Åraksfjorden. Det er tilgang på skogsområde og heieområde.
Transportbehov	-	Det vil medføre meir trafikk. Det ligg til rette for tilkomst kollektivt eller ved sykkel/gange.
Konsekvensar for næringslivet	+	Mogleg etablering av arbeidsplassar eller tilleggsnæring.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbyggarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Tilrettelegging av småbåtanlegg er positivt for utviklinga av området. Ved å legge denne i nærleiken av veg og offentleg VA-anlegg, så kan fleire få tilgang til å nytte anlegget. Det bør også leggest til rette for båtslepp. Det er positivt med tilrettelegging av tursti langs fjorden for å unngå privatisering og legge til rette for turgåing, men det er viktig å ta vare på kantsona for å unngå erosjon.		
Konklusjon		
Området blir teke med i planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Flaumfare Bevare kantsone		

135 – Åraksbø (SH09 og SH10)		
Gnr/bnr: 27/10	Kart med innspelet	
Stad/plassering: Åraksbø, Moloen		
Dagens formål: LNF/Småbåthamn (strandsoneplanen)		
Foreslått formål: Småbåthamn		
Arealstorleik: 2 300 m ²		
Forslagsstillar: Bygland kommune/Åraksbø båtforening		
Beskriving av innspelet: Utvide område avsett til bryggjeanlegg til å inkludere odden. Området blir disponert av Åraksbø båtforening i dag. Det er aktuelt å utvide talet på båtplassar med flytebryggje mellom moloen og fv3804.	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
Beskriving av området: Området blir nytta som båtbryggje i dag. Det er lett tilgjengeleg for fastbuande og tilreisande.		
O-alternativ: Området består som i dag.		
Tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnæring	0	Ingen konsekvensar. Sprengsteinfylling frå fylkesveg ned til vasskant i dag. Liten eller ingen vegetasjon.
Naturmangfald	0	Ingen raudliste artar eller særskilte artar er registrert i området.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Området ligg innafør definert område for kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Tiltaket er relativt lite og er ikkje i strid med retningslinene i Riksantikvaren sin rapport.
Stadkvalitetar	+++	Området er båtbryggje for innbyggjarane i Åraksbø i dag. Det er ein samlingsplass for bygda og den ligg i gangavstand frå store delar av busetnaden.
Blågrøn faktor	-	Auka småbåttrafikk kan gi risiko for auka utslepp av bensin, olje mv. til vassførekomsten. Det vurderast at vassforskrifta §12 ikkje kjem til anvending da tiltaket ikkje i seg sjølv vil kunne føre til forverring av tilstanden i Åraksfjorden.
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	-	Auka småbåttrafikk vil gi auka utslepp av klimagassar. I framtida vil det bli ei elektrifisering av båtar også.
Stråling	0	Ingen konsekvens.

Støy og vibrasjonar	-	Auka tal på båtar vil gje noko meir støy frå båttrafikk, men det er god avstand til busetnaden.
Luftkvalitet	-	Noko auka biltrafikk, men i så lite grad at det ikkje vil påverke luftkvaliteten i særleg grad.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Området ligg vestvendt. Det er kort veg til eksisterande bustadområde i Åraksbø. Tilgang på båtplass aukar attraktiviteten for å bu i kommunen. Båtliv aukar moglegheit for friluftsliv.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	++	Båtlivet er ein viktig aktivitet for fastbuande og besøkjande. Å legge til rette for båtplass gjev moglegheit for deltaking og det gjev fleire tilgang til å ha båt på fjorden
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	Ikkje naturfare slik som snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Det er flaumfare i området.
Teknisk infrastruktur	-	Der er ikkje ført fram kommunal VA-infrastruktur til området.
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	++	Tilrettelegging av båtbyggje aukar moglegheta for rekreasjon og friluftsliv på Åraksfjorden.
Transportbehov	-	Det vil medføre meir trafikk. Det ligg til rette for tilkomst ved sykkel/gange for dei fastbuande i området.
Konsekvensar for næringslivet	0	Liten konsekvens.
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbygarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
Området er allereie i bruk som båtbyggje, i tillegg til at det fungerer som sosial møteplass for bygda. Ei utvikling av området vil gje fleire tilgang til båtplass nær busetnad.		
Konklusjon		
Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		
Flaumfare		